

ØYVIND STRØMMEN

Marta Steinsvik og anti-katolisismen

MASTEROPPGÅVE I RELIGIONSVITENSKAP, VÅR 2015

AHKR, UNIVERSITETET I BERGEN



Abstract

Through lectures and a highly publicized trial, the former anthroposopher Marta Steinsvik became a key figure in Norwegian anti-Catholicism in 1920s.

This study contextualises her main anti-Catholic work, *Sankt Peters himmelnøkler* (St. Peter's Keys to Heaven), looking at the debates on the Catholic church in Norway throughout the 1920s, as well as on the intertextual relationship between Steinsvik's writings and earlier anti-Catholic works, primarily works produced in Victorian England, by nativist American writers in the 19th century and by German writers involved in the *Kulturkampf*. The study shows how Steinsvik conveyed internationally well-known anti-Catholic propaganda, stereotypes and conspiracy theories to a Norwegian audience.

Furthermore, the study explores the debates surrounding the Norwegian constitutional ban against the Jesuit order, a ban which was upheld by parliament in 1925, and which remained part of the Norwegian constitution until 1956. A final chapter looks at modern-day Norwegian anti-Jesuitism and conspiracy culture, and at the use of Steinsvik's writings within this framework.

Innhaldsoversikt

Abstract	2
Innhaldsoversikt	3
Kapittel 1: Innleiing	5
Eit intervju i <i>Aftenposten</i>	5
Problemstilling.....	6
Om å møta tekstar	7
Intertekstualitet	9
Norsk katolisisme fram mot 1930.....	11
Jesuittarparagrafen i norsk historie	12
Forskingstoda	15
Kapittel 2: Anti-katolske motiv	18
Den jesuittiske konspirasjonen	19
Katolske overgripingar	22
Katolisismen som gamaldags.....	25
Kapittel 3: Marta Steinsvik, personen og samfunnsdebattanten	28
Antroposofi og ulukkeleg kjærleik	29
Forfattar og folketalar – men ikkje prest	31
Antisemittisme	33
Andre debattar.....	34
Kapittel 4: Norsk katolisismedebatt på 1920-talet	35
Jesuittparagrafen	37
Om eit kardinalbesøk og etterdønningane av det.....	41
Eskeland-saka	43
Steinsvik-Riesterer-saka	45
Kapittel 5: Sankt Peters himmelnøkler.....	49
Innleiing	49
«I Moderkirkens favn».....	50
«Imøtegaaelse av den katolske pastor Krijns brochure»	54
«Litt pavehistorie»	67
«Hellig Olav og den norske statskirke».....	70
«Oprop til det norske folk».....	73

Kjelder og diskursar – ei oppsummering.....	76
Kapittel 6: Steinsvik og seinare norsk anti-katolisisme	78
Innleiing.....	78
Jesuittdebatten på 1950-talet.....	78
Anti-katolisisme i den moderne norske konspirasjonskulturen.....	83
Ei historie om marginalisering.....	88
Kapittel 7: Til slutt	90
Referansar.....	93
Litteratur	93
Avis- og nettartiklar	101
Andre kjelder	104

Kapittel 1: Innleiing

Eit intervju i *Aftenposten*

All forskning har eit startpunkt. For dette arbeidet var startpunktet eit intervju med Marta Steinsvik publisert i *Aftenposten*, som eg kom over då eg leitte etter døme på antisemittisme i norske borgarlege aviser på 1920-talet. Intervjuet hadde ei overskrift og ei innleiing som gjorde at det var lett å leggja merke til:

Jøder og jesuiter.

Slip ikke jesuiterordenen og den jødiske storkapital ind i landet.

Det vilde være nationalt selvmord.

Fru Martha Steinsvik uttaler seg i et interview om disse spørsmål.¹

Vidare i teksten heiter det at den «kjendte taler og skribent, fru Martha Steinsvik har i den senere tid behandlet spørsmålet om jøder og jesuiter i en række foredrag hun har holdt utover landet».² I intervjuet gjer Steinsvik det klårt at ho meiner eidslovsmennene i 1814 var «de klokeste mænd, vi har hat i dette land», fordi dei stengde grensene for både jødar og jesuittar. Steinsvik nektar for at ho er jødehatar, hevdar at ho har sympati for «dette merkelige og begavede folk», men heldt deretter fram med å formidla ei rekkje konspirasjonsteoriar om jødane. Ho meiner blant anna at dei har stått sentralt under alle revolusjonar og at dei stod bak verdskrigen frå 1914-18.³

Medan det meste av intervjuet handlar nettopp om jødane, dukkar etter kvart også jesuittane opp. Ho knyter også jesuittane saman med jødane, før ho fyrer av mot både jesuittane spesielt og katolisismen generelt:

[Jeg] maa tilstaa, eg ser med sorg paa at det intense propaganda-arbeide, de driver her i landet, synes at lykkes saa godt. Forleden dag blev her i byen bare fra en enkelt loge døpt paa en gang femten protestanter, som altsaa gik over til katolicismen. Ja, for de maa nemlig døpes om igjen. Vor kristne daab er ikke god nok. Nu prøver katolikkene blandt annet at faa tak i vort lands ungdom ved at spille paa de nationale strenger.

¹ «Jøder og jesuiter», *Aftenposten* (morgonutgåva), 6. mai 1925, s. 8.

² Ibid.

³ Ibid.

[...] det skulde saamen ikke undre mig, om Stortinget nu gaar hen og slipper jesuitene ind. Det vil sikkert før ha jesuitene ind i landet en til eksempel kvindelige prester.⁴

For meg var intervjuet med Martha Steinsvik eit fascinerande innblikk inn i ei anna tid, ei tid der anti-semittismen var rimeleg *salonfähig* i Noreg, stoverein nok til å sleppa til i eit intervju i storavisa *Aftenposten* utan fnugg av kritisk vinkling. Steinsvik er heller ingen kven-som-helst i norsk kristendomshistorie. Ho vert ofte omtala som Noregs fyrste kvinnelege teolog. Ho var også den fyrste norske kvinna som heldt preike i ei norsk kyrkje, i Grønland kirke i 1921. På denne bakgrunnen vert ho gjerne sett på som noko av ein pioner, og som ei føregangskvinne for kvinnelege prestar i den norske kyrkja.

At ho samstundes var ein konspirasjonsteoretikar som formidla både anti-semittiske og anti-katolske førestillingar er soleis særst interessant. Då antisemittismen hennar har vore meir gjenstand for debatt enn anti-katolisismen, og då norsk anti-katolisisme generelt er eit lite utforska fenomen, har eg vald å sjå nærare på dette.

Problemstilling

Meir konkret vil eg sjå nærare på ei todelt problemstilling. For det fyrste vil eg spørja kva kjelder Marta Steinsvik nytta seg av i sine anti-katolske framstillingar.

Det naturlege hovudfokuset vil her måtta liggja på Steinsvik si bok *Sankt Peters himmelnøkler*.⁵ Denne boka kom i fleire utgåver. Den fyrste utgåva kom i 1928, på eige forlag, og var meint som eit tilsvar på den katolske pastoren F. Krijn si bok *Avsløringer av umoralen i den katolske kirke: en katolsk prests erfaringer*, som igjen var ein reaksjon på Steinsvik sine føredrag.⁶ *Sankt Peters himmelnøkler* vart gjevne ut på nytt i ei utvida utgåve i 1930, før endå ei utgåve kom i 1932. Dei to siste utgåvene hadde Eugen Nielsen som forleggar.⁷ Sjølv om Steinsvik insisterte på at boka ikkje skulle gjevast ut av Nielsen under forlagsnamnet Antiforlaget, som han elles nytta, plasserer også dette boka i ein konkret kontekst. Eugen Nielsen sitt forlag hadde blitt starta i 1928, og gav også ut antisemittisk litteratur og anti-frimurersk litteratur. Nielsen etablerte seinare den nasjonalsosialistiske avisa *Fronten* og var ei tid sentral i mikropartiet

⁴ Ibid.

⁵ Marta Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler* (Oslo: eige forlag, 1928).

⁶ F Krijn, *Avsløringer av umoral i den katolske kirke: en katolsk prests erfaringer*, (Oslo: St. Olavs Forbund, 1927).

⁷ Marta Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler* (Oslo: Eugen Nielsens forlag, 1932).

Norges Nasjonalsocialistiske Arbeiderparti, eit parti med eit tydelegare nasjonalsosialistisk fokus enn det meir kjende Nasjonal Samling.⁸

For det andre vil eg undersøkje korleis Marta Steinsvik sin anti-katolisisme påverka seinare norsk anti-katolisisme. Dette vil eg gjera med fokus på debatten rundt grunnlovsending på 1950-talet, men eg vil også gje ein kort gjennomgang av moderne norsk anti-katolisisme.

Om å møta tekstar

Som historikaren Knut Kjeldstadli skriv i innføringsboka *Fortida er ikke hva den en gang var* følger moderne idehistorie gjerne ein av tre hovudstrategiar. Nokre vel å studera ideinnhaldet i ein tekst, eller eventuelt i skriftene til ein enkelt forfattar. Kjeldstadli meiner det kan vera nyttig, men at det også ber med seg eit problem, nemleg at ein ikkje ser verket i samanheng med kva andre tenkte og gjorde på same tid. Ei anna hovudtilnærming har vore å sjå på utviklinga av visse hovudidear over tid – til dømes på korleis omgrep som «framsteg» eller «demokrati» har vorte nytta. Fåra ligg då i at omgrepa får sitt eige liv, og at ein ikkje ser på kva menneske og miljø som skapte dei, forma dei og endra dei. Den tredje hovudtilnærminga har vore å freista å sjå på det totale politiske eller filosofiske vokabularet i ei tid, og såleis freista å finna ein inngangsport til det mentale førestillingsuniverset i ein bestemt epoke.⁹

Uansett handlar historisk forskning ofte om eit møte med tekst, og om eit møte med språk – delvis fordi det faktisk er *det* ein har tilgjengeleg. Ei utfordring ved dette er sjølvsagt at eit fokus på det språklege kan fortrenge forståinga av det finst ein materiell og ikkje-språkleg røyndom, ein røyndom *bak* teksten, og ein røyndom *utanom* teksten. For å seia det på ein annan, og meir konkret, måte: Når eg i dei følgjane kapitla skal sjå på anti-katolisismen som historisk fenomen, er det tekstar eg går til, til avisartiklar og til bøker. Det vil vonleg taka oss nærare å forstå anti-katolisismen som fenomen, men det fortel i utgangspunktet lite om korleis det til dømes var å vera katolikk i det protestantiskdominerte Noreg på 1920-talet. I kva grad merka ein diskriminering eller fordomar i kvardagen? Korleis vart den vanlege katolikken, han som ikkje skreiv tilsvar i avisene, påverka av Steinsvik si anti-katolske verksemd? Brydde han seg? I kva grad fulgte han med på debattane rundt si eiga tru i norsk opinion? I kva grad spela dei i det

⁸ Ingeborg Solbrekken, *Kors og kårde, Marta Steinsvik liv og virke 1877 – 1950* (Oslo: Vidarforlaget, 2012), s. 458. For meir om Eugen Nielsen sjå Øyvind Strømmen, *Den sorte tråden* (Oslo: Cappelen Damm, 2014(2013)), s. 75; s. 84-87, og Terje Emberland, *Religion og rase – nyhedenskap og nazisme i Norge 1933 – 1945* (Oslo: Humanist, 2003), s. 115 – 129.

⁹ Knut Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var: en innføring i historiefaget* (Oslo: Universitetsforlaget, 1992), s. 176.

heile ei rolle? Og kva med «vanlege», ikkje-katolske nordmenn? Korleis såg folk flest på Steinsvik sin anti-katolisisme? Kven var det som gjekk på føredraga hennar? Kven var det som las boka hennar? *Kvifor* gjorde dei det?

Ein kan sjølvsagt finna tekstlege spor etter noko av dette, til dømes i brev og i avisreferat – og truleg også i dagbøker. Likevel er det openbert at møtet med tekstar ikkje kan gje fullgode svar på slike spørsmål, fortida er nettopp ikkje det ho ein gong var.

Spørsmålet er dermed kva ein *tekst* kan fortelja oss noko om, og kva metoder ein kan nytta for å få meining ut av enkelttekstar. Her peiker Kjelstadli på eit grunnleggjande utgangspunkt for teksttolking: «en tekst [blir alltid] lagd av en opphavsmann i en viss sammenheng, i en viss kontekst». Vidare skriv Kjelstadli:

En forståelse av teksten må for det første hvile på en viss innsikt i personen. Pleide han eller hun å tenke og mene slik? Er utsagnet atypisk? Hva slags person har vi for oss? [...] Og dernest: Hvilken kontekst stod han i? Var han ute etter å oppnå noe spesielt? Var det grunn til å tro at han ville måtte skjule sin egentlige mening? [...] Videre kan vi spørre: Hva ble sagt eller gjort umiddelbart før teksten ble lagd? Hvordan var konteksten i tid?¹⁰

I kapittel 2 vil eg sjå nærare på anti-katolsk litteratur i ein internasjonal samanheng, og på sentrale motiv – eller framstillingar – i denne. I kapittel 3 vil eg presentera personen og samfunnsdebattanten Marta Steinsvik, opphavskvinna bak *Sankt Peters himmelnøkler*. I kapittel 4 vil eg sjå nærare på konteksten rundt boka, nemleg den norske katolisismedebatten på 1920-talet, og også den rolla Steinsvik spela i denne debatten. Så, i kapittel 5, vil eg sjå nærare på boka, både på kva ho formidlar og på kva kjelder ho baserer seg på. Her vil eg også sjå på kva konkrete *diskursar* Steinsvik låner frå og skriv seg inn i.

Ei klår utfordring ved å nytta omgrepet diskurs er at det – trass at det vert flittig brukt i ei rekkje samfunnsfag – er eit noko vagt omgrep. Ifølgje Marianne Jørgensen og Louise Philips er det også eit omgrep som vert brukt «indiscriminately, often without being defined».¹¹ Det er ein observasjon som kan passa godt for ein heil del av forskningslitteraturen på anti-katolisisme og anti-jesuittisme. Jørgensen og Philips påpeiker også at den som leiter, raskt vil oppdaga at diskursanalyse ikkje berre er *ei* tilnærming, men faktisk ei rekkje interdisiplinære tilnærmingar, og at det ikkje finst noko klårt konsensus om verken kva diskursar er, eller korleis dei skal

¹⁰ Kjelstadli, *Fortiden*, s. 177f.

¹¹ Marianne Jørgensen og Louise Phillips, *Discourse Analysis as Theory and Method* (London: SAGE, 2002), s. 1.

analyserast.¹² Dei føresler å ta utgangspunkt i ein definisjon som seier at ein diskurs er ein bestemt måte å snakka om og forstå verda på.¹³ Det er også slik eg vil nytta omgrepet, og eg vil konkret snakka om tre separate – men i blant samanvevde – diskursar, ein *anti-jesuitisk*, ein breiare *anti-katolsk* og ein *anti-klerikalsk*.

Når eg gjer dette er det også med utgangspunkt i eit anna ord eg låner frå diskursanalytisk metode – eller eventuelt frå litteraturvitskapen, nemleg intertekstualitet.

Intertekstualitet

Som omgrep har intertekstualitet ei historie som går attende til 1920-talet, og til den russiske litteraturteoretikaren Michael Bakhtin. Bakhtin var oppteken av korleis litterære tekstar var forbundne med kvarandre og med samfunnet, og introduserte omgrepet *dialogičnost*, ‘dialogisitet’. Med dette synte han til at ein skribent gjennom ein tekst går inn i ein dialog med andre tekstar og med røyndomen.¹⁴ På 1960-talet tok Julie Kristeva utgangspunkt i Bakhtin si forståing, og ho introduserte også omgrepet intertekstualitet. Som Ellen Van Wolde påpeiker var det likevel skilnader mellom dei to:

Major differences are evident between Bakhtin and Kristeva, however. Bakhtin is not only concerned with the relationship between texts but also with the relationship between text and reality, while Kristeva restricts intertextuality to the relationship between texts. At the same time, Kristeva extends the concept of text further and further so that reality becomes a text too. A second difference is that Bakhtin looks from the perspective of one text to other texts, while Kristeva does not look from the text, but from the intertext or ‘the book of the culture’ of which a text forms a small part.¹⁵

Van Wolde meiner at skilnadane vaks etterkvart som omgrepet vart utvikla vidare av poststrukturalistar som Kristeva og Jacques Derrida, og av amerikanske postmodernistar som Paul De Man. «The concept of intertextuality has developed into so broad an idea, in which everything has become an intertext, that is does not function as a distinct concept anymore, but as a general philosophical statement».¹⁶ Ho meiner likevel at omgrepet har noko for seg, om ein smalnar det inn:

¹² Ibid.

¹³ Ibid.

¹⁴ Ellen Van Wolde, «Intertextuality: Ruth in dialogue with Tamar», i Athalya Brenner og Carole Fontaine (red), *A Feminist Companion to Reading the Bible* (Sheffield Academic Press, 1997), s. 426f.

¹⁵ Van Wolde, «Intertextuality», s. 427.

¹⁶ Van Wolde, «Intertextuality», s. 428f.

Intertextuality in a limited sense is confined to demonstrable relationships between texts. These are usually based on a kind of repetition. It is not simply a question of the repetition of sounds and words, since they are necessary for any form of language use, but of sentences and texts or parts of texts. At the same time intertextuality is based on transformation: textual elements or patterns are both repeated and transformed in order to be assimilated into new text structures. Repetition and transformation are therefore intertextuality's characteristic features.¹⁷

Van Wolde – som er professor i gammaltestamentleg eksegesi – understrekar også at dette kan sjåast på frå to ulike sider, både med utgangspunkt i produksjonen av teksten, og med utgangspunkt i den seinare lesinga av teksten.

På den eine sida vil forfattaren av ein tekst ha nytta andre tekstar i sin produksjon, og desse kjeldene er eksplisitt eller implisitt til stades. Ein god lesar vil då vera ein lesar som kjenner eller finn ut av kva tekstar forfattaren har nytta. Ho peiker på at dette er ein viktig del av tekstkritisk bibelforskning.¹⁸ Det er også relevant for denne studia, sidan spørsmålet eg ynskjer å svara på er kva *kjelder* Steinsvik nytta seg av i si anti-katolske verksemd, fyrst og fremst gjennom møtet med hennar anti-katolske hovudverk *Sankt Peters himmelnøkler*. Samstundes er eg interessert i korleis Steinsvik sin anti-katolisisme påverka seinare norsk anti-katolisisme, temaet for kapittel 6.

På den andre sida kan ein sjå på intertekstualitet med lesaren som fokus, sidan det er lesaren som faktisk tillet tekstane å interagera med kvarandre:

The reader is the one who, through his or her own reading and life experience, lends significance to the great number of possibilities that a text offers. Consequently, the presumed historical process by which the text came into being is no longer important, but rather the final text product, which is compared with other texts in synchronic relationships. [...] Similar and different texts are not explained as being directly influenced by each other, causally or diachronically, but as being indirectly related to each other and having a similar or iconic quality or image in common.¹⁹

Med dette – tekstar som er beslekta – nærmar ein seg også diskursar, slik eg nyttar omgrepet, der ein diskurs er måten ein snakkar om noko på. I tillegg til å sjå på Steinsvik sine kjelder, vil

¹⁷ Van Wolde, «Intertextualiy», s. 429.

¹⁸ Van Wolde, «Intertextuality», s. 430f.

¹⁹ Van Wolde, «Intertextuality», s. 431.

eg sjå på dei ideane ho formidlar i ein breiare idehistorisk samanhang – med utgangspunkt i sentrale motiv i annan anti-katolsk og anti-jesuitisk litteratur.

Norsk katolisisme fram mot 1930

Fram til dissentarlova vart vedteken i 1845 var det ulovleg for andre trussamfunn enn den norske, lutherske kyrkja å etablera seg i Noreg. Det tyder likevel ikkje at katolisismen var heilt fråverande i hundreåra frå reformasjonen i 1537 og fram til dette. På 1500- og 1600-talet vart det til dømes drive katolsk undergrunnsverksemd i Noreg. Historikaren Oskar Garstein, som var særleg interessert i motreformasjonen i Skandinavia, har skrive ein inngåande, men fascinerande og lettfatteleg introduksjon til denne i sin del av boka *Den katolske kirke i Norge: fra kristningen til idag*.²⁰ Her er det ikkje plass til å gå djupt inn på denne undergrunnsverksemda, utover å nemna at fleire jesuittprestar spela ei rolle i denne. Den mest vidgjetne av dei var Laurits Nilssøn, opphavleg frå Tønsberg, og kjend som Klosterlasse. Nemnde Garstein har også skrive boka *Klosterlasse: stormfuglen ville gjenerobre Norden for katolisismen* om Nilssøn.²¹

Etter kvart dabba undergrunnsverksemda av, og Noreg vart eit gjennomført protestantisk land. Den siste kjente katolske presten som gjorde messe i Noreg før katolisismen så smått vende attende på 1800-talet, var jesuittpateren Maximillian Hell, som leia ein ekspedisjon av astronomar til Finnmark i 1769. På veg nordover heldt han messe for ei gruppe katolske leigesoldatar i Trondheim.²² Det er mogleg at det seinare vart halde messer i byane Kristiansand og Tromsø, som fekk religionsfridom i høvesvis 1783 og 1794, men her finst det ifølgje Garstein ikkje kjelder som kan dokumentera dette.²³

Sjølv om Noreg hadde blitt eit protestantisk land, og katolsk undergrunnsverksemd hadde blitt historie, lot likevel ikkje alle aspekt ved katolsk tru og katolske tradisjonar seg knekkja. Eit kjent døme på dette er den såkalla jonsoksvalfarta til stavkyrkja Røldal, der det var eit krusifiks i kyrkja ein meinte hadde undergjerande eigenskapar. Valfarta til Røldal heldt fram heilt til 1835, då soknepresten vart klår over kva som gjekk føre seg, og endeleg fekk sett ein stoggar for det.²⁴ Det er likevel verdt å merka seg at valfarta jamvel vart omtalt av Aasmund Olavsson

²⁰ Oskar Garstein, «Undergrunnskirken 1537 – 1814», i John W. Gran et al, *Den katolske kirke i Norge. Fra kristningen til idag* (Oslo: Aschehoug, 1993), s. 85 – 141.

²¹ Garstein, «Undergrunnskirken», s. 105-107; Oskar Garstein, *Klosterlasse: stormfuglen som ville gjenerobre Norden for katolisismen* (Oslo: Aschehoug, 1998).

²² Garstein, «Undergrunnskirken», s. 138 – 141.

²³ Garstein, «Undergrunnskirken», s. 141.

²⁴ Bernt I. Eidsvig, «Den katolske kirke vender tilbake» i Gran et al, *Den katolske kirke i Norge*, s. 145.

Vinje i diktverket *Storegut*: «I kyrkja til Røldal eit bilete hekk, so mang ein sæling til frelse, for sjuk og saare til dette gjekk, og fingo atter si helse».²⁵ Diverre er det gjort lite forskning på det ein kanskje kan kalla ein norsk rest-katolisisme.

Dei få katolikkane som levde i Norge rundt år 1800 var utlendingar, nesten utelukkande busett i byar, og hadde lite kontakt med dei restane av katolsk tradisjon som eksisterte i Norge. Så seint som i 1845 var det ikkje meir enn om lag 100 katolikkar i Noreg, og fleirtalet dreiv med handel eller handverk.²⁶ Den fyrste katolske meinigheita i Noreg etter Reformasjonen kom i mars 1843, etter ein søknad til kong Karl Johan under teikna av 37 katolikkar som omtala seg som «Hans Majestets tro norske undersåtter». To år seinare vart den såkalla dissenterlova vedteken, og kristne minoritetar – også katolikkar – fekk moglegheit til å utøve sin religion. Utover på 1800-talet vaks også talet på katolikkar her til lands, og ved inngangen til 1900-talet var det 14 katolske meinigheiter i Norge, og ein stad mellom 1600 og nærare 2000 katolikkar.²⁷ Etter århundreskiftet og fram til 1930 – og med det inn i den perioden Marta Steinsvik var ein aktiv leverandør av anti-katolsk propaganda – auka talet til rundt 2800.²⁸ Det til trass må katolikkane seiast å ha vore ein nesten forsvinnande liten minoritet.

Jesuittarparagrafen i norsk historie

Den norske grunnlova av 1814 var i utgangspunktet ei svært liberal grunnlov etter si tid, men religionsfridomen var eit unntak. I paragraf 2 heitte det:

Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion. De Indvaanere, der bekjende seg til den, ere forpligtede til at opdrage sine Børn i samme. Jesuitter og Munkeordener maae ikke taales. Jøder ere fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget.

Eidsvollsmennene var slett ikkje åleine om sin skepsis til jesuittane. I 1754 vart dei utvist frå Brasil, i 1759 frå Portugal, i 1764 frå Frankrike, i 1767 frå Spania og spanske koloniar og i 1768 frå Hertugdømet Parma. Pave Clement XIII nekta å godta ei undertrykking av jesuittane, men då han døydde, og ein ny pave – Clement XIV – vart vald i 1769, endra pave stolen kurs. 21. juli 1773 utsteda Clement XIV det pavelege skrivet *Dominus ac Redemptor* frå 21. juli 1773, eit skriv som rett nok ikkje fordømde jesuittarordenen, men som samstundes oppheva han og slik sett sørga for at jesuittane vart undertrykt i heile den katolske verda. Resultatet var at

²⁵ Gjeve att hjå Helge Magnus Iversen, «Det undergjørende krusifik i Røldal», *katolsk.no*, 14. oktober 2007. Online: <http://www.katolsk.no/praksis/valfart/artikler/roldal> (Besøkt: 24. april 2015).

²⁶ Bernt I. Eidsvig, «Den katolske kirke vender tilbake», s. 161.

²⁷ Sjø Tone Slotsvik, «Alt for Norge. Ikke ogsaa for katoliker?» – *Den katolske minoriteten i Norge 1905 – 1930*, masteroppgåve i historie (Bergen: Universitetet i Bergen, 2009), s. 20 – 22.

²⁸ Slotsvik, «Alt for Norge», s. 25 – 27.

jesuittane fyrst og fremst levde vidare i *ikkje-katolske* land, fyrst og fremst Prøyssen og Russland. I Noreg hadde ordenen aldri hatt noko sterkt fotfeste, trass i at «Klosterlasse» og nokre andre jesuittar var aktive her til lands på 1500- og 1600-talet. Difor er det noko påfallande ved at den stort sett svært liberale norske grunnlova så konkret inkluderer jesuittane blant uønskte grupper, og det fleire månader før Jesuittordenen vart attreist av pave Pius VII.²⁹

Verken jesuittforbodet eller munkeforbodet var noko nytt i Noreg. Christian IV hadde innført forbod mot både munkar og jesuittar i 1624, på eit bakteppe prega av deltakinga i Tredveårskrigen og direkte utløyst av den tidlegare nemnde, norske jesuittpresten Laurits Nielssøn si misjonsverksemd i Norden. Det høyrer også med til historia at jesuittane vart sett på som ein spydspiss i katolsk motreformatorisk aktivitet, delvis fordi dei i aller høgste grad *var* involvert, slik historia om Klosterlasse også syner oss. Historikaren Eric Nelson skriv:

For many Protestants, the members of this new Society were none other than the loyal minions of the papal or Romish Antichrist and therefore a central feature of the wider Catholic menace. They were broadly defined as a secretive and deceptive fifth-column threat to the state, the church and the social fabric of the community. According to many Protestant polemicists, the Jesuits operated within local communities across Protestant Europe, and were seemingly able to avoid detection even by the most vigilant authorities. Thus, the Jesuits appeared to pose an imminent threat to society and were perceived to be one of the chief threats on the ground to Protestant communities across Europe in the sixteenth and seventeenth centuries.³⁰

Nelson påpeiker dessutan eit anna interessant trekk ved det han kallar jesuittlegenda, nemleg at ho ikkje var ei reint protestantisk oppfinning:

Instead, important elements of the legend were formed through direct interaction between Protestant and Catholic critics of the Society [of Jesus]. Anti-Jesuit pamphlet literature was freely translated, published and read by members of both faiths.³¹

Då religionsfridomen vart innskrenka i 1814 må det seiast å ha vore på eit anna bakteppe. Likevel er det verdt å leggja merke til at sorenskrivaren Wilhelm Frimann Koren Christie – som var den som sette fram framlegget om å halda både jødar, jesuittar og munkeordenar ute – nettopp synte attende til historia: «[...] Jesuiter og andre mer eller mindre skadelige Munke-

²⁹ For meir om anti-jesuittiske idear, også i katolske land, sjå kapittel 2.

³⁰ Eric Nelson, «The Jesuit Legend», i Helen Parish og William G. Naphy (red.), *Religion and Superstition in Reformation Europe* (Manchester: Manchester University Press, 2002), s. 95.

³¹ Ibid.

Ordener [kunde] indtrænge sig, hvilket Fortidens viise Lovgivere med sand Fader-Omhue hidindtil have forebygget». ³²

Kva var den eigentlege bakgrunnen for forbodet i 1814? Historikaren Sverre Steen argumenterer i boka *1814* for at forbodet mot jesuittar, som så mykje anna i den norske grunnlova, var eit lån frå radikale krefter i Frankrike:

De radikale i Frankrike var antiklerikale, hvorfor skulle ikke da deres åndsfrender på Eidsvoll stenge jesuiter og munkeordener ute, enda det ikke hadde vært noen slike i Norge på et par århundrer? De kunne da vise, fedrene på Eidsvoll, at de var barn av sin tid; men ingen var så dristige, eller så europeiske, at de våget å bekjenne et antikirkelig, enn si et antikristelig sinnelag. ³³

At radikale krefter i andre land var antiklerikale er det liten tvil om. Dette gav seg også ganske riktig utslag i åtak på både jesuittar og munkeordenar frå radikale og sekulært orienterte krefter innad i katolske land. Det er i seg sjølv ein grunn til at ein i ein gjennomgang av norsk anti-katolisisme kan ha nytte av å skilja ut anti-jesuittiske idear, som også vart fora av ein konkret anti-jesuittisk diskurs som ikkje med naudsyn var anti-katolsk. Likevel er det verdt å påpeika at det er vanskeleg å finna dekking for Steen sin påstand i kjeldematerialet, noko også den norske teologen og kyrkjehistorikaren Einar Molland påpeikte i sin gjennomgang av paragrafen si historie, som vart lagt fram i samband med at Stortinget handsama oppheving av han i 1956. ³⁴

Årstalet 1956 vil kanskje vera slåande for enkelte. Medan den såkalla «jødeparagrafen» - forbodet mot jødar – vart ståande fram til 1851, vedvarte forbodet mot munkeordenar til 1897 og «jesuittparagrafen» vart ikkje oppheva før i 1956, etter at Noreg hadde underteikna Den europeiske menneskerettskonvensjonen av 1950. Ei oppheving av paragrafen hadde rett nok vorte diskutert både i 1897 – då framlegget om å gjera det ikkje oppnådde stort nok fleirtal – og i 1925, då berre eit mindretal på Stortinget ville ha han vekk. Også i 1956 var det ikkje mindre enn 31 stortingsrepresentantar som røysta mot å oppheva han. Blant dei var samtlege av Kristeleg Folkeparti sine 14 stortingsrepresentantar, 7 frå Høgre, 7 frå Bondepartiet (i dag: Senterpartiet), 2 frå Venstre og 1 frå Arbeidarpartiet. Det einaste partiet som stemte samla for

³² Gjeve att hjå Ulrik Sverdrup-Thygeson, *Grunnlovens forbud mot jesuitter og munkeordener. Religionsfrihet og grunnlovskonservatisme, 1814 – 1956*, masteroppgåve i jus (Oslo: Universitetet i Oslo, 2009), s. 17.

³³ Sverre Steen, *1814* (Oslo: Cappelen, 1951), s. 164.

³⁴ Einar Molland, «Jesuittforbudet i Grunnlovens §2», er å finna i *Stortingsforhandlinger, 1956 6a*, s. 576 – 589.

var – interessant nok – Noregs Kommunistiske Parti (NKP).³⁵ Korleis heng dette langvarige jesuittforbodet saman med anti-katolisisme meir generelt?

Forskningsstoda

Når det gjeld norsk anti-katolisisme etter 1800 finst det berre ei høgst avgrensa mengd forskning. I boka *European anti-Catholicism* – som presenterer forskning på anti-katolisismen i ulike europeiske land – er det to kapittel som omhandlar Noreg. Det eine er skriva av Bernt T. Oftestad, professor i teologi ved Menighetsfakultetet, og går nettopp gjennom historia til jesuittparagrafen.³⁶ Denne er også handsama i to masteroppgåver, Ulrik Sverdrup-Thygeson si masteroppgåve i jus frå 2009 og Iris Kvellestad si masteroppgåve i religionsvitskap frå 2012.³⁷ Medan Sverdrup-Thygeson si oppgåve i stor grad baserer seg på stortingsforhandlingane i 1925 og 1956, ser Kvellestad også på debatten elles i samfunnet, med utgangspunkt i avisene *Dagbladet*, *Aftenposten* og *Morgenbladet*, samt tidsskriftet *Luthersk Kirketidende*. Sjølv om ho – som Sverdrup-Thygeson – tek utgangspunkt i dei tre stortingsdebattane, peiker ho også på ein større samanheng:

[Jeg har] funnet overraskende mange kilder som tar for seg forestillinger om jesuittordenen. Noen av disse kildene er rene konspirasjonsteoretiske og apokalyptiske forestillinger. Som eksempel på distributører av slike forestillinger, kan jeg nevne lekmannspredikanten Albert Hjorth, samfunnsdebattanten Marta Steinsvik og teologen Olav Valen-Sendstad [sic!].³⁸

Marta Steinsvik sin anti-katolisisme er også omtala i det andre «norske» kapittelet i *European anti-Catholicism*, der Kristin Norseth tek utgangspunkt i nettopp Steinsvik.³⁹ Norseth omtaler Steinsvik som ein representant for «confessional nationalism» (trusmessig nasjonalisme), og seier at ho i internasjonal samanheng var ein av mange samtidige som formidla kjend anti-

³⁵ Sverdrup-Thygeson, *Grunnlovens forbud*, s. 126.

³⁶ Yvonne Maria Werner og Jonas Harvard, «European anti-Catholicism in a comparative and transnational perspective. The role of a unifying other: an introduction», i Werner og Harvard (red.), *European anti-Catholicism in a comparative and transnational perspective* (Amsterdam: Rodopi, 2013), s. 13.

³⁷ Sverdrup-Thygeson, *Grunnlovens forbud*, samt Iris Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde. En kartlegging av norske holdninger til jesuittordenen på 1900-tallet*, masteroppgåve i religionsvitskap (Bergen: Universitetet i Bergen, 2012). Ei tredje masteroppgåve med ein viss relevans er Tone Slotsvik, «Alt for Norge? Ikke ogsaa for katoliker». Dette gjeld særleg Slotsvik si drøfting av debattar om katolisisme i norsk offentlegheit på 1920-talet, som er å finna på s. 57 – 77 i oppgåva.

³⁸ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 6. Kvellestad bruker her feil namn på Olav Valen-Sendstad.

³⁹ Kristin Norseth, «Arousing anti-Catholic sentiments on a national scale: The case of Marta Steinsvik and Norway», i Werner og Harvard, *European anti-Catholicism*, s. 149 – 161.

katolsk propaganda, samstundes som ho etterlot ei arv som varte godt inn i 1950-åra.⁴⁰ I denne artikkelen skriv Norseth blant anna:

In 1928, Marta Steinsvik published a highly polemic book with the title *St. Peters himmelnøkler* [...], which caused a sensation as well as a lawsuit. [...] Borrowing from foreign anti-Catholic literature, Steinsvik delivered a sharp criticism of the Catholic church in general, and the Jesuits in particular.⁴¹

Norseth påpeiker at Steinsvik ikkje viser særleg innsikt i katolsk teologi eller filosofi, men at ho presenterer «internationally well-known anti-Catholic stereotypes» med opphav i protestantiske miljø i både Europa og i USA. Norseth gjev også ein gjennomgang av både protestantiske og katolske reaksjonar på boka i debatten som fulgte i Noreg, og går inn på rettssakene som fulgte. Ho skriv likevel lite om kva for kjelder det var Steinsvik faktisk lena seg på.⁴² Det gjer heller ikkje Steinsvik sin biograf Ingeborg Solbrekken. Medan Solbrekken har fått kritikk for å tona ned Steinsvik sin anti-semittisme,⁴³ går ho i boka *Kors og kårde* ganske grundig gjennom konfliktene mellom Steinsvik og katolske talsmenn – om enn med eit relativt sympatisk blikk på Steinsvik si verksemd⁴⁴. Hennar gjennomgang av Steinsvik sitt sentrale anti-katolske verk, altså *Sankt Peters himmelnøkler* er likevel ganske overfladisk.⁴⁵ I ei omtale av Solbrekken si bok i avisa *Vårt Land* skriv Kristin Norseth:

Hennes antikatolisisme tas det ikke noe oppgjør med. Steinsviks simple trakassering av konvertitten Lars Eskeland behandles ikke. Hennes retorikk gjøres ikke til gjenstand for vurdering, og hennes bruk av kildemateriale og arbeidsmetoder med hensyn til jesuitter og den katolske kirke underlegges ikke kritisk drøfting.⁴⁶

Antikatolisismen er elles noko omtalt i Tone Slotsvik si masteroppgåve om den katolske minoriteten i Noreg i perioda 1905 – 1930.⁴⁷ Den er også eit tema som dukkar opp i Vefie Poels si interessante bok *Een roomse droom*, som omhandlar nederlandske katolikkar si

⁴⁰ Norseth, «Arousing anti-Catholic sentiments», s. 149. I røynda finn ein arva etter Steinsvik att i norsk anti-katolisisme også langt seinare enn dette, og heilt inn i vår eiga tid – men då i meir perifere politiske og religiøse miljø.

⁴¹ Ibid.

⁴² Norseth, «Arousing anti-Catholic sentiments», s. 159.

⁴³ Kjetil Braut Simonsen, «En antisemittisk multiplikator», *Morgenbladet*, 20. januar 2012, s. 21; Jahn Otto Johansen, «Antisemitt, men ikke jødehater?», *Dagbladet*, 24. januar 2012, s. 58; Kristin Norseth, «Med klubbe og kårde», *Vårt Land*, 11. januar 2012, s. 18.

⁴⁴ Ingeborg Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 342 – 441.

⁴⁵ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 442 – 450.

⁴⁶ Norseth, «Med klubbe og kårde».

⁴⁷ Slotsvik, «*Alt for Norge*». Sjå særleg s. 57 – 77.

misjonsverksemd i Noreg frå 1920 til 1975. Denne boka er særleg interessant fordi ho viser til ei rekkje ikkje-norske kjelder.⁴⁸

Mitt mål med denne masteroppgåva er å setja eit meir inngåande lys på kjeldene til Steinsvik sin anti-katolisisme, og – gjennom å plassera hennar anti-katolisisme i norsk og internasjonal kontekst – også å bidra til å kasta lys over anti-katolisismen som fenomen.

⁴⁸ Vefie Poels, *Een roomse droom, Nederlandse katholieken en de Noorse missie, 1920 – 1975* (Nijmegen: Valkhof Pers, 2005). Her er særleg s. 157 – 168 av interesse.

Kapittel 2: Anti-katolske motiv

«The question of the extent to which Roman Catholics should be granted civil rights matching those of Anglicans was one of the hottest political questions of the nineteenth century», skriv Denis G. Paz i sin gjennomgang av populistisk anti-katolisisme i det viktorianske England.⁴⁹ Sjølv om The Roman Catholic Relief Act av 1829 gav britiske katolikkar nye rettigheter, dei kunne til dømes sitja i parlamentet, vart katolikkane stadig utsett for diskriminering, både politisk og sosialt. Paz skriv:

They were physically shunned; and the mass media of the day produced a torrent of tracts, books, magazines, and newspaper stories that reviled their beliefs, challenged their political loyalty, and depicted them as the deluded dupes of men who lusted for sex, money and power.⁵⁰

Han trekkjer vidare fram eit døme på nettopp denne litteraturen, nemleg bøkene til den tidlegare katolske presten Charles Chiniquy, ein kanadiar som var ein aktiv anti-katolsk propagandist. Chiniquy la skulda på katolikkane for den amerikanske borgarkrigen, meinte at Abraham Lincoln hadde blitt drept som resultat av eit jesuittisk komplott og var dessutan oppteken av korleis katolske prestar nytta skrifteordninga til å forføra kvinner.⁵¹ Allereie finn ein to sentrale tema i viktoriansk anti-katolsk diskurs, katolikken (og då særleg jesuittane) som ei undergravande og gjerne konspiratorisk kraft, og katolikken (og då særleg prestar og munkar) som eit trugsmål mot seksualmoralen, eller beint fram som seksuelle rovdyr! Det kan vera verdt å syna til eit utdrag frå den vidkjende forfattaren Charles Dickens *A Christmas Carol*, slik Paz også gjer det, for å visa kor utbreidd denne førestillinga var. Slik skildrar Dickens løk selde på marknaden:

There were ruddy, brown-faced, broad-girthed Spanish Onions, shining in the fatness of tan, their growth like Spanish Friars, and winking from their shelves in wanton slyness at the girls as they went by, and glanced demurely at the hung-up mistletoe.⁵²

Som synt til i førre kapittel har den europeiske anti-katolisismen sjølvsagt lange og djupe røter, heilt attende til reformasjonen. På attenhundretalet vaks også ei ny retning i den europeiske anti-katolisismen fram, etter kvart som ideen om religion som ei privatsak breidde om seg. Dei

⁴⁹ Denis G. Paz, *Popular Anti-Catholicism in mid-Victorian England* (Stanford: Stanford University Press, 1992), s. 1.

⁵⁰ Paz, *Popular anti-Catholicism*, s. 2.

⁵¹ Ibid.

⁵² Charles Dickens, *A Christmas Carol* (London: Chapman and Hall, 1843). Sitatet er henta frå ei digitalisert utgåve frå 2004, som manglar sidetal. Tilgjengeleg online her: <http://www.gutenberg.org/files/46/46-h/46-h.htm>

nemnde førestillingane om jesuittane sitt snikdrap på Abraham Lincoln, kan tolkast inn i dei nye temaa som utover 1800-talet inntok sentrale roller i åtaka på den katolske kyrkja, blant dei spørsmål om nasjonal integritet, framgang og modernitet.⁵³ Religions sosiologen Jose Casanova peiker på fire premiss i den anti-katolske diskursen i anglo-protestantiske samfunn på 1800-talet:

- Ein teologisk-politisk distinksjon mellom «sivilisert» og «barbarisk religion», altså mellom «religions compatible with Enlightenment principles and liberal democratic policies» og «religions grounded in traditions that resisted the progressive claims»
- Ei nativistisk haldning som sa at framandarta innvandrare ikkje lot seg assimilera
- Fokus på tilhøyre til ein utanlandsk autoritet (pavedømet) i konflikt med den moderne nasjonalstaten
- Eit sett med moralsk funderte påstandar «about the denigration of women under religious patriarchies in contrast to their elevation by Protestantism».⁵⁴

Han peiker også på at ein fann tilsvarande i både England, Nederland og Tyskland på andre halvdel av attenhundretalet: «All manifested the same combination of Protestant confessional, modern liberal, and nationalist prejudices against Catholicism as a retrograde, fundamentalist, and alien ultramontanist religion».⁵⁵ Sjølv vil eg i det følgjande gå inn på tre konkrete motiv i den anti-katolske diskursen, slik han var å sjå på 1800-talet i både USA, England, Tyskland og andre land: ideen om ein jesuittisk konspirasjon som trugar det etablerte, ideen om katolikkar (og då særleg katolske prestar og munkar) som overgripapar og ideen om katolisismen som eit trugsmål mot framgang, utvikling og den moderne verda.

Den jesuittiske konspirasjonen

Ideen om ein katolsk konspirasjon – med jesuittane som sentral aktør – var viktig i så måte, og vart forfeikta i ei rekkje bøker. På den engelske marknaden fann ein til dømes *A Brief Account of the Jesuits: With Historical Proofs in Support of It, Tending to Establish in the Danger of The Revival of that Order to the World at Large, and the United Kingdom in Particular* (1815), *The Abominations of the Jesuits Exposed* (1820), *The Jesuits Exposed* (1839), *Secret Instructions of the Jesuits* (1840), *Hidden Works of Darkness: or, The Doings of the Jesuits* (1846) og *The*

⁵³ Werner og Harvard, «European anti-Catholicism», s. 14.

⁵⁴ Jose Casanova, «Nativism and the Politics of Gender in Catholicism and Islam», i Hanna Herzog og Aud Brande (red.), *Gendering Religion and Politics, Untangling Modernities* (New York: Palgrave Macmillan, 2009), s. 22.

⁵⁵ Casanova, «Nativism and the Politics of Gender», s. 27.

Jesuit Conspiracy: the Secret Plan of the Order (1848).⁵⁶ Albert D. Pionke påpeiker korleis dette utgjorde ein påfallande konsistent litterær tradisjon, «which excelled at both taking the comments of a small number of Jesuit casuists out of context and anachronistically judging all Jesuits by these comments». Jesuittane fekk skulda for forræderi, snikdrap og undergraving, blant anna retta mot den protestantiske konstitusjonen av 1688.⁵⁷

I historisk samanhang har anti-jesuitismen eldre røter, som nemnd i Kapittel 1. Desse røtene er heller ikkje å finna berre i protestantiske land, men også i katolske. Her er det særleg verdt å nemna konflikta mellom jesuittane og dei såkalla jansenistane. Konflikta starta med at den flamske, katolske presten Corneille Janssens sitt verk *Augustinus* vart gjeve ut i den viktige belgiske universitetsbyen Leuven⁵⁸ i 1640 – etter at forfattaren sjølv hadde gått bort. Jansen meinte at jesuittane var moralsk slappe, og tok utgangspunkt i augustinsk teologi for å kritisera dei. Dei belgiske jesuittane freista fyrst å stansa utgjevinga av *Augustinus*, og deretter å få verket fordømt i Roma. Etter kvart oppstod ein hissig og langvarig strid, blant anna i Paris – der jansenistiske idear vart populære i både aristokratiet og blant prestar. I kjølvatnet fulgte fleire sterkt anti-jesuittiske verk, blant andre Antoine Arnauds *Théologie morale des Jésuites* og Blaise Pascals satiriske brev *Lettres provinciales*, åtak på jesuitisk, kasuistisk moralteologi.⁵⁹ I dei konspiratoriske førestillingane om jesuittane var ofte også slike åtak blanda inn, og anti-jesuittisk retorikk spreidde seg også på tvers av religiøse skiljelinjer.

Ideen om katolikkane som ei undergravande og konspiratorisk kraft var sentral i amerikansk anti-katolisisme på 1800-talet, og anti-katolisismen utgjorde også ein grunnleggjande del av den såkalla nativismen, saman med frykta for utanlandske radikalarar og frykta for «raser» som ikkje var anglo-saksiske.⁶⁰ Ein kjend representant for denne nativistiske anti-katolisismen er Samuel F. B. Morse, som under pseudonymet Brutus skreiv ei rekkje artiklar om ein konspirasjon retta mot USA i *New-York Observer*, seinare utgjeve i bokform som *Foreign Conspiracy against the Liberties of the United States*.⁶¹ «[A] conspiracy exists», skreiv Morse, «its plans are already in operation, and [...] we are attacked in a vulnerable quarter, which

⁵⁶ Albert D. Pionke, *Plots of Opportunity: Representing Conspiracy in Victorian England* (Columbus: Ohio State University Press, 2004), s. 60.

⁵⁷ Ibid.

⁵⁸ Også kjend under sitt franske namn Louvain.

⁵⁹ John W. O'Malley, *The Jesuits. A history from Ignatius to the present* (Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield, 2014), Kindle-utgåve, lok. 927 – 983.

⁶⁰ Michael Barkun, *A Culture of Conspiracy: Apocalyptic Visions in Contemporary America*, (Berkeley: University of California Press, 2003), s. 127.

⁶¹ Brutus (Samuel F. B. Morse), *Foreign Conspiracy Against The Liberties of the United States* (New York: Leavitt, Lord & Co, 1835).

cannot be defended by our ships, our forts, or our armies».⁶² For Morse låg konspirasjonen si kjerne i Austerrike, som nytta jesuittiske agentar for å oppnå måla sine. Likevel retta åttaket hans seg mot meir enn berre jesuittar, han formidla også ein generell anti-katolsk diskurs, prega av fokus på papisme som despotisk, anti-amerikansk og som eit trugsmål mot amerikansk fridom – blant anna fordi det *eigentleg* dreier seg om eit politisk system:

Popery is now, what is has ever been, a system of the darkest political intrigue and despotism, cloaking itself, to avoid attack, under the sacred name of religion. [...] Popery is a political as well as a religious system; [...] in this respect it differs totally from all other sects, from all other forms of religion in the country.⁶³

Som ein har sett er ideen om katolikkane som undergravarar tett knytt opp til jesuittane. Det er ikkje overraskande. I si studie av anti-katolske idear i Tyskland på 1800-talet skriv Michael D. Gross:

For centuries, in the popular Protestant imagination, the Jesuits had represented everything that was most wicked in the Roman Church. Much of this hysteria involving Jesuit conspiracies against monarchs and the state and stories of sexual intrigue provided the basic stock of the Protestant anti-Jesuit polemic of the post-1848 period. This discourse drew on a tradition of anti-Jesuit diatribe that ascribed enormous powers to the Jesuit order, a rogue society in the church, engaged, both liberals and Protestants believed, in a colossal and fantastic conspiracy to conquer the world. Jesuits never stopped short of blackmail and murder to attain their goals, and always they operated with stealth and cunning.⁶⁴

Her kan me stilla oss eit spørsmål som også er av relevans vidare: Er det riktigast å snakka om ein separat anti-jesuittisk diskurs, eller bør ein istadenfor sjå på dei anti-jesuittiske ideane som ein sentral del av ein breiare anti-katolsk diskurs? Svaret er at det avhenger av den sosiale ramma den anti-jesuittiske diskursen vert ført innanfor.

Her kan ein avstikkar til Italia og til 1840-talet vera opplysende. Her hadde ideen om italiensk samling breidd om seg, og ein av dei sentrale ideologane for denne rørsla var abbeden Vincenzo Gioberti. I boka *Del primato morale e civile degli italiani* gjekk han inn for ein italiensk konføderasjon, med paven i ei sentral rolle. Primato førte til ein heit debatt i katolske intellektuelle miljø, og fekk blant anna kritikk frå fleire prominente jesuittar, blant dei Luigi

⁶² Brutus, *Foreign Conspiracy*, s. 20.

⁶³ Brutus, *Foreign Conspiracy*, s. 97 – 98.

⁶⁴ Michael B. Gross, *The War against Catholicism: Liberalism and the Anti-Catholic Imagination in Nineteenth-Century Germany* (Ann Arbor: University of Michigan Press, 2004), s. 89.

Taparelli d'Azeglio. Gioberti la ikkje fingrane mellom i sitt tilsvar. I andreutgåva av Primato skildra han jesuittane som ei kjelde til vondskap, som ein kontrast til borgarlege verdiar og som antitesa til både venskap, ekteskap, familie og fedreland.⁶⁵ I det påfølgjande fembindsverket *Il Gesuita moderno* gjekk han endå hardare til verks, og hevda han at jesuittane var ei politisk sekt som ynskte å øydeleggja både Italia og katolisismen. Til liks med amerikanaren Morse kopla han dei også saman med Austerrike. Han freista også få paven til undertrykka jesuittordenen på ny, utan hell.⁶⁶ Utanfor kyrkja fekk anti-jesuismen likevel bein å gå på, og etter kvart vart han også utvida til ei meir generell anti-klerikalsk haldning. Manuel Borutta skriv:

Since anti-Jesuitism worked with conspiracy theories and metaphors of infection, it seemed logical to extend the aggression towards other religious orders and the clergy in general. [...] In the years that followed, anticlericalism became as mass movement in Piedmont. The press was the driving force behind this development. Piedmont's most important daily, *La Gazzetta del Popolo*, established a column called 'Black Sack' (Sacco Nero), that reported stories of clerical misconduct in Italy, Europe and the world on a daily basis. The clerical sins were many. In the year 1854, they included: fake miracles; violent repressions against believers, atheists and people of different faiths; crimes against the state; theft; sexual excesses, and capital crimes such as the abandonment, sexual abuse and murder of children.⁶⁷

Det ville vera direkte meiningslaust å sjå på Gioberti sin anti-jesuittiske diskurs som anti-katolsk, og mange har også vald å kalla den seinare vendinga – retta mot den katolske kyrkja som sådan – for anti-klerikalsk snarare enn anti-katolsk. Biletet i England og USA er ganske annleis, sidan anti-katolisismen der vart kombinert med nativistiske idear, retta mot dei «framande», mot innvandraran, og då særleg mot irar.

Katolske overgripingar

Så langt har eg fokusert på det *konspiratoriske* elementet i anti-katolsk diskurs. Lat oss no venda attende til Charles Dickens sine spanske løkar, og til framstillinga av katolske prestar og munkar som lidderlege, umoralske, som overgripingar og som eit seksuelt trugsmål. Dette er nemleg ikkje mindre enn eit sentralt element i anti-katolsk diskurs. Historikaren Philip Jenkins skriv:

⁶⁵ Manuel Borutta, «Anti-Catholicism and the Culture War in Risorgimento Italy» i Silvana Patriarca og Lucy Riall, *The Risorgimento Revisited: Nationalism and Culture in Nineteenth-Century Italy* (Hampshire: Palgrave Macmillan, 2012), s. 192.

⁶⁶ Borutta, «Anti-Catholicism and the Culture War», s. 193.

⁶⁷ Borutta, «Anti-Catholicism and the Culture War», s. 193 – 194.

Never far from the heart of anti-Catholic rhetoric is an attack on the Church as the purveyor and practitioner of depraved sexuality. In the nineteenth century, the most sensitive issue was that of the confessional, which posed a frontal challenge to conventional middle-class ideologies of family and gender relations. [...] Clerical celibacy was another delicate issue, as a denial of fundamental assumptions about the supremacy of family life, not to mention received ideas about masculinity and gender roles.⁶⁸

I USA dukka det opp ein heil sjanger av litteratur som Jenkins omtaler som «quasi-pornography claimed to expose the clandestine life of the confessional».⁶⁹ Ei av dei mest kjende bøkene i sjangeren er sjølvbiografien til den tidlegare nonna «Maria Monk», *Awful Disclosures*.⁷⁰ Sjølv om boka ikkje skildrar seksuelle handlingar inngåande, er det openbert at dei forferdelege avsløringane inkluderer seksuelle overgrep. Frå barndomen fortel Monk om ei 13-årig venninne utsett for ein prest som gjorde noko «of so criminal and shameful a nature, I could hardly believe it»⁷¹, og frå klosterlivet fortel ho:

Nothing important occurred until late in the afternoon, when, as I was sitting in the community room, Father Dufresne called me out, saying he wished to speak with me. I feared what was his intention, but I dared not disobey. In a private apartment, he treated me in a brutal manner; and from two other priests, I afterward received similar usage that evening. Father Dufresne afterward appeared again; and I was compelled to remain in company with him until morning.⁷²

Ho fortel også om drap, og ikkje minst om brutale avstraffingsmetodar. Til slutt klarer ho å rømme. Då er ho også gravid. Maria Monk si bok var utvilsamt eit falsknarverk, men ho vart også ekstremt populær, ifølgje Richard Hofstadter truleg «the most widely read contemporary book in the United States before *Uncle Tom's Cabin*».⁷³

Marie Anne Pagliarini har sett nærare på konstruksjonen av den katolske presten som seksuell avvikar, både i romanform – inklusive «klosterromanar», påstått sannferdige forteljingar som

⁶⁸ Philip Jenkins, *The New Anti-Catholicism: The Last Acceptable Prejudice* (New York: Oxford University Press, 2003), s. 43.

⁶⁹ Philip Jenkins, *New Anti-Catholicism*, s. 44.

⁷⁰ Maria Monk, *Awful Disclosures of Maria Monk, or, The Hidden Secrets of a Nun's Life in a Convent Exposed* (Manchester: Milner and Company, 1850).

⁷¹ Maria Monk, *Awful Disclosures*, s. 10.

⁷² Maria Monk, *Awful Disclosures*, s.42.

⁷³ Richard Hofstadter, «The Paranoid Style in American Politics», *Harper's Magazine*, november 1964, s. 77 - 86. Sjå også Marie Anne Pagliarini, «The Pure American Woman and the Wicked Catholic Priest: An Analysis of Anti-Catholic Literature in Antebellum America», *Religion and American Culture: A Journal of Interpretation*, vol. 9, nr. 1 (1999), s. 97 – 128; og Sandra Frink, «Women, the Family, and the Fate of the Nation in American Anti-Catholic Narratives, 1830 – 1860», *Journal of the History of Sexuality*, vol. 18, nr. 2 (2009), s. 237 – 264 .

Monks *Awful Disclosures* – og i sakprosa. Ho påpeiker at utgangspunktet ofte låg i ein protestantisk kritikk av sølibatet:

According to the anti-Catholic logic of sexuality, male sexual energy could be repressed for only a limited time before it necessarily erupted out of control. And once a slight catalyst pushed a man over the edge of sexual abstinence, his sexual voracity became inexorable [...]. The institution of celibacy thus transformed, in a very short time, an ordinary male into a raging sexual madman capable of any act of wickedness to satisfy his exorbitant and unrestrained lust. Murder, rape, incest, and child abuse were standard fare in the life of a male corrupted by the vow of celibacy.⁷⁴

Med dette i mente var også det obligatoriske skriftemålet eit klårt trugsmål, blant anna fordi den katolske presten – i rolla som skriftefar – kunne stilla dei mest inngåande spørsmål om seksualitet til kvinner. Her var det ikkje berre den korrumperte presten som utgjorde eit trugsmål, men også kvinna sjølv. I *Frauds of Papal Ecclesiastics* skreiv G. D. Emerline til dømes om korleis skriftemålsordninga gjorde at kvinnene mista sin naturlege skamfullhet, noko som gjorde det enkelt for dei «to speak of themselves, and to insinuate their own passions».⁷⁵ På denne måten utgjorde skriftemålet ei fære både mot den uskyldsreine amerikanske kvinna og mot familielivet.⁷⁶

Også i Europa var biletet av munkar og prestar (og i ei viss mon også nonner) som overgriparar – gjerne seksuelle overgriparar – ein del av den anti-katolske diskursen. På tysk finn ein til dømes denne tematikken i bøker som *Licht und Finsterniss oder die freien Gemeinden und die Jesuiten* (1861), *Schwester Adolphe oder die Geheimnisse der inneren Verwaltung des bürgerlichen Invalidenhausen in Mainz* (1863), *Enthüllungen aus bayerischen Klöstern aus der neueren Zeit* (1868), og *Pfaffewesen, Mönchsscandale und Nunnenspuk. Beitrag zur Naturgeschichte des Katholizismus und der Klöster* (1871).⁷⁷ Viktig i denne samanheng er også den såkalla Ubryk-affæra frå 1869. Då vart nonna Barbara Ubryk funne av myndigheitene i Krakow – den gongen del av Austerrike – etter eit anonymt tips. Ubryk hadde vore innesperra sidan 1848, fordi ho – visst nok – var psykisk sjuk. Skandala som fulgte førte både til anti-katolske opptøyer, til åtak på jesuittane og til at litteratur om grufullheiter i kloster fekk ny

⁷⁴ Pagliarini, «The Pure American Woman», s. 104.

⁷⁵ G. D. Emerline, *Frauds of Papal Ecclesiastics* (New York: ingen utgiver angitt, 1835), s. 139.

⁷⁶ Pagliarini, «The Pure American Woman», s. 108 – 110.

⁷⁷ Sjø Michael B. Gross, «The Strange Case of the Nun in the Dungeon, or German Liberalism as a Convent Atrocity Story», *German Studies Review*, vol. 23, nr. 1 (2002), s. 69 – 84.

popularitet, særleg i det tyskspråklege Europa. At Ubryk vart påstått å ha site innesperra sidan 1848 – same år som liberale, revolusjonære krefter hadde blitt slått ned i ulike tyske statar – gjorde det også mogleg å identifisera Ubryk med liberalismen, ja, med sjølve fridomen.⁷⁸ Berre få veker etter den innesperra Ubryk vart funne dukke også omfattande bokverket *Barbara Ubryk oder die Geheimnisse des Karmeliter-Klosters in Krakau* opp om saka.⁷⁹ «Wäre indes Barbara Ubryk nur die einzige Unglückliche gewesen, die man so grausam in geheimer Haft hielt», skriv forfattaren – dr. A. Rode, før han seier at ho kan prisa seg lukkeleg samanlikna med «mit den Tausenden Opfern, welche die Klöster ihrer ungeheuerlichen Jurisdiction schlachten: es gibt kaum ein Kloster, indem nicht Mönche oder Nonnen lebendig begraben und grausam gemartert wurden».⁸⁰

Katolisismen som gamaldags

Med den nemnde koplinga mellom Barbara Ubryk og liberalismen er me inne på eit tredje tema i anti-katolsk diskurs, nemleg katolisismen som ei gamaldags og tilbakestående kraft. Samstundes som konspirerande katolske krefter – fyrst og fremst jesuittar – vart framstilt som ei fære for det etablerte, anten det var den engelske parlamentarismen eller den amerikanske fridomen, kunne katolisismen også fylla ein funksjon som fiende i kampen for opplysning og framsteg.

I ei rekkje europeiske land gjekk det på siste halvdel av attenhundretalet for seg ein kulturkamp, som Manuel Borutta har skildra slik:

The culture wars were about the place and meaning of religion. On the one hand, there were progressive powers, for whom it was about the secularisation of society and who in fact understood different things by this: the liberals wanted a differentiation of politics and religion, a privatisation of religion, the submission of the Church to the state, a secularisation of public institutions such as schools, but also liberation from the restrictions of the Church and religious discrimination. Democrats and radicals, socialists and anarchists, and free-thinkers and positivists wanted even more: the separation of church and state and the replacement of faith with knowledge. These different projects of secularisation generated the opposition of religious

⁷⁸ Gross, «The Strange Case», s. 76-77.

⁷⁹ Gross, «The Strange Case», s. 73. Jf. A. Rode, *Barbara Ubryk oder die Geheimnisse des Karmeliter-Klosters in Krakau*, (München: Neuburger & Kolb, 1869).

⁸⁰ Rode, *Barbara Ubryk*, s. 1238-1239. Mi omsetjing: «Hadde berre Barbara Ubryk vore den einaste ulukkelege som ein heldt i hemmeleg fangenskap på dette viset» og «tusenviis av offer slakta gjennom klostrene sin grufulle jurisdiksjon, det finst knapt eit kloster der ikkje munkar eller nonnen har vorte levande begravde, og gjort til martyrar på grusomt vis».

forces who advocated a continuance or expansion of religiosity in the public sphere and politics as well as the primacy of the Church and religion over the state and knowledge.⁸¹


Den religiøse opposisjonen var ikkje berre katolsk, påpeiker Borutta, men fokuset vart likevel ofte retta mot den katolske kyrkja, ikkje minst fordi den stod sterkt imot delinga av kyrkje og stat – med Pavestaten sjølv som eit klårt døme av særleg tyding i Italia, sidan han stod i veggen for ei italiensk samling.⁸² Borutta framhever også korleis den katolske verda vart *orientalisert* av sine kritikarar i kulturkampen:

Der Katholizismus wurde im Kulturkampf von deutschen und italienischen Liberalen nicht nur als grotesk anachronistisch, skandalös rückständig und politisch reaktionär beschrieben, sondern auch als exotisch, primitiv und barbarisch. Es kan zum Ausschluss des Katholizismus aus der modernen Geschichte, aus der europäischen Zivilisation und aus der nationalen Kultur. Gleichzeitig wurde er explizit mit kolonisierten Räumen der außereuropäischen Welt gleichgesetzt assoziiert und verglichen, vor allem mit dem Orient.⁸³

⁸¹ Manuel Borutta, «Settembrini's World: German and Italian anti-Catholicism in the age of the culture wars», i Werner og Harvard, *European anti-Catholicism*, s. 45. Sjå også Manuel Borutta, *Antikatholizismus, Deutschland und Italien im Zeitalter der europäischen Kulturkämpfe*, (Göttingen: Vandenhoeck und Ruprecht Verlag, 2010).

⁸² Ibid.

⁸³ Borutta, *Antikatholizismus*, s. 41. «Katolisismen vart under kulturkampen ikkje berre sett på som grotesk anakronistisk, skandaløst tilbakestående og politisk reaksjonær av tyske og italienske liberalarar, men også som eksotisk, primitiv og barbarisk. Det førte fram til ein eksklusjon av katolisismen for den moderne historia, frå den europeiske sivilisasjonen og frå den nasjonale kulturen. Samstundes vart han eksplisitt sett på line med, assosiert med og samanlikna med koloniserte område i den ikkje-europeiske verda, framfor alt med Orienten».



**«INGENTING NYTT UNDER SOLA». NONNA BARBARA UBRYK I FANGENSKAP,
FRAMSTILT SOM DEN FENGLA FRIDOMEN, MED BANNERET «LIBERTÉ, ÉGALITÉ,
FRATERNITÉ» (FRIDOM, LIKSKAP, BRORSKAP) FØRE SEG.**

**HENTA FRÅ DET LIBERALE TIDSSKRIFTET *KLABBERADATSCH*, GJEVE ATT GJÅ GROSS,
«THE STRANGE CASE», S. 74.**

Kapittel 3: Marta Steinsvik, personen og samfunnsdebattanten

«Mangfoldigheten i hennes virke kan synes overveldende», skriv Ingeborg Solbrekken om Marta Steinsvik i biografien *Kors og kårde*,

Hvordan er det mulig for ett menneske å gå i så mange retninger? [...] Hun var på mange måter forut for sin tid, hun var full av motsetninger – og stod i et spenn fra religiøs mystiker og universalist til ultranasjonalist.⁸⁴

I kva grad dette faktisk *er* ei motsetjing er noko diskutabelt, men både Marta Steinsvik sitt religiøse utgangspunkt, den religiøse utviklinga ho gjekk gjennom og hennar ultranasjonalistiske impulsar må seiast å vera relevante for det sentrale i denne studia, nemleg Marta Steinsvik sin ultranasjonalisme. Då er det også naudsynt å sjå baketter på Marta Steinsvik litt frå ungdomen av og fram til hennar strid med den katolske kyrkja byrja. Det er også i seg sjølv ei interessant historie, sidan Steinsvik opp gjennom desse åra var i kontakt med ei rekkje sentrale personar i norsk og europeisk kulturliv.

Steinsvik vart fødd som Marta Tonstad, og vaks opp i Bakke og seinare i Mandal. Etter kvart vart ho elev hjå Ragna Vilhelmine Nielsen, ein norsk lærar og kvinnesaksforkjempar som også var interessert i både spiritisme og okkultisme, ei interesse Nielsen truleg hadde allereie den gongen den unge Marta Tonstad var blant elevane hennar.

Då ho var sytten fekk Marta Tonstad deltidsjobb som sekretær i kulturtidsskriftet *Kringsjaa*. *Kringsjaa* var grunnlagt av ingeniør Hans Tambs Lyche – som også var utdanna som prest innanfor den unitariske kyrkja. Det var eit tidsskrift som ofte publiserte artiklar omsett frå europeiske og amerikanske kulturtidsskrift, artiklar om både politikk, kunst, litteratur og religion. Blant dei var det også fleire artiklar om teosofi, blant dei artikkelen «The Protestant



MARTA STEINSVIK. FOTO: REDIGERT UTGAVE AV FOTO FRA OSLO BYMUSEUM, OB.F06491A (BYHISTORISK SAMLING). UKJENT FOTOGRAF.

⁸⁴ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 11.

Spirit» skrive av den teosofiske leiarfiguren Annie Besant.⁸⁵ Solbrekken oppsummerer innhaldet i denne artikkelen slik:

[Besant mente at lutherdommen] hadde de krefter i seg som var nødvendige for fremtidens utvikling. Det var den som gjorde den moderne vitenskapens fremskritt mulig. Skeptisisme og materialisme fulgte i dens fotspor, og den protestantiske kirke var dermed blitt hjelpeløs overfor den økende mengden vantro. Kirken hadde lukket sine ører for naturens stille strømmer og satt fornuften, begrenset til den fysiske hjerne som eneste formidler av sannhet, i høyetet. Først når den protestantiske ånd innrømmer den mystiske bevissthetstilstands realitet og verdi, ville den opphøre å være materialismens herold. Det var de protestantiske menigheters mangel på mystikk som var årsak til deres mangel på ånd.⁸⁶

I ein kort biografi skrive av Anton Aure i 1916 heiter det at Marta Steinsvik vart teosof som 17-åring og at «det hev ho vori heile tidi sidan», sjølv om ho ikkje alltid var samd i alle dei teosofiske teoriane, «ho gjeng ofte sine egne vegar».⁸⁷ Som me skal sjå vart ho likevel endå tettare involvert med ei rørsle som sprang ut av teosofien, Rudolf Steiner sin antroposofi.

I 1896 gifta Marta Tonstad seg med Rasmus Steinsvik – som var anarkist og redaktør for bladet *17de mai*. Alt før dette hadde dei vore sambuarar, noko som i seg sjølv var ganske uhøyrd på denne tida.

I løpet av dei neste åra fekk ho fleire born, heile fem før ho fylte tretti. Barnefødslane kom nok i vegen for nokre av studiane ho hadde tenkt seg, men ho arbeidde som lærar, debuterte som dramatkar og vart også ein del av den såkalla Asker-krinsen, eit litterært og kulturelt miljø rundt Arne og Hulda Garborg, skildra meir inngående i Alfred Fidjestøl si ferske bok *Frå Asker til Eden*.⁸⁸ Steinsvik fordjupa seg i egyptologi, og arbeidde med å omsetja litteratur til nynorsk, blant anna omsette ho John Bunyans *The Pilgrim's Progress*, Walter Scotts *Ivanhoe*, og *Jerusalem* av Selma Lagerlöf.⁸⁹

Antroposofi og ulukkeleg kjærleik

I 1907 flytta Steinsvik meir eller mindre permanent frå mannen – etter å ha fått beskjed frå legen om at ho ikkje ville tola fleire barnefødslar. Sjølv om ekteskapet ikkje var over, vakla det, samstundes som Marta Steinsvik byrja å gjera karriere som føredragshaldar. I 1910 gav ho også

⁸⁵ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 49; jf. Annie Besant, «Den protestantiske aand», *Kringsjaa*, nr. 6, omsett frå *Theosophical Review*.

⁸⁶ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 48f.

⁸⁷ Anton Aure, *Kvinnor i den nynorske bokheimen: stutte livsskildringar* (Kristiania: Nikolai Olsens Prenteverk, 1916), s. 36-37.

⁸⁸ Alfred Fidjestøl, *Frå Asker til Eden* (Oslo: Samlaget, 2014).

⁸⁹ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 89-114; Aure, *Kvinnor*, s. 41.

ut pamfletten *Ægteskabet og forplantninget*, der ho argumenterte for at kvinner hadde rett til å skilja seg om dei ikkje fekk råda over eigen kropp og seksualitet.⁹⁰

I den same perioden vart ho interessert i antroposofien, og ho kom i direkte kontakt med Rudolf Steiner, som vitja Noreg to gongar i 1908. I eit brev til Steiner skreiv Steinsvik:

Så hørte jeg Deres foredrag på Ljan. Etter hvert trengte den underbare dybde og storhet i kristendommen inn i min sjel. Noen få enkeltheter er fortsatt uklare, og jeg kan ikke få det til å stemme, men det er ubetydeligheter. Nå vet jeg de Do har rett, og at den varme [*Neigung*] jeg følte for Dem første gang ikke var personlig. Det var Kristus i mitt hjerte, som den gang ikke hadde funnet form.⁹¹

I 1908 vart Steiner si bok *Hvorledes erhverves kundskap om høiere verdener*, ei samling artiklar som fyrst vart utgjeve i tidsskriftet *Lucifer-Gnosis*, gjeve ut på norsk. Boka var omsett av ei av Marta Steinsvik sine venninner, Helga Geelmuyden. Ifølgje Solbrekken var dette noko av eit pionerarbeid, den fyrste fullstendige bokutgåva av dette verket kom fyrst året etter.⁹²

Både Geelmuyden og Steiner vart også oppteken i det Steiner omtala som fyrste grad av den esoteriske skule, og i 1910 var ho ein av ti personar som vart innvidd til andre grad. Med dette vart Steinsvik ikkje mindre enn ein føregangsfigur for antroposofien i Noreg, ikkje minst gjennom det såkalla Heilig Olavslaget, som – ifølgje Steinsvik - skulle «[l]yfta Kristi kross opp og vida um krossen ein krans av friske raude rosar».⁹³ Det var også i 1910 at ho overtok tidsskriftet *Kringsjaa*, som sleit i motbør. Tanken var at det skulle verta eit antroposofisk organ, men trass i at ei rekkje kjende namn bidrog som skribentar – blant dei Arne Garborg, Anders Hovden, Sven Moren og Kristoffer Jansson – var ikkje bladet lenger liv laga, og det var lagt ned etter berre nokre månader.⁹⁴

Den same hausten – etter ei reise til Berlin – vart Steinsvik tvangsinnlagt på Gaustad asyl, etter initiativ frå ektemannen, og etter ei diagnose stilt av den ikkje ukjende overlegen Johan Scharffenberg.⁹⁵ Sjølv skulle ho seinare meina at ho aldri hadde vore psykisk sjuk, noko biografen Solbrekken gjev henne rett i, utan å nemna at venninna Hulda Garborg ikkje lemna

⁹⁰ Marta Steinsvik, *Ægteskabet og forplantningen* (Kristiania: Blytt & Lund, 1910).

⁹¹ Brevet, som truleg vart skrivne ein gong mellom 10. og 27. juli 1908, er gjeve att hjå Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 130-131.

⁹² Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 131 – 132; jf. Rudolf Steiner, *Hvorledes erhverves kundskap om høiere verdener*, 3. opplag (Oslo: Vidar, 1921), forordet, s. I.

⁹³ Marta Steinsvik, «Eit adelsfolk», *Kringsjaa*, 27. januar 1910. Sitert hjå Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 137.

⁹⁴ Terje Christiansen, «Marta Steinsviks Kringsjaa – et blad i antroposofiens historie», *Libra*, nr. 3/4, 1989.

⁹⁵ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 152 – 181.

mykje tvil om at Steinsvik faktisk hadde psykiske problem i sine dagbøker.⁹⁶ Det høyrer også med til historia at Steinsvik medan ho var innlagt skreiv eit brev til Rudolf Steiner, innleia med «Rudolf, kjære Rudolf, min elskede» og avslutta med signaturen «Marta Steiner».⁹⁷ Signaturen er ein av fleire ting i det stutte brevet som har blitt understreka, truleg av kontrollkommissjonen på Gaustad, eller av Scharffenberg.⁹⁸

Forfattar og folketalar – men ikkje prest

Marta Steinsvik vart skrive ut frå Gaustad i mai 1911. Ekteskapet hennar var i all praktisk forstand over, og ho drog istadenfor til Setesdal, der ho ei tid fekk bu hjå presten Ivar Mortensson-Egnund, tidlegare kollega av Rasmus Steinsvik og ven av Arne Garborg. Egnund er blant anna kjend for gjendiktingane av *Draumkvædet* og *Den eldre Edda*. Også han hadde ei fortid som anarkist.⁹⁹

Våren 1912 drog Steinsvik til London, der ho studerte egyptologi under Flinders Petrie. På hausten drog ho til København og studerte ho hjå Valdemar Schmidt.¹⁰⁰

I 1913 døydde Rasmus Steinsvik, før skilsmissa med Marta var endeleg. I åra som fulgte heldt ho fram på si eiga karriere både som skribent og folketalar. Ho bidrog blant anna til magasinet *Vidar*, gjeve ut av Antroposofisk Selskap, og ho heldt føredrag i regi av Folkeakademiet, truleg om arkeologiske utgravingar og om gamal egyptisk kultur. I 1916 heldt ho også eit føredrag for Landskvinnestemmerettsforeningen, eit føredrag som ifølgje Solbrekken starta debatten om kvinnelege prestar i Noreg.¹⁰¹

Dette siste føredraget er også gjeve ut som bok, *Kvendi og preste-embættet*.¹⁰² I bokutgåva seier Steinsvik blant anna:

Men at [Paulus] i det store og det heile, ja til og med for all framtid skulde hava meint aa vilja negta kvendi preste-arbeidet [...] – det er ein tanke, som er so heilt i strid, ikkje berre med sjølve grunndraget i kristendomen, men og med heile tankegongen paa den tid, og fyrst og framst med den verkelege soge-samanhangen, at me skynar han maa vera botnfalsk.

⁹⁶ P. E. Hem, «Marta Steinsviks fascinerende liv», *Tidsskrift for Den norske legeförening*, nr. 19, 2012. Online: <http://tidsskriftet.no/article/2888187/> (Besøkt: 12. mai 2015).

⁹⁷ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 188 – 189.

⁹⁸ Ibid.

⁹⁹ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 197 – 205. For ein omfattande biografi over Mortensson-Egnund, sjå Klaus Langen, *Ivar Mortensson Egnund*, (Oslo: Samlaget, 1957).

¹⁰⁰ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 206, s. 220.

¹⁰¹ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 246-247, 252-254.

¹⁰² Marta Steinsvik, *Kvendi og preste-embættet: fyredrag halde paa landsmøtet for L. K. S. F., 8de juli 1916*, (Risør: Erik Gunleikssons forlag, 1917).

Jamvæl i slike samfund i gamletidi der kvendi elles i mange maatar var innestenge og forkuva, ser me daa likevæl at preste-embættet stod deim ope. Prestar og prestinner i lag bed til himmelmagterne og ber fram offer for folket.

For ikkje noko folk i *gamletidi* var saa faakunnigt, at det ikkje hadde væl greide paa, at alt som hadde med dei aandelege ting aa gjera var av kvende-art. Det er ikkje noko treff, at grækarane, til dømes, tenkte seg Psyche, sjæli, som eit kvendekvikjend.¹⁰³

Ifølgje Steinsvik var det ikkje mindre enn opplagt av kvinner måtte og burde kunna bli prestar på lik linje med mennene. Dette var sjølv sagt ein noko radikal tanke i 1916, om enn ikkje meir radikal enn at den hadde slått rot på Teologisk fakultet. På Menighetsfakultetet var det annleis, dei meinte at kvinnelege prestar ville «staa i aapenbaar strid med Guds ord og den hellige skrift».¹⁰⁴ Trass i dette byrja Steinsvik å studera teologi ved nettopp Menighetsfakultetet hausten 1918. Ei tid før dette hadde ho forlatt Antroposofisk Selskap, utan at ho av den grunn forkasta antroposofien. Samstundes arbeidde ho med dramatikk, med teaterstykkene *Bispen* og *Isis-sløret*, det siste eit mysteriedrama i fem akter som ho ikkje fekk ordna med utgjevinga av før i 1921.¹⁰⁵

I 1920 vart Steinsvik invitert Geneve for å halda føredrag om kvinnelege prestar på ein verdskonferanse for kvinner. Då ho vel kom fram, fekk ho likevel ikkje halda føredraget – ein katolsk delegat skal ha kome med eit ultimatum frå paven, om føredraget vart halde ville dei katolske delegatane måtte venda nasa heimover. Kor visst dette med paven er, kan diskuteras – Solbrekken oppgjev Kari Schirmer, Steinsvik si dotter som kjelde.¹⁰⁶ At den katolske kyrkja då – som no – ikkje ville godta kvinnelege prestar, er likevel utvilsamt. Kanskje ligg ei av kimene til Marta Steinsvik sin anti-katolisisme nettopp her.

Heller ikkje i den norske, lutherske kyrkja fekk ho høve til å bli prest. Men i 1921 vart ho invitert til å halda preike i Grønland kirke i Oslo, der ho sjølv var aktiv i kyrkjelyden, og der presten – Carl Johan Ecktell – var positivt innstilt til kvinnelege prestar. Ho preika over Hebrearbreve, som ho meinte var skriva av Prisca, ei viktig kvinne i aposteltida. Preika var også teologisk avvikande frå Den norske kyrkja, inspirert av antroposofien, men diskusjonen i etterkant skulle dreia seg om Steinsvik sitt kjønn, og ikkje om innhaldet.¹⁰⁷ Ein hissig debatt

¹⁰³ Steinsvik, *Kvendi og preste-embættet*, s. 34 – 35.

¹⁰⁴ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 268.

¹⁰⁵ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 274 – 277, 282 – 288.

¹⁰⁶ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 291 – 293.

¹⁰⁷ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 298 – 302.

fulgte, der nokre meinte at Steinsvik hadde handla beint fram lovstridig. Resultatet var at ho gav opp teologi-studiane. Likevel er debatten om kvinnelege prestar noko av det Steinsvik blir hugsa for i dag.

Antisemittisme

Som nemnd i innleiinga er det noko anna som har skapt debatt om Steinsvik i norsk opinion dei siste åra – mykje grunna kritikk mot Solbrekken sin biografi, biografien mykje av gjennomgangen over kviler på. Det dreier seg om antisemittisme. Blant dei som har kritisert Solbrekken er historikaren Kjetil Braut Simonsen, som meiner at Solbrekken teiknar «et glansbildeaktig bilde av sitt studieobjekts virke og betydning i den norske samfunnsdebatten». Simonsen skriv:

Steinsvik var i 1920-årene oppslukt av en antisemittisk virkelighetsoppfatning, hvis kjerne bestod i en forestilling om at jødene stod bak alle nedbrytende fenomener og utviklingstendenser i fortiden og samtiden – at de arbeidet planmessig for å bryte ned den rådende politiske og moralske orden med det siktemål å oppnå verdensherredømme. Steinsvik bekjente seg imidlertid ikke bare personlig til antisemittiske konspirasjonsforestillinger. Hun virket også som det antisemittismeforskeren Einhart Lorenz betegner som en antisemittisk multiplikator, som gjennom sine foredrag brakte jødefiendtlige forestillinger ut til et bredt norsk publikum.¹⁰⁸

Simonsen heldt fram med å seia at Solbrekken sjølvsagt ikkje er «ukjent med sitt studieobjekt antisemittisme», men understrekar at han finn det «forstemmende at også hennes Steinsvik-biografi beskriver hovedpersonens jødefiendtlighet i apologetiske ordelag».¹⁰⁹

I denne samanheng er det ikkje naturleg å gå djupare inn i debatten om Steinsvik sin antisemittisme, utover å slå fast at Steinsvik *definitivt* var ein sentral aktør i å spreia antisemittiske konspirasjonsteoriar i norsk offentlegheit. Ho heldt blant anna ei lang rekkje føredrag om det vidgjetne antisemittiske falsknarverket *Sions Viser Protokollar*.¹¹⁰ Vidare må det påpeikast at anti-semittismen hennar ikkje er utan samanheng med dei anti-katolske førestillingane ho også forfeikta, noko som blant anna er tydeleg i intervjuet i *Aftenposten* som vart sitert i innleiinga til dette arbeidet. Ein gjennomgang av hennar anti-katolske verksemd vil koma i neste kapittel,

¹⁰⁸ Kjetil Braut Simonsen, «Relativisert antisemittisme», *vepsen.org*, 13. januar 2012.

Online: <http://www.vepsen.no/2012/01/relativisert-antisemittisme/>

¹⁰⁹ Ibid.

¹¹⁰ Ibid. Jf. Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 329 – 332.

før me ser nærare på hennar sentrale anti-katolske verk, boka *Sankt Peters himmelnøkler*, kjeldene ho nyttar seg av og dei anti-katolske diskursane ho opererer innanfor.

Andre debattar

Sjølv om debattane om den katolske kyrkja, og med katolske representantar, skulle taka mykje av Steinsvik si tid utover på 1920-talet og 1930-talet, var ho også delaktig i andre debattar. Ho engasjerte seg i teologiske debattar, blant anna om helveteslæra.¹¹¹ Ho tok opp spørsmål knytt til dyrevelferd.¹¹² Ho engasjerte seg også innanfor den nasjonalistisk orienterte organisasjonen Norsk Folkereisning, om enn kortvarig, noko som igjen plasserer henne innanfor ein høgreradikal kontekst.¹¹³ Seinare deltok ho i debattar om spiritisme, og ho kritiserte «det behandlingsmonopol legestanden nå ville bemektige seg», noko som førte henne i strid med tidlegare nemnde Johan Scharffenberg.¹¹⁴ Ho var også sterkt skeptisk til vaksiner.¹¹⁵

Ein annan debatt ho engasjerte seg i, dreidde seg om Oxford-rørsla, ei kontroversiell vekkingsrørsla som hadde si stordomstid i åra fram mot andre verdskrigen.¹¹⁶ Denne var ho sterkt kritisk til, av fleire årsaker. Ho sette også rørsla i samband med den katolske kyrkja. «Oxford-bevegelsen er kamuflert katolisisme», sa ho i eit intervju med *Adresseavisen*:

Jeg mener å kunne føre bevis for at bevegelsen er et forsøk frå katolsk side på å gjenerobre de protestantiske land. Nemlig når Oxford-bevegelsen har oppløst alle protestantiske åndelige begreper, setter Den katolske kirke inn.¹¹⁷

Hennar siste store debatt kom etter andre verdskrigen. Trass i at ho hadde vorte blind, skreiv Steinsvik då boka *Frimodige ytringer*, der ho på det sterkaste kritiserte landssviksoppgjeret, og peikte på mishandling og overgrep retta mot blant andre tidlegare NS-medlemer.¹¹⁸ Ho skal også ha gjeve ut boka *De hvite ravnens broderskap: Noen shortstories*, ei samling noveller – nokre av dei med klårt overnaturlig innhald – under pseudonym.¹¹⁹

¹¹¹ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 365 – 368.

¹¹² Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 369 – 372, 506 – 514, 570 – 571.

¹¹³ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 495 – 499.

¹¹⁴ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 542.

¹¹⁵ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 570 – 581.

¹¹⁶ For ein omfattande gjennomgang, sjå Helje Kringlebotn Sødal, *Oxfordbevegelsen 1934–1940* (Oslo: Cappelen Damm, 2013).

¹¹⁷ Sitert hjå Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 522.

¹¹⁸ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 605 – 634.

¹¹⁹ Marstein, *De hvite ravnens broderskap: Noen shortstories* (Oslo: Eige forlag / Marstein, 1945).

Kapittel 4: Norsk katolisismedebatt på 1920-talet

I 1926 kom pamfletten *Et retslig oppgjør med den katolske kirke* ut på L. E. Tvedtes forlag i Oslo. Pamfletten var eit intervju med Marta Steinsvik gjort av Rolf Heiestad i samband med den såkalla Steinsvik-Riesterer-saka. Fyrst i pamfletten fortel Steinsvik sjølv om innleiinga på sitt anti-katolske arbeid:

Under jesuiter-diskussionen i avisene ifjor blev jeg interviewet av “Aftenposten”. Jeg uttalte bl.a., at de klokeste politikere Norge nogensiden har hat var Eidsvoldsmændene, som stængte jesuiterne ute fra vort land, og at vi kunde være glad saalænge vi var jesuiterne kvit. — Den katolske provicar Offerdahl angrep mig i «Aftp» for mine uttalelser, og som svar skrev jeg saa en længere artikkel om den jesuittiske, d. v. s. den nuværende katolske moralteologi [...].¹²⁰

Intervjuet er omtalt i Kapittel 1, men her kan det vera verdt å sjå nærare på artikkelen Steinsvik skreiv som tilsvaret til Offerdahl, ein artikkel som var publisert i tre delar i *Aftenposten*, 16. og 17. juli 1925.¹²¹ Innleiingsvis kan det vera verdt å merka seg at Steinsvik – som var ein sentral formidlar av *Sions Vises Protokollar* i norsk samanheng – tidleg i tilsvaret hevdar at ho ikkje er jødehatar, men tvert om har «den største sympati for dette begavede folk, som har skjænket de andre nationer verdens frelser». Trass i at tilsvaret har tittelen «Jøder og jesuiter» er dette også det einaste Steinsvik skriv om jødar i det.¹²² Åtaka på den katolske kyrkja er derimot fleire. Fyrst går Steinsvik til åtak på den jesuittiske moralteologien, representert ved «en av deres største lærere, den berømte Liguori, som til og med har blit kanonisert». Ho tek utgangspunkt i Alfonso Liguori sitt forsvar for naudløg, men føyer raskt til:

Liguori hævder likeledes, at man ikke alene kan, men skal skjule sin katolske tro, naar det passer, f.eks. naar man opholder sig i et kjættersk land og man ved at aabenbare den utsætter sig for ubehageligheder osv., eller man kan tjene kirken bedre ved at holde sin katolske tro hemmelig.

At paven har ret til at løse enhver fra en hvilken som helst ed, er vel kjendt. Jesuitene lærer ogsaa den dag idag, at kirken ikke bare har ret, men plikt til at dræpe kjettere og frafaldne.¹²³

¹²⁰ Rolf Heiestad, *Et retslig oppgjør med den katolske kirke: interview med Marta Steinsvik*, (Oslo: Tvedte, 1926), s. 5.

¹²¹ Marta Steinsvik, «Jøder og jesuiter - I», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 16. juli 1925, s. 3; «Jøder og jesuiter - II», *Aftenposten* (morgon), 17. juli 1925, s. 6; «Jøder og jesuiter - III», *Aftenposten* (kveldsutgåvan), 17. juli 1925, s. 3.

¹²² Steinsvik, «Jøder og jesuiter - I».

¹²³ Steinsvik, «Jøder og jesuiter - II»

Så skriv ho at det er «et uhyggelig historisk faktum» at «dette ældgamle paabud», sjølv om det «maaske ikke [er] almindelig kjendt», låg bak drapet på den amerikanske presidenten Abraham Lincoln, som ifølgje henne vart utført av jesuittar!¹²⁴ Det er ein interessant påstand, ikkje fordi det har noko med røyndomen å gjera, men fordi det knyter Steinsvik opp til ein amerikansk anti-jesuittisk tradisjon. Som nemnd tidlegare er dette ein påstand ein finn att hjå blant andre Charles Chiniquy.

Steinsvik framhevar også kva slags spørsmål kvinner får i skriftestolen, og syner der igjen til Alfonso Liguori, samt til Peter Dens, som døme. Også her ser ein koplinga til utanlandsk anti-katolisisme. Som Denis G. Paz påpeiker, «Victorian anti-Catholics often misrepresented the casuist moral theology of St. Alphonsus Liguori and Peter Dens as being the justification for sexual and other sorts of immorality». ¹²⁵ Steinsvik siterer sjølv jarlen av Shaftesburys «rammende ord»: «Avskyelig bestialitet er for mildt et uttryk. Detaljene er utænkelige uten for den mest perverse». ¹²⁶

Ho avsluttar tilsvaret sitt med endå eit sitat, no frå den «store franske historiker I. De Récalde», som ho meinte «rammet like i blinken»:

- Jesuitene hadde beklaget sig over, at der utspreddes saa mange løgne og bakvaskelser om dem.
- Vær glad, hvis man lyver og bakvasker dem, svartes der. Man kunde gjøre det som værre var.
 - Og hvad er saa det?
 - Man kunde si den fulde sandhet om jesuitene. Det vilde være døden for dem!¹²⁷

Sjølv om sitatet er nok upresist, syner Steinsvik her til ei utgåve av Miguel Mirs *Histoire intérieure de la compagnie de Jésus*, omsett til fransk og utgjeve i 1922, og til etterordet skrive av pseudonymet I. De Récalde.¹²⁸ Snarare enn ein stor, fransk historikar var I. De Récalde eit av pseudonyma til den franske, katolske presten Paul Boulin, ein glødande anti-jesuitt knytt til tidsskriftet *Revue internationale des sociétés secrètes*, og elles kjend for å formidla konspirasjonsteoriar rundt både jødar og frimurarar.¹²⁹

¹²⁴ Ibid.

¹²⁵ Paz, *Popular anti-Catholicism*, s. 2-3.

¹²⁶ Steinsvik, «Jøder og jesuiter – III».

¹²⁷ Ibid.

¹²⁸ Jf. Miguel Mir / I. de Récalde, *Histoire intérieure de la compagnie de Jésus* (Paris: Librairie Moderne), 1922, s. 572. Originalen lyder: «– Félicitez-vous de tant de cruels mensonges, lui répondit l'historien de la Compagnie; on aurait pu articuler contre vous pis encore. – Quoi donc? – La vérité. [...] Mais la vérité leur est mortelle».

¹²⁹ Maurice Olender, *Race and Erudition* (Cambridge: Harvard University Press, 2003), s. 23.

Den nye anti-katolske artikkelen frå Steinsvik la sjølvstilt ikkje nokon dempar på den norske katolske responsen. Bondeparti-avisa *Agder Tidend* i Kristiansand hadde sitert innlegget hennar, og der svarte den katolske pastoren Celestin Riesterer i ei krass tone. Han skulda henne for løgn, og spurte «om M.S. selv er løgnfabrikant i helvedes tjeneste, eller om hun kun er en navi forhandler en gros et en detail».¹³⁰ Det var meir enn kva Steinsvik ville finna seg i. I intervjuet med Heiestad fortel ho:

Jeg forlangte, at pastoren inden en maaned skulde offentlig ta sine beskyldninger tilbake og gjøre en passende undskyldning, ellers ville jeg ta saken op til retslig behandling og da fremkomme med nye oplysninger av endda mere graverende art. Istedentfor at tilbakekalde kom pastoren med en endnu grovere artikkel. Jeg sendte da saken til politiet.

[...] I anledning selve saksanlegget vil jeg gjerne ha sagt, at jeg selvfølgelig ikke vilde ha ænset injurier rettet mot mig personlig, hvis det her ikke gjældt noget meget mere. [Rettsaken] er fra min side kort og godt et forsøk på at sende et faresignal utover til det norske folk i anledning den stadig økende katolske propaganda her i vort land.¹³¹

Før me ser nærare på Riesterer-Steinsvik-saka, som skulle vekke stor merksemd, kan det vera hjelpsam å sjå litt på baketeppet. I si masteroppgåve om den norske katolske minoriteten i Noreg i perioda 1905-1930 skriv Tone Slotsvik at mellomkrigstida har vorte skildra som ei periode då tilhøvet til den katolske kyrkja fekk ein sentral plass også blant lutherske kyrkjefolk. Ho peiker på fleire saker som førte til auka merksemd rundt katolikkane på fyrste halvdel av tjuetalet: kardinal van Rossum sin visitas til Noreg i 1923, Lars Eskeland og Sigrid Undset sine konversjonar til katolisismen og debatten om jesuittparagrafen.¹³²

Jesuittparagrafen

Då Steinsvik vart intervjuet om jødar i *Aftenposten* i mai 1925 gjekk ho inn i ein debatt som allereie hadde vart fleire år. Han vart utløyst av at den danske jesuittpastoren Aloysius Menzinger – i Danmark omtala som «den lille jesuit», fordi han var ein spinkel kar – vitja Noreg i 1921.¹³³ Han hadde blitt invitert til landet for å halda føredrag i Studentersamfunnet. Alt på førehand skreiv *Morgenbladet*:

¹³⁰ Sitatet er frå *Agder Tidend*, 21. august 1925, og er gjeve att hjå Slotsvik, «*Alt for Norge*», s. 72.

¹³¹ Heiestad, *Et retslig oppgjør*, s. 6.

¹³² Slotsvik, «*Alt for Norge*», s. 57.

¹³³ Bernadette Preben-Hansen, «Hærværk i Stenosgade», *katolsk.dk*, 20. oktober 2011. Online: [http://www.katolsk.dk/579/?tx_ttnews\[tt_news\]=9446&cHash=1d2b7d1e2bd022dc42391c99a71937d0](http://www.katolsk.dk/579/?tx_ttnews[tt_news]=9446&cHash=1d2b7d1e2bd022dc42391c99a71937d0)

Det skal bli ganske pussig å se, hvordan våre myndigheter vil stille seg til denne meddelelse. I grunnlovens paragraf 2 står der den dag i dag, at jesuiter ikke må tåles. Og der kan etter hva det meddeles oss på det mest autoritative hold ikke herske tvil om dette uttrykks fortolkning. Der menes slett og rett at en jesuit ikke må sette sin fot over kongeriket Norges grenser. Og selvfølgelig da langt mindre opptre offentlig.¹³⁴

Men grunnlova til tross vart Menzinger verken stogga ved grensa, kasta ut eller utsett for rettsleg forfølgning. Grunnlovparagrafen framstod rett og slett som sovande. Blant dei som likte det dårleg var den norske entreprenøren, lekmannspredikanten og samfunnsdebattanten Albert Hiorth.¹³⁵ Han meldte Menzinger til Justisdepartementet “for bevisst overtredelse av Norges grunnlov”.¹³⁶

Ikkje lenge etter Hiorth sin anmeldelse sette departementet fram ein kongeleg proposisjon om jesuittforbodet, som i *Dagbladet* hadde blitt kalla både foreldra og latterleg. Dei vende seg til Kyrkje- og utdanningsdepartementet, som i 1923 sende førespørslar til statskyrkja sine biskopar, til Menighetsfakultetet og til Teologisk Fakultet. På Menighetsfakultetet stilte ein seg negative til å oppheva forbodet, men både i Teologisk Fakultet sitt lærarråd og blant biskopane var ein positive til ei lovendring.¹³⁷ Kyrkjedepartementet konkluderte med at dei ikkje kunne gå imot ei lovendring, då lova ikkje stemte overeins med «den forståelse av religionsfrihet som er den alminnelige i våre dager, og da det heller ikke kan antas at opphevelse av dette foreldede og i og for seg lite virksomme forbud vil kunne ha skadelige følger».¹³⁸

Berre to år seinare – då paragrafen vart diskutert i Stortinget, hadde stemninga snudd, fleirtalet av biskopar var no imot, og Den Norske Presteforening ytra seg også negativt til å opna for jesuittar.¹³⁹ Ein av grunnane til det var truleg etterdønningane etter at den nederlandske kardinalen van Rossum vitja Noreg i 1923, noko me snart kjem attende til.

I mellomtida hadde det vore debatt i ei rekkje norske aviser, med blant andre Hiorth som ein aktiv deltakar. Til liks med det Steinsvik seinare skulle gjera retta han åtaka inn mot jesuittisk moralfilosofi i sin argumentasjon rundt «for dette vårt land så vitale spørsmål».¹⁴⁰ Det gjekk

¹³⁴ Sitatet vert gjeve att i Harald Steine Dehlin, *Boken om Albert Hiorth: en norsk Aladdin*, (Oslo: Lutherstiftelsen, 1949), s. 110 – 111.

¹³⁵ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 35.

¹³⁶ Dehlin, *Boken om Albert Hiorth*, s. 111.

¹³⁷ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 36.

¹³⁸ Sitat frå Stortingsproposisjon nr. 123, 1923, gjeve att hjå Dehlin, *Boken om Albert Hiorth*, s. 112.

¹³⁹ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 36.

¹⁴⁰ Dehlin, *Boken om Albert Hiorth*, s. 117.

hardt for seg, så til dei grader at eit svarinnlegg frå Hiorth til eit innlegg av den katolske presten K. Kjelstrup vart utstyrt med følgjande redaksjonelle åtvaring i *Sandefjord Blad*:

Nedenforstående innlegg forekommer oss å være noe nær en rekord i overdrivesler og utilbørlighet i angrep på anderledes troende. Når vi allikevel inntar det, skjer det fordi vi meget nødig nekter folk å komme til orde.¹⁴¹

Hiorth var elles aktiv som både forfattar og forleggar. Han skreiv sjølv pamflettane *En bibelstudents kommentar til "Jewish Peril"* (1920), *Spørsmål til en katolsk ven fra en norsk protestant* (1924) og *Bør jesuiter taales?* (1925), og utga dessutan *Utdrag av jesuiternes lære om kirkens og statens plig til utryddelse av kjættene i aar 1900* (1924) og ei omsetjing av eit utdrag frå George Howard-Wrights *Glastonbury or Rome, their true relationship, or, is Rome our Mother*.¹⁴² Særleg *En bibelstudentskommentar* kan vera verdt å framheva, då dette er eit slags hjelpeskript til *A Jewish Peril*, ei utgåve av det vidgjetne antisemittiske falsknarverket *Sions Viser Protokollar*, som kom ut i Noreg tidleg på 1920-talet – fyrst på engelsk, og sidan på norsk, omsett frå engelsk av omsetjaren Hiorth nytta til ei rekkje av sine pamflettar, Sara Helene Weedon.¹⁴³ Hå Hiorth vert nemleg ideen om den jødiske konspirasjonen knytt konkret opp mot både sosialisme, spiritisme, teosofi, Christian Science-rørsla og – ei rekkje gongar – jesuittar. Ein stad syner Hiorth til tre antijesuittiske bøker, før han kommenterer: «I disse verker beskrives Ignatius Loyola og hans disciples [jesuittenes] færd i Vesterland, nærværende verk gir os et indtryk av Østens kollegaers virke».

I 1924 gav Hiorth ut pamfletten *Notater til et foredrag om Bibelens profetiers lys over verdenspolitikken i dag*, der han ifølgje Linda Aasvangen utdjupa synet frå *En bibelstudents kommentar*. Aasvangen påpeiker at han i dette skriftet fusjonerer sin «motstand mot bolsjevismen med en tydelig antikatolisisme; den katolske kirke får rollen som konspiratør i forbund med bolsjevikene».¹⁴⁴

¹⁴¹ Sitert hjå Dehlin, *Boken om Albert Hiorth*, s.114.

¹⁴² Albert Hiorth, *En bibelstudents kommentar til «The Jewish Peril»* (Kristiania: eige forlag, 1920); Albert Hiorth, *Spørsmål til en katolsk ven fra en norsk protestant* (Kristiania: eige forlag, 1924); Albert Hiorth, *Bør jesuiter taales? Nogen historiske illustrationer til Eidsvoldsmændenes grunde for Norges Grundlovs §2* (Oslo: eige forlag, 1925), samt *Utdrag av jesuiternes lære om kirkens og statens pligt til utryddelse av kjættene i aar 1900: citater*, (Asker: eige forlag, 1925) og Howard G. Wright, *Er Romerkirken vår kirkes mor? Det sanne sammenhengs forhold mellom Glastonbury og Rom* (Oslo: eige forlag, 1925).

¹⁴³ For meir detaljar om dette, sjå Linda Aasvangen, «*En fare som truer os alle*», masteroppgåve i historie (Oslo: Universitetet i Oslo, 2010), særleg s. 52, s. 66 – 69.

¹⁴⁴ Aasvangen, «*En fare som truer os alle*», s. 63. Jf. Albert Hiorth, *Notater til et foredrag om Bibelens profetiers lys over verdenssituasjonen i dag* (Kristiania: eige forlag, 1924).

Soknepresten A. Gundersen, som var ein av dei andre som engasjerte seg i denne debatten, hadde ein annan innfallsvinkel. I eit innlegg i *Aftenposten* i mars 1925 gjekk han til åtak på jesuittane på dobbelt grunnlag. For det fyrste syner han til den jesuittiske morallæra, og her syner han til den markant antijesuittiske boka *Klosterlasse: et bidrag til den jesuittiske propagandas historie i Norden*, utgjeve av Andreas Brandrud i 1895.¹⁴⁵ Vidare synte han til konflikta mellom norske misjonærar og jesuittmisjonærar på Madagaskar. Som Iris Kvellestad syner i si masteroppgåve var dette også eit tema som dukka opp i stortingsdebatten om den føreslegne grunnlovsendinga.¹⁴⁶ Gundersen skriv:

Hvad jesuitene i den tid fik øvet mot den protestantiske mission gennem franske (og delvis infødte) embedsmænd, som de fik proppet med løgn, og gjenm fanatiske indfødte troesfæller, er saa haarreisende, at man maatte vægre sig at tro det dersom man ikke hadde samstemmige vidnesbyrd om det baadre fra engelske og norske missionærer.¹⁴⁷

Konflikter med jesuittar var også noko som vart skildra i fleire bøker frå den gassiske misjonsmarka, blant anna i Johs. Johnssons *Det første hundreaar av Madagaskars Kirkehistorie: en studiebok* frå 1914 og Chr. Borchgrevinks *Erindringer fra de første femtiaar af Det norske missionselskabs arbeide paa Madagaskar* frå 1917, som er boka Gundersen syner til.¹⁴⁸ Borchgrevink – som skriv fleire sider om «Jesuitforfølgelsen» – hevdar at jesuittmisjonærane ikkje sjølv tok del i overgrep, «men brugte de Indfødte, som det lykkedes dem at opfanatisere til en Grad, der grænser til det utrolige». Han hevdar vidare at jesuittane stod bak både åtak på misjonærar, ein kyrkjebrann, storming av kyrkjer og drap.¹⁴⁹ Som Kvellestad syner i si masteroppgåve var konflikta på Madagaskar også noko som vart synt til i blant anna *Luthersk Kirketidende*, som eit døme på jesuittisk framferd.¹⁵⁰

Avslutningsvis kan det vera verdt å peika på at mange såg på jesuittane som sjølv spydspissen for katolisismen, og slik som eit trugsmål. Under stortingsdebatten i 1925 uttrykte skuleinspektør Rasmus Tveteraas – representant for Venstre og styremedlem i Det norske misjonsselskap – dette slik:

¹⁴⁵ A. Gundersen, «Jesuitene – en kontra-protest», *Aftenposten* (morgonutgåva), 20. mars 1925, s. 2; jf. Andreas Brandrud, *Klosterlasse: et bidrag til den jesuittiske propagandas historie i Norden* (Kristiania: Th. Steens Forlagsexpedition, 1895). Sjå også A. Gundersen, «Jesuitene», *Aftenposten* (morgonutgåva), 8. april 1925, s. 3.

¹⁴⁶ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 51-54.

¹⁴⁷ Gundersen, «Jesuitene».

¹⁴⁸ Johs. Johnsson, *Det første hundreeaar av Madagaskars Kirkehistorie: en studieb* (Stavanger: Det Norske Missionselskap, 1914); Chr. Borchgrevink, *Erindringer fra de første femtiaar af Det norske missionselskabs arbeide paa Madagaskar* (Stavanger: Det Norske Missionselskap, 1921 (orig. 1917)).

¹⁴⁹ Borchgrevink, *Erindringer*, s. 146-151.

¹⁵⁰ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 63-65.

Man har en følelse av at det brygger opp til kamp mellom Rom og Wittenberg, og jeg tviler ikke på, at i fremtiden vil denne kamp bli mer intens og alvorlig enn nu. Den kamp får komme, og den kamp frykter vi ikke; men vi vil at begge parter skal kjempe med samme våpen... Vi mener, at kampen fra den lutherske kirkens side må føres helt på åndelig vis med åndelige våpen; men da vil vi heller ikke at den katolske kirke skal sende en flom av agenter inn i vårt land, som er beredt til å føre kampen med andre slags våpen.¹⁵¹

Om eit kardinalbesøk og etterdønningane av det

Sumaren 1923 vitja den nederlandske kardinalen Wilhelm van Rossum – i pressa omtalt med tilnamnet «Den røde pave» – dei fem nordiske landa. I Noreg var dette fyrste gongen ein kardinal hadde vore på visitas sidan Vilhelm av Sabina kom i samband med kroninga av Håkon Håkonsson i Bergen i 1247. Slik sett var det ikkje underleg at hendinga fekk stor merksemd i norsk presse.¹⁵² I ein artikkel i *Aftenposten* 24. juli vert reisa hans skildra i detalj, og det vert også synt til korleis kardinalen under besøket i Trondheim ynskte å halda messe i Nidarosdomen, men ikkje fekk høve til det – etter at både biskopen og soknepresten hadde rådd frå det.¹⁵³ Nokre dagar seinare hadde *Aftenposten* si kveldsutgåve sett av god plass til van Rossum si vitjing på framsida av avisa, med to bilete og klokkeslett for pontifikalandakta den kvelden.¹⁵⁴

Kardinalbesøket skapte sjølvsagt også ein del debatt medan det pågjekk – tildømes vart avgjerla om å ikkje tillata katolsk messe i Nidarosdomen kritisert frå både katolsk hald og av enkelte protestantiske prestar.¹⁵⁵ I etterkant kom det også ein skarpere debatt, både i Noreg og Sverige.¹⁵⁶ Dette skjedde i samband med eit lite skrift utgjeve av kardinalen, på nederlandsk og retta til nederlandske medkatolikkar, *Aan mijne Katholieke Landgenoten*.¹⁵⁷ 13. mars 1924 nytta *Aftenposten* igjen store delar av fyrstesida på van Rossum, men no var det med fokus på denne vesle pamfletten, som dei omtala som «[e]t merkelig skrift», «upaalidelig» og «vel ikke en kirkefyrste av forfatterens rang helt værdig».¹⁵⁸ Blant påstandane *Aftenposten* reagerer på er van Rossum si forteljing om at protestantismen i Sverige vart innført med våpenmakt, «med ild

¹⁵¹ Sitert hjå Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 49.

¹⁵² Eidsvig, «Den katolske kirke vender tilbake», i Gran et al, *Den katolske kirke i Norge*, s. 300 – 301.

¹⁵³ «Kardinalbesøket», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 24. juli 1923, s. 4.

¹⁵⁴ «Kardinal van Rossum i høitidelig audiens i formiddag», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 31. juli 1923, s. 1.

¹⁵⁵ Slotsvik, «*Alt for Norge*», s. 58.

¹⁵⁶ For meir om dei svenske reaksjonane, sjå Yvonne Maria Werner, *Nordisk katolicism. Katolsk mission och konversion i ett nordiskt perspektiv* (Göteborg: Makadam, 2005), s. 164 – 177.

¹⁵⁷ Wilhelm van Rossum, *Aan mijne Katholieke Landgenoten* (Rotterdam: E. De Bont & Zoon, 1923).

¹⁵⁸ «Hvad ‘den røde pave’ fortæller om sine indtryk fra de nordiske land», *Aftenposten* (morgonutgåva), 13. mars 1924, s. 1.

og sverd». Avisa kommenterer tørt: «Mon ikke kardinalen her bygger på Snorres beretning om kristendommens indførelse, 500 aar tidligere. Hvis han har andre kilder, vilde disse sikkert i høi grad interessere vore historikere».¹⁵⁹ At van Rossum heilt konkret set denne påstanden i samanheng med den svenske fridomskrigen mot Danmark under Gustav Vasa nemner avisa ikkje.¹⁶⁰

Når det er sagt er det ikkje vanskeleg å skjønna kvifor van Rossum sitt skriv var provoserande for nordiske protestantar. Kardinalen skildrar blant anna korleis han meiner den protestantiske kyrkja er i ferd med å falla saman i lærestrid, og korleis protestantane stod att utan noko fundament. Den lutherske liturgien framstiller han som tom, sjellaus og prega av dødskulde. Han kom også med den underlege påstanden om at biskopane sine koner deltok i bispeviingar ved å leggja handa på ektemannen, ein annan påstand *Aftenposten* framheva i si omtale. Han fortalde også om korleis djevelen – «den helschen vijand»¹⁶¹ – ikkje lot noko vera uprøvd for å halda folk vekke frå å gå over til katolsk tru.¹⁶²

I april trykte *Aftenposten* eit svar på kritikken mot boka, i form av eit brev frå van Rossum. Der vedgjekk han at «nogen feil og unøiaktigheter» hadde snike seg inn i pamfletten mot hans vilje, med påstanden om bispekonene som «[d]en alvorligste blant dem». Han orsaka også djupt.¹⁶³

At skaden var skjedd – og også påverka den pågåande debatten om jesuittparagrafen – er det likevel liten tvil om. Høgremannen Carl Joachim Hambro refererte konkret til det i stortingsdebatten om den føreslegne grunnlovsendinga, som ein del av si grunngeving for å stemma imot:

Jeg tror ikke der er tvil om for eksempel at katolikkene i Norge, som teller så mange utmerkede borgere og så mange utmerkede og samfundsinteresserte individer, vilde ha stått sig meget på, om den kirkefyrste der nylig besøkte vårt land, hadde latt være å utgi en bok som vidner om en så misvisende informasjon, og en så overfladisk viden og en så lite intelligent oppfatning av forholdene i Norge. Det er ingen tvil om at et skrift som det kardinal van Rossum utgav, har skadet katolicismen i Norge særdeles meget. Jeg finner det ganske riktig å uttale det. Det var

¹⁵⁹ Ibid.

¹⁶⁰ Sjå van Rossum, *Aan mijne Katholieke Landgenoten*, s. 28 – 29. Her skriv van Rossum også at koplinga mellom uavhengigheitskamp og «den strijd tegen de Kerk» (kampen mot Kyrkja) ikkje var naudsynt, og at det førte til at mykje høgkultur vart øydelagd, før han kjem med påstanden om at den lutherske læra vart innført «te vuur en te zwaard» (med eld og sverd).

¹⁶¹ Den infernalske fiende.

¹⁶² van Rossum, *Aan mijne Katholieke Landgenoten*, s. 38-43.

¹⁶³ «Kardinal van Rossums bok», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 23. april 1924, s. 1.

kulturelt nedslående at et slikt skrift kunde utgis av en mann med den autoritet, og der er ingen tvil om, at det har skadet hans egen sak.¹⁶⁴

Eskeland-saka

Om enn kardinalen meinte at djevelen ikkje lot noko vera uprøvd for å hindra folk i dei nordiske landa frå å gå over til katolisismen så var det fleire som gjorde det. Dei to mest kjende var Sigrid Undset og Lars Eskeland, kulturpersonlegheiter på kvart sitt vis. Undset var ein kjent forfattar, og hennar overgang til den katolske kyrkja vakte sjølvstøtt ein del merksemd, ikkje minst fordi ho også kasta seg inn i debatten om blant anna jesuittparagrafen.¹⁶⁵

Det var likevel Lars Eskeland som verkeleg skulle skapa stor debatt, og Steinsvik refererte også konkret til han i avisintervjuet som for alvor skaut henne inn i den norske debatten om både jesuittar og katolikkar. «Nu prøver katolikkene blandt annet at faa tak i vort lands ungdom ved at spille på de nationale strenger», sa Steinsvik, og ytra at ho ikkje kunne forstå korleis ein «betydelig mand som Lars Eskeland virkelig har kunnet la sig dupere».¹⁶⁶ Eskeland var nemleg ingen kven som helst. Han var ein kjent målmann og glødande nasjonalist, berre månader før Steinsvik-intervjuet hadde han faktisk helde tale på det bergenske opningsmøtet for den høgreradikale, sterkt nasjonalistiske organisasjonen Fedrelandslaget.¹⁶⁷

Dessutan var Eskeland – opprinneleg stordabu – ein av grunnleggjarane av folkehøgskulen på Voss, og han hadde vore styrar der gjennom ein mannsalder. Då han konverterte i 1925 var han nok uroa for korleis dette skulle påverka skulen, for han skal ha freista å ha fått både ein annan lærar, Olav Holdhus, og sin eigen son Øistein til å overta som styrar. Uroa hans skal likevel ha vore mest knytt til om foreldre ville senda borna sine til ein skule med katolsk styrar.¹⁶⁸

Det synt seg ikkje å vera noko stort problem, istadenfor dukka det opp eit anna. I samband med budsjetthandsaminga i Stortinget i 1926 spurte nemleg stortingsmannen Nils S. Belland, som representerte Venstre, om ein katolikk kunne vera styrar på ein skule som fekk statsstøtte. Kyrkjedepartementet valde – som i spørsmålet om jesuittar – å spørja biskopane. Fire av dei meinte at skulen burde mista statsstøtta om Eskeland heldt fram som styrar. Dei tre resterande var usamde. Departementet konkluderte med at dei ikkje ville frårå statsstøtte for 1927, men

¹⁶⁴ Sitert hjå Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 47.

¹⁶⁵ For eit døme, sjå «De norske katoliker protesterer mot grundlovens jesuiterforbud», *Aftenposten* (morgonutgåva), 13. mars 1925, s. 1..

¹⁶⁶ «Jøder og jesuiter», *Aftenposten* (morgonutgåva), 6. mai 1925, s. 8.

¹⁶⁷ Heile tala er tilgjengeleg i Olav Moe og Lars Eskeland, *Tvo foredrag* (Oslo: Fedrelandslaget, 1925), s. 3 – 9.

¹⁶⁸ Borghild Krane, *Sigrid Undset: liv og meninger* (Oslo: Gyldendal, 1970), s. 219.

gjekk ut frå at Eskeland sjølv ville trekkja seg som styrar. Eit fleirtal i Stortinget sin kyrkje- og skulekomite hadde eit anna syn, dei meinte at statsstøtte berre kunne verta gjeve til skulen dersom Eskeland ikkje hadde noko meir med han å gjera, verken som styrar eller lærar.¹⁶⁹ Før den tid hadde debatten spreidd seg, i folkehøgskulemiljøet – årsmøtet i Norsk Høgskolelag støtta Eskeland – og også langt ut over dette.¹⁷⁰ Blant dei som meinte skulen ikkje kunne få statsstøtte med Eskeland i leiinga var soknepresten Jørgen Thomsen, som skraut av folkehøgskulen på Voss, men deretter la til:

Men er den norske lutherske kirkers øverste ledelse saa tolerant, at den lar Eskeland faa offentlig hjælp ti sin skole, saa vil den romersk-katolske kirke opfatte det som et bevis blant mange paa, at interessen for denne kirken er i vekst selv paa ledende hold. Vi har jo kardinal van Rossums besøk her i frisk erindring.¹⁷¹

Thomsen framheva også at Eskeland som katolikk var «hellig forpliktet til at drive katolsk propaganda», noko han meinte gjorde det umogleg med statsstøtte. Eskeland som katolsk propagandist var også noko Steinsvik framheva i intervjuet gjort av Heiestad:

Selv Lars Eskeland har ikke før tat sin tilflukt til “den eneste saliggjørende kirkes” favn, saa skal straks hele landet “kristnes”.

Ifølge det katolske blad “St. Olav” for 4. Juni iaar, uttalte han paa festen ved det katolske landsmøte sine lyseste forhaabninger om et katolsk Norge.

“Tilslut gav hr. Eskeland os et fængslende og opmuntrende uttryk paa nynorsk for et lyst syn paa Norges fremtid som kristnet katolsk land. Det norske folk, den norske bonde, tør om faa aar komme til eftertanke – og handling”, skriver bladet.

Ja, det skulle saamen ikke undre mig om Eskeland ovenikjøpet faar statsunderstøttelse til dette sit “kristnings”-arbeide!¹⁷²

Eskeland valte å følgja stortingsvedtaket, og det vart etterkvart sonen Øistein som overtok styrarjobben, sjølv om sistnemnde fyrste hadde vore negativ. I sin pamflett *Katholsk propaganda* klaga Sigrid Undset over heile diskusjonen rundt Eskeland. Ho meinte både jesuittdebatten og Eskeland-saka hadde synleggjort “den mest fortryllende suffisante uvitenhet om alt som angaar catholicismens vesen, arten av dens paastande og kirkens stilling til staten i

¹⁶⁹ Kristian Hansson, *Stat og kirke: fredstider og kampår i Norge* (Bergen: Grieg, 1945), s. 37.

¹⁷⁰ Kristin Bjørke, *Frihet til å være folkehøgsskole*, masteroppgåve i administrasjon- og organisasjonsvitenskap, (Bergen: Universitetet i Bergen, 2009), s. 85f.

¹⁷¹ Jørgen Thomsen, «Lars Eskeland og folkehøgskolen», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 9. september 1926, s. 3.

¹⁷² Heieland, *Et retslig opgør*, s. 25. Kursivering frå originalen.

de land hvor der er samarbeide mellem kirke og stat".¹⁷³ Sjølv om Undset ikkje nemner Steinsvik med namn i denne boka er det lett å tenkja seg at det sparket var retta nettopp mot Steinsvik, som – då *Katholsk propaganda* kom ut i 1928 – var i ferd med å etablera seg som den hissigaste kritikaren av katolisismen her til lands.¹⁷⁴ Dette let seg også illustrera med eit sitat frå den skotskfødte, norske forfattaren Gabriel Scott si bok *Sven Morgendug* frå 1926:

Vi ser i disse dage i avisene, hvordan en teologisk furie her hjemme raser imot en anden kirke og tilmed har anlagt privat straffesak for at komme en anderledes tænkende broder til livs. Hvilket eksempel til efterfølgelse, ja hvilket eksempel på kjærlighet, paa fordragelighet og paa kristenaand! Og ikke en myndig mand i landet opløfter sin røst mot denne usømmelighet, men lar den uænsset gaa sin gang.¹⁷⁵

Steinsvik-Riesterer-saka

Det er ikkje vanskeleg å skjønna kven Scott skriv om, og at han refererer til konflikta mellom Steinsvik og Riesterer. Som nemnd ovanfor hadde den katolske soknepresten Celestin Riesterer reagert skarpt på Steinsvik sine avisinnlegg og føredrag, og han hadde skulda henne for løgn. Dette var ikkje noko ho ville finna seg i, og i eit tilsvar i *Christiansands Tidende* 28. september 1925 truga ho med å gå til sak mot Riesterer.¹⁷⁶ Eit par veker seinare svara soknepresten. Han tok trugsmålet med knusande ro, og heldt fram med sin kritikk av Steinsvik. Riesterer konkluderte:

Studentenes Grisevise, som med rette klandres og refses av rettænkende mennesker, er ikke så grisete og blasfemisk som den infame trafikk med velberaad hun har tilsølet moderkirken, dens prester og det vi holder for hellig. Det trænges nok en utlufting i denne forpestede atmosfæren.¹⁷⁷

Steinsvik meldte etter dette Riesterer til politiet, utan at det førte nokon veg. Dermed gjekk ho i staden til privat injuriersøksmål. Riesterer var viljug til forlik, og til å byta ut ordet «løgn» med det noko mjukare «usandhet», men det ville ikkje Steinsvik gå med på. Dermed var det duka for rettsak, ikkje minst takk vere bidrag frå tidlegare nemnde Albert Hiorth, som både let

¹⁷³ Sigrid Undset, *Katholsk propaganda* (Oslo: Some & Co, 1927).

¹⁷⁴ Undset var også ein av underteiknarane bak ein protest mot Steinsvik frå norske, katolske kvinner i 1927. Sjø Krane, *Sigrid Undset*, s. 222. Jf. også Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 402, der det heiter at Undsets næraste familie merka «hvordan de gnistrert i blick og gemytt hver gang Marta Steinsvik ble bragt på bane».

¹⁷⁵ Gabriel Scott, *Sven Morgendug* (Oslo: Gyldendal, 1926), s. 168.

¹⁷⁶ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 359f.

¹⁷⁷ Sitert hjå Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 361.

Steinsvik nytta det omfangsrike biblioteket han hadde heime i Asker og som dessutan bidrog økonomisk.¹⁷⁸

Rettsaka fekk enorm merksemd i pressa, både på Agder og andre stader. *Aftenposten* hadde til dømes ei heil rekkje artiklar om «[d]en eiendommelige retssak i Kristiansand».¹⁷⁹ Avisa kunne også fortelja at mange hadde møtt opp for å følgja saka som publikum, med køer langt ut i trappa, utan hell – rettsalen var ikkje større enn at dei tilgjengelege plassane vart opptekne av presse og jusstudentar. Vidare skriv avisa:

Etter at rettens formann hadde redegjort for endel formaliteter, leste han op den lange stevning, som omfatter hele 14 punkter. Da han kom til uttrykket om Martha Steinsvik som løgnfabrikant i helvedes tjeneste kunde byfogden ikke holde tilbake et smil, og da han kom til uttrykket om “kvinnen som lytter på slangen og rekker oss den forbudne frukt” smilte helte forsamling. Professor Ihlen måtte skjule ansiktet.¹⁸⁰

Avisa synte også til ein protest frå Steinsvik sin rettsfullmektige, Kjær Mordt, som framstår rimeleg paradoksal når ein har lese Heiestad sitt intervju med Steinsvik. Han synte til at motparten ville ha rettsaken til å vera eit oppgjær mellom katolisisme og protestantisme, men slik var det jo ikkje, hevda Mordt. Saka handla berre om Riesterer sine beskyldningar og om Steinsvik sine uttalelsar om jesuittisk morallære.¹⁸¹ Vitnelista i saka kan tyda på at saka så absolutt handla om meir enn berre dette. Fleire katolske prestar var kalla inn som vitne. Det same var Christian Ihlen, professor ved Teologisk fakultet, og tidlegare medredaktør for *Luthersk kirketidende*. I media vart også saka framstilt som noko av eit oppgjær mellom den katolske og den protestantiske kyrkja. «Den katolske kirkes moral under retslig behandling», heitte det i *Sørlandet*, medan *Aftenposten* skreiv at saka handla om «den katolske moralteologi».¹⁸²

Diverre vart ikkje rettsforhandlingane stenografert, og difor er det fyrst og fremst presseomtale, samt nokre maskinskrivne innlegg i Steinsvik sitt privatarkiv som er kjelder til kva som gjekk føre seg.¹⁸³ Steinsvik sin biograf – Ingeborg Solbrekken – samanfattar ganske kort, ved å seia at rettsaka var prega av «skarpe ordvekslinger og vidløftige utredninger».¹⁸⁴ Ho syner også til

¹⁷⁸ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 378.

¹⁷⁹ «Den eiendommelige retssak i Kristiansand er åpnet», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 11. januar 1928, s. 1f.

¹⁸⁰ Ibid.

¹⁸¹ «Pastor Riestererers forklaring», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 11. januar 1928, s. 2.

¹⁸² Frå artiklar i *Aftenposten* 7. januar og *Sørlandet* 12. januar, båe gjeve att hjå Solbrekken, s. 411.

¹⁸³ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 411.

¹⁸⁴ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 415.

avisa *Sørlandet*, ei avis med solid raudfarge, som etter at rettsforhandlingane var over oppsummerte med at byens journalistar pusta letta ut, etter at det i fem dagar hadde sust teologi, teologisk jus og latinske sitat rundt øyra på dei.¹⁸⁵

Dommen – som fall seinare i januar – var såpass paradoksal at den i etterkant har vorte tolka i ulike retningar. På den eine sida vart Riesterer frikjend, og Steinsvik vart dømd til å betala saksomkostningane. På den andre sida vart nokre av dei sterke uttrykka Riesterer hadde nytta kjent for daude og makteslause.¹⁸⁶ I media vart det likevel i hovudsak framstilt som om Riesterer var den som hadde vunne.¹⁸⁷ Også utanlands vart dommen lagt merke til. I Steinsvik sitt eige arkiv har biografen Solbrekken funne utklipp frå fleire utanlandske media, både svenske og tyske.¹⁸⁸ Sjølv har eg funne saka omtalt i ei rekkje nederlandske media. I *De Tijd* – ei katolsk avis – heiter det til dømes, i slutten av januar 1928, at retten gav Riesterer rett. Avis sin Oslo-korrespondent, som ikkje er namngjeven, skriv også at heile Noreg fulgte saka med spenning og at resultatet hadde vore ei overrasking.¹⁸⁹ Artikkelen nemner dessutan at Steinsvik nytta seg eit par tidlegare prestar som kjelder, blant dei «Chiniqui, den beruchte», ‘Chiniquy, den berykta’.¹⁹⁰ *De Tijd* hadde også omtalt saka tidlegare same månad.¹⁹¹

Saken vart ikkje avslutta med dommen. For det fyrste vart dommen flittig diskutert i pressa i etterkant, blant anna skreiv Ihlen to omfattande artiklar i *Aftenposten* om kva han meinte saka egentleg handla om.¹⁹² Ei gruppe – med ei rekkje prestar, fleire domprostar og tre professorar på laget – rykka også ut og oppmoda folk til å gje pengegaver til kvinna som hadde levert eit «forsvar for evangelisk tro og moral».¹⁹³ For det andre anka dommen til lagmannsretten, og då kjæremålsutvalet avviste anka, anka ho vidare til Høgsterett i spørsmålet om saksomkostnadene. Og for det tredje skulle Steinsvik seinare sjølv bli dratt for retten grunna grove skuldingar retta

¹⁸⁵ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 416.

¹⁸⁶ Kvellestad, *Motreformasjonens avantgarde*, s. 67. Jf. Hans Kiær Mordt, *Steinsvik-Riesterer-saken: i lys av Romerkirkens maktsystem*, (Oslo: C.P. Mordt & Søn, 1948), og Jon Kåre Time, «På kanten: Marta Steinsvik-debatten», *Morgenbladet* (nettutgåva), 23. februar 2012. Online: http://morgenbladet.no/debatt/2012/pa_kanten_marta_steinsvikdebatten#.VSWRFPDaxJB

¹⁸⁷ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 424.

¹⁸⁸ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 425.

¹⁸⁹ «Het proces pastoor Riesterer – Martha Steinsvik», *De Tijd*, 25. januar 1928, del 2, s. 6.

¹⁹⁰ Ibid.

¹⁹¹ «Aanvallen op de katholieke kerk», *De Tijd*, 16 januar 1928, del 2, s. 5.

¹⁹² Chr. Ihlen, «Hvad dreiet det sig om i Steinsviksaken» (I), *Aftenposten*, (morgonutgåva), 24. januar 1928, s. 5. Chr. Ihlen, «Hvad dreiet det sig om i Steinsviksaken» (II), *Aftenposten* (kveldsutgåva), 25. januar 1928, s. 4.

¹⁹³ Solbrekken, *Kors og kårde*, s. 425. Det er elles interessant å merka seg at også denne innsamlingsaksjonen vart omtalt i nederlandske *De Tijd*, jf. «Anti-papisme», *De Tijd*, 10. mars 1928, del 2, s. 6.

mot dommaren i saka, Johannes Norem. Desse skuldingane kom i bokverket *Sankt Peters himmelnøkler*.¹⁹⁴

¹⁹⁴ Retthandssaminga er gjennomgått hjå Mordt, *Steinsvik-Riesterer-saken*, s. 45-100. Merk at denne framstillinga, skrive av Steinsvik sin rettsfullmektige, i aller høgaste grad er ei partisk framstilling, også prega av anti-katolske førestillingar.

Kapittel 5: Sankt Peters himmelnøkler

Innleiing

Min hovudinngangsport til Marta Steinsvik si anti-katolske verksemd er boka *Sankt Peters himmelnøkler*, som – som tidlegare nemnd – kom ut i tre opplag, fyrst i 1928, sidan i 1930 og til sist i 1932. I min gjennomgang nedanfor har eg nytta tredjeutgåva av boka. Her er det verdt å merka seg at denne utgåva, i motsetnad til andreutgåva, ikkje inneheldt eit tilleggskapittel om den tidlegare omtale Steinsvik-Riesterer-saka.¹⁹⁵

Samla sett er dette ei ganske omfattande bok, med godt over 400 sider tekst, tidvis også tettskrive. Boka inneheldt fire hovuddelar. Den fyrste hovuddelen – på knappe førti sider – er føredraget «I Moderkirkens favn». Denne delen gjev oss med andre ord også eit interessant innblikk i det som kanskje var den *viktigaste* delen av

Steinsvik si anti-katolske verksemd, dei mange føredraga ho heldt landet over.

Bokverket i seg sjølv er også eit resultat av denne verksemda. Den andre hovuddelen i boka er nemleg eit svar på den korte boka *Avsløringen av umoralen i den katolske kirke: en katolsk prests erfaringer*, som vart utgjeve av pastoren F. Krijn på det katolske St. Olavs forlag i 1927.



ILLUSTRASJON 2

FRAMSIDA TIL 1932-UTGÅVA AV *SANKT PETERS HIMMELNØKLER*

¹⁹⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 19. Merk at sidetala refererer til 1932-utgåva.

Krijn si korte bok er eit direkte tilsvar til Steinsvik, med utgangspunkt i eit stenografisk referat av føredraget hennar. Steinsvik sin respons på Krijns *Avsløringen* utgjer også den klart største delen av *Sankt Peters himmelnøkler*, og er på over 200 sider. Ifølgje Steinsvik ville ho ikkje råka pastoren personleg, men «kun [...] benytte hans brosjyre som basis for en populær, letfattelig fremstilling av de mest vitale spørsmål inden den romers-katolske jesuitiske moral-teologi».¹⁹⁶

Den tredje hovuddelen er teksten «Litt pavehistorie», som nettopp er ein gjennomgang av dei historiske pavane – slik Steinsvik såg på dei, stort sett ikkje med milde auge.

Den fjerde hovuddelen er «Hellig Olav og den norske statskirke», der Steinsvik går til åtak på det ho oppfatta som eit katolsk forsøk på å kapra Heilag-Olav, som etter hennar syn ikkje representerte katolsk kristendom.

I tillegg til dette kjem det fleire kortare tekstar. Det inkluderer utdrag frå støtteerklæringar, det som vert omtalt som «[d]iverse katolske ‘protest-artikler», fororda til det andre og det tredje opplaget, teksten «Høitideligholder vi Olavsdagen paa en feilaktig datum», etterordet «Nogen ord til slut», ei støttande erklæring frå teologen Chr. Ihlen, som var sakkyndig i Steinsvik-Riesterer-saka, og eit avsluttande «Oprop til det norske folk». Av desse tekstane er det det avsluttande oppropet som er det mest interessante. Difor vil det, til liks med dei fire hovuddelane, bli presentert noko meir inngåande nedanfor.

Ved mi lesning av *Sankt Peters himmelnøkler* har det vore avgjerande å identifisera både anti-katolske og anti-jesuittiske *diskursar* ho knyter seg opp til og ikkje minst dei konkrete kjeldene – særleg utanlandske – ho nytta seg av. Det sistnemnde er ei noko utfordrande oppgåve, då Steinsvik sine kjeldehenvisningar er av høgst varierende kvalitet. I nokre høve har det vore enkelt å finna kjeldene, i andre høve har det vore meir av eit detektivarbeid. I gjennomgangen av dei ulike hovuddelane i *Sankt Peters himmelnøkler* vil eg syna til konkrete døme på kjelder. Avslutningsvis vil eg oppsummera sentrale diskursar som er spegla att i boka.

«I Moderkirkens favn»

Denne hovuddelen av Steinsvik si bok er – som nemnd – eit kapittel med utgangspunkt i føredrag ho heldt.

¹⁹⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 13.

Temaet er «disse mørke sider ved denne kirke», som «utfolder en saa intens virksomhet for at underminere alle evangeliske trossamfund», og fokus ligg i vesentleg grad på jesuittisk moralteologi, som Steinsvik også meinte at hadde blitt rådande i heile den katolske kyrkja. Ho tek utgangspunkt i kritikk retta mot jesuittane frå kyrkjehistorikaren Johann Joseph Ignaz von Döllinger¹⁹⁷ og i den baltisk-tyske protestantiske teologen Adolf Harnack.

Steinsvik sin kritikk av katolsk moralteologi er særleg retta inn mot Alfonso dei Liguori (1696 – 1787), som i 1871 hadde blitt utnemnd som kyrkjelærer, *Doctor Communis Ecclesiae*. Steinsvik meiner hans moralteologi i praksis tillet både drap, hor og tjuveri.¹⁹⁸ Steinsvik syner i denne samanheng også til den venetianske historikaren Paolo Sarpi (1552 – 1623), og siterer han på at det ikkje finst «den mened eller helligbrøde, fadermord, blodskap, voldtægt, bedrageri eller forræderi, som ikke kan dækkes over eller fremstilles som fortjenstfuldt i ly av deres dispensationer».¹⁹⁹ Ho utelet den historiske konteksten – ei konflikt mellom den venetianske republikken og Den romerske kurie – og går vidare til å konkludera med at det Sarpi kritiserer «er den nuværende katolske kirkes officielle lære».²⁰⁰

Vidare i føredraget kritiserer Steinsvik skrifteordninga. Denne meinte ho la opp til spørsmål som er «nedbrytende og sjælefordærvende, [...] ikke minst naar de rettes til kvinder og barn»²⁰¹, og vidare at ordninga tillot katolske prestar å forføra «sine skriftebarn til utugt».²⁰²

Fleire av desse temaa er å kjenna att frå britisk og amerikansk anti-katolisisme. Også framstillinga av skriftestolen som ein inngangsport til utukt er til å kjenna att frå anglo-amerikansk anti-katolisisme. Dette var til dømes sterkt til stades hos den canadisk-fødde Charles Chiniquy, ein katolsk prest som gjekk over til presbyteriansk kristendom, blant anna i boka *The Priest, the Woman and The Confessional*, som vart omsett til norsk så tidleg som i 1892.²⁰³ Chiniquy dukkar ikkje opp som kjelde i denne hovuddelen av *Sankt Peters himmelnøkler*, men er – som me skal koma attende til – referert ei rekkje gongar seinare i boka. Det er også verdt å leggja merke til at både Steinsvik og Chiniquy syner til ei undersøking av «geistlighetens moralske forhold» i spanske Sevilla på 1560-talet. «Resultatet viste, at der i hele

¹⁹⁷ Döllinger var sterkt kritisk til ideen om pavens ufeilbarlighet, og den jesuittiske ultramontanismen, og vert sett på som ein sentral bidragsytar til den såkalla gamalkatolske kyrkja sine idear, sjølv om han aldri sjølv slutta seg til denne. Steinsvik syner, som me vi sjå, også til fleire gamalkatolske kjelder.

¹⁹⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 23-26.

¹⁹⁹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 26.

²⁰⁰ Ibid.

²⁰¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 30-31.

²⁰² Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 33.

²⁰³ Paz, *Popular anti-Catholicism*, s. 2; jf. Charles Chiniquy, *Den romerske prest, kvinden og privatskriftemaalet*, (Christiania: Steen, 1892).

Sevilla by neppe var en kvinne som ikke var blitt forført, eller en skriftefar som ikke hadde gjort seg skyldig i utugt», skriv Steinsvik.²⁰⁴ «Da tiden var udløben, viste det sig, at antallet af de prester, som havde ødelagt sine kvindelige skriftebørns dyd, var saa stort, at det var umuligt at straffe dem alle», skriv Chiniqy.²⁰⁵

Steinsvik er også oppteken av at den katolske kyrkja som aggressiv aktør, som blant anna dreiv med «et hemmelig undermineringsarbeide»²⁰⁶ og som eit trugsmål. Her er det verdt å sitera eit lengre utdrag:

Vi vet jo alle, hvordan den romerske kirke med blodskrift har indridset kjætterforfølgelsenes saga paa historiens blade. Selv de værste krige, selv de forfærdeligste epidemier har aldrig nogensinde bortrykket tilnærmelsesvis saa mange ofre som den katolske kirke i sin tørst efter «kjætteres» blod.

Og selv om romerkirken i sin nuværende vanmagt har vært tvungen til ialfald foreløbig at indstille inkquisitionens virksomhet, er der dog ingen tvil om, at pavemagten bare sukker efter den tid, da den skal ha magt til paany at tænde kjætterbaalene og la dem som blodig flammende fakler oplyse kirkens vei, nu som i fordums dage.

Nu er det maaske nogen som i sit stille sind tænker, at dette maa da være en vældig overdrivelse! Dette maa da bare være vildt fantasi! I vore civiliserte tider kjætterbaal!²⁰⁷

Ho heldt fram med å sitera ei rekkje katolske kjelder som ho meiner underbyggjer hennar påstand om katolikkane igjen står klare for å slå blodig ned på blant anna protestantar, blant anna syner ho til ein artikkel i det britiske, katolske bladet *The Rambler* frå 1851. I sitatet ho gjev att frå dette heiter det blant anna at «en katolsk verdslig regjering i sin behandling av protestanter og andre misdædere udelukkende la sig lede av hensigtsmæssighetshensyn og vælge precis den fremgangsmaate som bedst tjente til at omvende dem og hindre, at deres vildfarelser spredte sig videre».²⁰⁸ Sitatet er presist nok, men det synest tvilsamt at Steinsvik har lese artikkelen ho siterer.²⁰⁹ Istadenfor verkar det truleg at ho har plukka opp både dette og andre sitat frå anglo-amerikansk anti-katolsk litteratur. Akkurat det same sitatet frå *The Rambler* er til dømes å finna i Charles Chiniqy si bok *Fifty years in the Church of Rome*.²¹⁰

²⁰⁴ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 34.

²⁰⁵ Chiniqy, *Den romerske prest*, s. 57.

²⁰⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 31

²⁰⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøker*, s. 42.

²⁰⁸ Steinsvik, *Sank Peters himmelnøkler*, s. 45.

²⁰⁹ Artikkelen er å finna *The Rambler*, vol. 8, 1848, gjentrykk, (London: Forgotten Books, 2013), s. 172 – 180.

²¹⁰ Charles Chiniqy, *Fifty years in the Church of Rome*, (New York: Fleming H. Revell Company, 1866). Steinsvik syner til ei norsk omsetjing frå midten av 1890-talet. Denne har det ikkje lukkast meg å finna i

Denne boka vert ikkje direkte referert til av Steinsvik i denne delen av *Sankt Peters himmelnøkler*, men ho skriv ein stad om «disse store personligheter som har brudt med den romerske kirke, mænd som dr. *De Sanctis*, dr. *Chiniquy*, grev *Von Hoensbroech* [...]» (hennar kursivering).²¹¹ Ho syner likevel til fleire konkrete kjelder av ei viss interesse for oss i løpet av føredraget: franskmannen Louis Marie de Cormenins *The Public and Private History of the Popes of Rome*, baltisktyske Adolf Harnacks *Lehrbuch der Dogmengeschichte*, grev van Hoensbroechs *Das Papsttum in seiner Sozial-Kulturellen Wirksamkeit* og Theodor Griesingers *Die Jesuiten: Vollständige Geschichte Ihrer Offenen und Geheimen Wirksamkeit Von Der Stiftung Des Ordens Bis Jetzt*, i den engelske omsetjinga *The Jesuites*.²¹²

Dette er ganske varierte kjelder. Cormenin var ein fransk jurist og politiskar, ein markant liberalar og – etter den franske revolusjonen av 1848 – ei tid leiar for komiteen som utarbeidde ei ny republikansk grunnlov. Harnack var ein protestantisk liberalteolog, kjend for sin skepsis til gresk påverknad på kristendomen og fokus på å søkja attende til den opprinnelege kristendom i den tidlegaste kyrkja. Van Hoensbroech var ein tidlegare jesuitt frå ein nederlandsk adelsfamilie som hadde vorte protestant og ein skarp kritikar av både sin tidlegare orden og si tidlegare kyrkje. Den ganske lite kjende Theodor Griesinger var utdanna som protestantisk prest, men gjorde karriere som forfattar. I tillegg til sterkt anti-jesuittiske *Die Jesuiten* skreiv han både skjønnlitteratur, blant anna ein føljetong med klårt antisemittisk preg²¹³ og eit verk om Vatikanets «mysterier». ²¹⁴ *Die Jesuiten* vart omsett til engelsk og fleire andre språk.²¹⁵

I føredraget gjer Steinsvik det klårt at ho ser på den katolske kyrkja som eit klårt og konkret trugsmål, også mot Noreg:

Jeg vet ikke, om disse torturredskaper endnu er i bruk i «Moderkirkens» hemmlige underjordiske inkvisitionskjældere.

bibliotekdatabasen, men truleg er det same utgåva som den som vart gjeve ut av Nikolai Olsens boktrykkeri i 1930, jf. Charles Chiniquy, *Katolicismen avsløret, et tilbakeblik paa mit liv* (Oslo: Nikolai Olsens boktrykkeri, 1930).

²¹¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 48.

²¹² Theodor Griesinger, *The Jesuits; a complete history of their open and secret proceedings from the foundation of the order to the present time* (London: W. H. Allen & co, 1885). Dette er andreutgåva av boka, som det har lukkast meg å finna. Steinsvik kan ha nytta ei anna utgåve.

²¹³ Susan Tegel, *Jew Süß: Life, Legend, Fiction, Film* (London: Continuum, 2011), s. 82.

²¹⁴ Theodor Griesinger, *Mysterien des Vaticans oder die geheimen und offenen Sünden des Pabstthums*, 2 bind (Stuttgart: Mäntler, 1861 – 1864).

²¹⁵ Ei svensk utgåve vart gjeve ut i 1888, Theodor Griesinger, *Jesuiternas historia* (Stockholm : F. & G. Beijers Bokf.-aktb., 1888).

Men det vet jeg, at denne deres «jernjomfru» er et træffende symbol paa pavekirken selv. Ogsaa den ser utvendig ifra baade smuk og from og hellig ut. Invendig, - ja, vi har set litt av, hvordan den er indvendig!

Denne «hellige Moderkirke» har nu aapnet sin favn for at omslutte hele Norge.²¹⁶

Steinsvik konkluderer med at eidsvollsmennene gjorde rett i å frykta jesuittane, og seier at «jesuitisme[n], som vore Eidsvoldsmænd vilde beskytte vort land imot» no har emna å trenga inn i landet, i maskert form, gjennom ei bakdør, og no arbeider «ugenert og planmæssig» for å bringa Noreg under katolsk kontroll.²¹⁷ I tillegg vert det drive ein «mere og mere aggressiv propaganda» som fyrst og fremst er retta inn mot «vort lands bondeungdom», gjerne ved bruk av Heilag-Olav.²¹⁸ Ho kjem deretter med ein kort kritikk retta mot avlatsordninga, her syner ho konkret til Ernest Phillipps – ein forfattar me skal koma attende til – og hans bok *Papal Merchandise* som kjelde.²¹⁹ Til slutt i føredraget skildrar Steinsvik den katolske kyrkja som ei kyrkje «for de aandelig umyndige», før ho oppmodar «blaserte» norske protestantar til å vakna opp.²²⁰

«Imøtegaelse av den katolske pastor Krijns brochure»

Som nemnd i vart Steinsvik si anti-katolske føredragsverksemd blant anna kritisert av den katolske presten Frans Fredrik Ferdinand Krijn, som skreiv pamfletten *Avsløringer av umoralen i den katolske kirke. En katolsk prests erfaringer*.

Den andre hovuddelen i *Sankt Peters himmelnøkler*, som også er den klårt mest omfattande, er det historikaren Hans Fredrik Dahl i ein artikkel i det katolske tidsskriftet *St. Olav* omtaler som «drøye 200 siders motpolemik» mot Krijn.²²¹ «Imøtegaelse» følgjer Krijn sin pamflett tett, sjølv om Steinsvik meiner den er «meget rotet og springende skrevet»²²².

Krijn startar sin pamflett med å spørja om han verkeleg kan vera ein slik pøbel som Steinsvik vil ha det til, om søstrene hans – som er nonner – verkeleg er innesperra i eit klosterfengsel, om ungdomens hans verkeleg var forpesta av ufyselig katolsk moral og om mor hans – «hun må undskylde at man tvinger mig til å spørre om det» verkeleg er ein av desse forførte kvinnene

²¹⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 49.

²¹⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 51.

²¹⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 54f.

²¹⁹ Ernest Phillipps, *Papal Merchandise* (London: Chas. J. Thynne, 1911).

²²⁰ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 57.

²²¹ Hans Fredrik Dahl, «Hun som tok på seg oppgaven» (bokmelding), *St. Olav – katolsk kirkeblad*, nr. 2/2012, s. 24.

²²² Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 70.

som er slaktoffer for det katolske skriftemålet. «Er våre katolske mødre, alle må tilgi meg, jeg kan ikke uttrykke det det annerledes enn satanisk pervers, fordi de setter pris på å ha gutter som blir prester, piker som blir nonner, ja hver dag ber til Gud om å få Guds velsignelse for sine barns preste- og klosterkall?».²²³ Han omtaler vidare anti-katolisismen som ein «moderne invisisjon», og seier at det rimelegaste hadde vore å ta det heile som ein dårleg spøk, «[det] får eg desværre ikke lov til, fordi den offentlige opinion later til å ha tatt saken for alvor».²²⁴ Steinsvik svarer med at dette kan ho ikkje seia noko om, fordi ho verken kjenner Krijn eller familien hans, og dessutan at det ikkje kunne falla henne inn å kritisera privatpersonar. Hennar kritikk er retta mot institusjonar og mot «jesuittiske ‘moral’-prinsipar».²²⁵

Vidare skriv ho:

Her nytter det ikke at komme med banale og sentimentale talemaater, eller prøve at kaste folk blaar i øinene ved dialektiske kunstgrep. Her gjælder det *realiteten*. Er den katolske moralteologi saaledes, som jeg har pastaat, eller er den det *ikke*? Er det tvungne cølibat og det tvungne munttlige skriftemaal en kilde til synd og elendighet, eller er det *ikke*? Dette er sakens kjerne.

Det er mulig, at jeg ikke fik dokumentert sandheten av mine ord tilstrækkelig klart i mine foredrag. Derfor skal jeg da ogsaa i det følgende, under de respektive avsnit, bringe en række supplerende oplysninger.²²⁶

At Steinsvik her kjem med supplerande opplysningar gjer det til ei meir takknemleg oppgåve å finna fram til kjeldene hennar. «Imøtegaelse» famnar breiare og djupare enn føredraget, og ho bruker både plass på å forsvara kjeldene sine og kjem med lange sitat frå ulik litteratur, ja, mykje av «Imøtegaelse» er faktisk nettopp sitat. Samstundes er samanfattinga til Hans Fredrik Dahl langt frå upresis. Han skriv at Steinsvik blandar «likt og ulikt av argumentert og vitneutsagn», og det «uten forsøk på å sortere vesentlig fra uvesentlig, gammelt fra nytt, representativt fra tilfeldig», samtidig som hun «forholder seg helt ukritisk til kildene».²²⁷ Dahl går ikkje særleg konkret inn på kva kjelder Steinsvik nyttar seg av.

Allereie tidleg i «Imøtegaelse» trer fleire av dei tydeleg fram. Krijn hadde i sin pamflett kritisert kjeldetilfanget hennar, og særleg at ho synte «en stor forkjærlighet for *frafallne prester*, som naturligvis forsøker å forsvare sig sjølv ved å angripe Kirken». Han nemner konkret

²²³ Krijn, *Avsløringer*, s. 3f.

²²⁴ Krijn, *Avsløringer*, s. 5.

²²⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 69.

²²⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 71.

²²⁷ Dahl, «Hun som tok på seg oppgaven», s. 24.

Charles Chiniquy, Ignaz von Döllinger, Johann Friedrich og Paul von Hoensbroech.²²⁸ Steinsvik svarer med å gjera grundig greie for livshistoria til Chiniquy, som ho omtaler som høgst truverdig.²²⁹ I denne samanheng trekkjer ho også veksler på ein tidlegare norsk debatt om Chiniquy, med rosande omtaler til den canadiske eks-katolikken frå både den norske sjømannspresten Kristen Saarheim og frå «Sjømannsmisjonens far», Johan Cordt Harmens Storjohann – som dessutan var involvert i den norske utgjevinga av boka.²³⁰

Om von Hoensbroch skriv ho at Krijn kjem til å få ein vanskeleg jobb om «han vil prøve at desavouere» den tidlegare jesuitten. «Det har ialfald til dags dato ikke lykkedes folk med betydelig større aandskapacitet endpastor Krijn gir indtryk av at besidde».²³¹ Meir interessant er likevel hennar forsvar av Friedrich. Ho framhever at han var blant stiftarane til den gamalkatolske kyrkja, «en kirke bestaaende av katolikker som ikke vilde anerkjende pavens ufeilbarhet, men blev staaende paa romerkirkens grund saaledes som den var før 1870».²³² Heilt presist er ikkje dette – den gamalkatolske kyrkja oppstod i Nederland alt på 1700-talet, på eit bakteppe prega av konflikt mellom jansenistar og jesuittar²³³ - men Friedrich var ganske riktig ein sentral figur i den seinare, *tyske* gamalkatolske kyrkja. Döllinger var ikkje ein del av denne kyrkja, men vert likefullt rekna som ein sentral bidragsytar til utviklinga av ho. Steinsvik skriv:

[Naar] pastor Krijn sier om dr. Döllinger og professor Friedrich at de var «frafaldne», da er dette, som vi allereie har sett saa ukorrekt som vel mulig. En mand som staar paa den gamle læres grund og protesterer mot et nyt og skjæbnesvangert dogme som verken har hjemmel i Bibelen eller i sund fornuft, og som til straf for denne sin protest blir stødt ut av pavekriken, er ingen «frafalden». Det er pavekirken som er frafalden, og ikkje han.²³⁴

Steinsvik sin bruk av og forsvar av gamalkatolske kjelder kan kanskje synast noko paradoksalt, sidan Steinsvik sin kritikk mot den katolske kyrkja slett ikkje er avgrensa til tida etter at gamalkatolikkane braut ut. Dei passar likevel godt saman med eit av hennar grunnpoeng, nemleg at kritikken av jesuitismen er ein kritikk av *heile* den katolske kyrkja. For henne er anti-jesuittisk litteratur i så måte ein innfallspor til å kritisera katolisismen som sådan.

²²⁸ Krijn, *Avsløringer*, s. 10.

²²⁹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 85.

²³⁰ Sjå note 209.

²³¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 85.

²³² Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 87.

²³³ Den såkalla Roomsche Katholieke Kerk van de Oud-Bisschoppelijke Clerezie oppstod etter at Cornelius Steenoven vart vald som biskop i Utrecht i 1723.

²³⁴ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 87.

Ho går då også raskt vidare til ein kritikk mot skrifteordninga, som ho omtaler som «yderst skadelig og nedbrytende».²³⁵ Her syner ho konkret til tre kjelder med døme på «graverende retssaker mot katolske prester», høvesvis Jeremiah J. Crowleys *The parochial school: a curse to the church, a menace to the nation*, franske Pierre Dufours *Histoire de la Prostitution chez tous les peuples du monde* og Anselm Feuerbachs *Aktenmässige Darstellung merkwürdiger Verbrechen*. Dei to fyrste kjeldene identifiserer ho som katolske.²³⁶ Det er ei sanning med modifikasjonar. Crowley var rett nok tidlegare katolsk prest, men hadde blitt ekskommunisert – bakgrunnen var ei konflikt i Chicago, som me skal koma attende til. I *The Parochial school* – som fyrst og fremst er eit angrep på katolske skular – omtala han seg stadig som katolikk, og han hevda at han ikkje gjekk til åtak på kyrkja, berre på korrupte prestar.²³⁷ Berre nokre få år seinare gav han likevel ut dei markant anti-katolske bøkene *Romanism: a menace to the nation* og *The pope, chief of white slavers, high priest of intrigue*.²³⁸

Pierre Dufour er eit pseudonym for Paul Lacroix, ein svært aktiv skribent som også var kjend under synonyma Bibliophile Jacob og P. L. Jacob.²³⁹ Seksbindsverket *Historie de la Prostitution* omtalte han som *archéologie pornographique*, ‘pornografisk arkeologi’. Bøkene omhandlar ei lang rekkje ulike historiske perioder og fenomen, og har ikkje eit anti-katolsk utgangspunkt, men seinare i *Sankt Peters himmelnøkler* kjem det fram at Marta Steinsvik har festa seg ved omtala av kloster på ellevehundretalet i det tredje bindet. Steinsvik siterer det følgjande, omsett til norsk: «Vi vil ikke føre vore læsere fra kloster til kloster for at indvie dem i det syndens uvæsen som hersket her. Det er nok at betegne alle klostre som prostitutionens buler».²⁴⁰ Likevel verkar både *Historie de la Prostitution* og den tyske juristen Anselm Feuerbach si bok om «merkverdige forbrytelsar» som noko tilfeldige kjeldeval.

Dette inntrykket vert for så vidt stadfesta når ein følgjer Steinsvik sitt angrep på katolske prestar sin umoral vidare. Kjeldene ho syner til er langt frå einsarta. Ho viser til historikaren H.C. Lea

²³⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 88.

²³⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 89. Jf. Jeremiah J. Crowley, *The parochial school: a curse to the church, a menace to the nation* (Chicago: eige forlag, 1905); Pierre Dufour, *Histoire de la Prostitution chez tous les peuples du monde*, 6 bind (Paris: Sere, 1851 – 1854); og Anselm Feuerbach, *Aktenmässige Darstellung merkwürdiger Verbrechen*, 2 bind (Giessen: Heyer, 1828 – 1829).

²³⁷ Crowley, *The parochial school*, s. 26.

²³⁸ Jeremiah J. Crowley, *Romanism: a menace to the nation* (Wheaton, Illinois: eige forlag, 1912); Jeremiah J. Crowley, *The Pope, chief of white slavers, high priest of intrigue* (Aurora, Michigan: The Menace, 1913).

²³⁹ Zrinka Stahuljak, *Pornographic archeology: Medicine, Medievalism and the invention of the French nation* (Philadelphia: University of Pennsylvania Press, 2013), s. 5.

²⁴⁰ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 349. I originalen heiter det: «Nous ne promènerons pas nos lecteurs, de couvent en couvent, pour les initier aux coupables désordres qui s’y passaient, il suffit de représenter tous les cloîtres comme des antres de Prostitution», sjå Pierre Dufour, *Historie de la Prostitution*, bind 3, kapittel 5 (sitert frå ei digitalisert utgåve som manglar sidetal, sjå: <http://www.gutenberg.org/files/43752/43752-h/43752-h.htm>)

og til den tidlegare nemnde Louis de la Haye Cormenin. Ho syner til den tidlegare katolske nonna Mary Francis Cosack, og ho syner – ikkje minst – til den engelske eks-presten Joseph Martin McCabe.²⁴¹

Både dei to sistnemnde er opptatt av sølibatet som ei kjelde til problem, og til umoral, Cosack omtaler ordninga som rota til «nearly all the moral evil in the Roman Church».²⁴² Men samstundes representerer dei ganske forskjellige idear. Etter at ho forlot den katolske kyrkja vart Cosack ein del av miljøet rundt det protestantiske tidsskriftet *Our Day* i Boston, McCabe – derimot – var ateist, og forfatta også bøker som *The Myth of the Resurrection* og *Did Jesus Ever Live?*²⁴³ Boka Steinsvik viser til – *Twelve years in a monastery* – er imidlertid i hovudsak ei sjølvbiografisk bok om tida hans i den katolske kyrkja. Sjølv om McCabe er kritisk til si tidlegare kyrkje må han nok omtalast som mildare enn både Cosack og Steinsvik – han advarer til dømes konkret mot forteljingar frå «unnslupne» nonner og munkar som han finn utruverdige, sjølv om han i fyrsteutgåva framhever Cosack som ei god kjelde.²⁴⁴ Heller ikkje i tredjeutgåva av boka, som er den Steinsvik siterer, er McCabe vidare krass.

Når Steinsvik vel å sitera McCabe sin påstand om at det finst «en umaatelig mengde [...] av den slags geistlig umoralskhet», og ein påstand om at dei geistlege i land som Spania er «gjennemgaaende umoralsk[e]» er dette noko nær det *krassaste* McCabe skriv.²⁴⁵ Og der Steinsvik er oppteken av skrifteordninga som opphav til all denne umoralen, skriv McCabe faktisk det motsette: «I do not believe that there is any large amount of immorality in connection with the confessional; the legislation of the Church on that point is stringent and effective, and the priest is well aware that the confessional is the worst place in the world for him to indulge improper tendencies».²⁴⁶

Steinsvik går vidare til å over fleire sider kritisera Krijn sin påstand om at katolisismen ser på ekteskapet som uoppløyeleg, «naar alle og enhver vet, at et ethvert katolsk egteskap med den

²⁴¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 89-91; jf. H. C. Lea, *History of Sacerdotal Celibacy*, 2 bind (London: Williams and Norgate, 1907); Louis de la Haye (vicomte de) Cormenin, *The Public and Private history of the Popes of Rome*, 2 bind (Philadelphia: J. M. Campbell, 1847); Mary Francis Cosack, *Life inside the church of Rome* (New York: A. C. Armstrong and Son, 1889); og Joseph Martin McCabe, *Twelve years in a monastery* (London: Smith, Elder & Co, 1897).

²⁴² Cosack, *Life inside the church*, s. 1.

²⁴³ For meir om Cosack, sjå Mildred Gorman og Janet Davis Richardson, «M. F. Cosack in 'Our Day'», *U.S. Catholic Historian*, vol. 22, nr. 3 (2004), s. 151 – 163. For meir om McCabe, sjå Bill Cooke, *A Rebel to his last breath* (New York: Prometheus, 2001).

²⁴⁴ McCabe, *Twelve years* (1. utgåva), s. 264.

²⁴⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 91. Joseph Martin McCabe, *Twelve years in a monastery*, revidert tredjeutgåve (London: Watts & Co, 1907), s. 107.

²⁴⁶ McCabe, *Twelve years* (3. utgåva), s. 105.

største lethet kan oppløses, bare man betaler tilstrækkelig for dispensationen». Dette er innleiinga på eit åtak på den katolske kyrkja basert på at ho skal ha gjort «ekteskabsindgaaelsen til en ren pengespekulation». ²⁴⁷ Ho syner til fleire avisartiklar og lausrivne sitat frå bøker for å underbyggja dette, men den mest interessante kjelda er kanskje ei bok av alt nemnde Ernest Phillipps, *Rome, Marriage and Money*. Diverre er dette også ei kjelde som er umogleg å oppdriva og knapt nemnd nokon stad. ²⁴⁸ Phillipps var imidlertid også forfattar bak den såkalla *Vatican Series*, som kom ut mellom 1929 og 1940 i regi av organisasjonen Protestant Truth Society (PTS). Det kan hjelpa oss med å plassera Phillipps i landskapet.

PTS – «the last great Victorian no-popery society» ²⁴⁹ – vart grunnlagt i 1899, og vart leia av John Kensit, ein aktivist som ikkje berre kjempa mot katolismen, men som også var glødande motstandar av ritualisme innan den anglikanske kyrkja. ²⁵⁰ Kensit stod bak det han kalla eit protestantisk krosstog, og gjennomførte blant anna aksjonar for å forstyrra gudstenester han meinte hadde innslag av ritualisme. Han samarbeida også med Walter Walsh, ei anna kjelde Steinsvik syner til, redaktør for *The Protestant Observer* og forfattar av boka *The Secret History of the Oxford Movement*. ²⁵¹

Steinsvik heldt fram med å kritisera det katolske synet på protestantiske ekteskap, ho hevdar katolisismen ser på dei som ugyltige, og syner igjen til Phillipps, og dessutan til det tyske bladet *Fränkische Wacht*, som hadde undertittelen «Über den Parteien – Für Christentum und Deutschtum im protestantischen Geist». ²⁵² Etter å ha nytta nokre sider på å kritisera det ho, med eit lån frå Döllinger, omtaler som «[p]ervers mariadyrkelse» ²⁵³, går Steinsvik vidare til å gå til åtak på klostervesenet. Her syner ho innleiingsvis til ein britisk organisasjon som arbeider for klosterkontroll, og til ein brosjyre gjeve ut av organisasjonen. ²⁵⁴ Vidare skriv ho:

²⁴⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 91f.

²⁴⁸ Boka er nemnd i Anti-Catholic Printed Material Collection (ANT) i arkiva til University of Notre Dame, Indiana. Eg har ikkje lukkast å finna ho i bibliotekdatabaser, inkludert WorldCat, og har heller ikkje funne boka nemnde i akademiske artiklar.

²⁴⁹ Paz, *Popular anti-Catholicism*, s. 151.

²⁵⁰ Ritualisme var eit omgrep som vart nytta om dei som vektla ritualer og liturgi innan den anglikanske kyrkja, blant anna Oxford-rørsla og dei såkalla anglokatolikkane.

²⁵¹ Peter Wickins, *Victorian Protestantism and Bloody Mary* (Bury St. Edmunds: Arena, 2012), s. 23 – 32. Jf. Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 94f og s. 262. Sjå også Walter Walsh, *The Secret History of the Oxford Movement* (London: Swan Sonnenstein & Co, 1898).

²⁵² «Over partiene – for kristendom og tyskdom i protestantisk ånd». Sjå Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 99f.

²⁵³ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 106.

²⁵⁴ Steinsvik omtaler organisasjonen som «Komiteen for indførelse av klosterkontroll», og gjev ikkje opp noko engelsk namn på organisasjonar. Det har ikkje lukkast meg å finna kva konkret organisasjon det er snakk om, men fleire grupper var aktive i freistnader på å få innført slikt lovverk. Det er også verdt å merka seg at organisasjonen

Det er ganske betegnende for forholdene at det engelske parlament gang paa gang har hat oppe forslag om nedsættelse av en saadan kontrolkomite for at undersøke klostervæsenet. Men saa stor magt har katolikkene med jesuitene i spidsen allereie nu i England at dette hittil er bli forpurret.²⁵⁵

I sin vidare gjennomgang kviler Steinsvik her på ei heil rekkje anti-katolske kjelder. Ho syner til presten R. P. Blakeney si bok *Popery in its social aspect*, i undertittelen omtalt som «a complete exposure of the immorality and intolerance of Romanism». Ho syner nok ein gong til eit skrift av Ernest Phillipps, *Rome's traffic in nuns: an exposure of conventional dowries and mortality*, utgjeve av Protestant Truth Society. Og ho syner ikkje minst til fleire dømme på fælslege klosterforteljingar, inkludert Maria Monk og Barbara Ubryk.²⁵⁶ Om Maria Monk skriv Steinsvik:

[Hun forteller] om en henrettelsesscene som i al sin uhygge dog helt bærer sandhetens præg. Da nonnene ifølge sit løfte om absolut «lydighet» ofte blev tvunget til at tilfredsstille prestenes onde lyster, hændte det ikke saa sjelden, at nonnene blev i omstændigheder og fik barn. Disse spædbarn blev umiddelbart efter fødselen døpt og derefter kvalt. I en stor muret hvælving under jorden blev likene kastet ned og overhældt med ulæasket kalk.

En av nonnene, St. Frances, vilde ikke myrde et litet spædbarn, og blev derfor opkaldt til forhør. Biskoppen og et par prester, fader Richards og fader Bonin, priorinden og alle nonnene var tilstede. Frances blev forhørt og negtet bestemt at utføre kva de vilde ha hende til.

Hun la til, at hun heller vilde dø end dræpe uskyldige smaa barn.

«Det er nok, ekspeder hende!» sa biskoppen. To nonner grep hende og begyndte efter priorindens vink at gjøre alt istand til eksekutionen.²⁵⁷

Ho syner også til det amerikanske, anti-katolske vekebladet *The Menace*, som vart gjeve ut frå småbyen Aurora i Missouri, men som på det meste hadde eit opplag på over ein million.²⁵⁸ Den

i sine vedtekter, som vert sitert av Steinsvik, går inn for å «faa avskaffet alt klostervæsen». Sjå Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 107.

²⁵⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 107.

²⁵⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 110 – 125. Jf. Richard P. Blakeney, *Popery in its social aspect* (London: Protestant Reformation Society, 1854; Ernest Phillipps, *Rome's traffic in nuns: an exposure of conventional dowries and mortality* (London: Protestant Truth Society, ikkje datert, truleg utgjeve på 1910-talet). Steinsvik syner også til ei bok av Alex. Roger, som ho omtaler som *Victims of the Priests*. Det har ikkje lukkast meg å finna denne. Det har ikkje lukkast meg å finna denne, men seinare refererer Steinsvik også til eit anna skrift av same mann, *More victims of the priest*, og det kan sjå ut for at følgjande er eit samleverk: Alexander Roger, *Victims, and more victims of the priest: a plea for convent inmates* (London: Protestant Truth Society, 1937).

²⁵⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 114.

²⁵⁸ *The Menace* dreiv også forleggjarverksemd, og gav blant anna ut ei av bøkene til Jeremiah J. Crowley, *The Pope, chief of white slavers, high priest of intrigue*. Sjå note 238.

katolske forfatteren Robert P. Lockwood oppsummerer i ei bok om amerikansk anti-katolisisme avisa slik:

The Menace existed solely to attack the Church, and its pages were filled with convent horror stories, exposés by alleged former priests, ruthless Catholic assassination conspiracies, and columns of advertising promoting anti-Catholic pamphlets and books, including of course the story of Maria Monk. [...] *The Menace* regularly provided «Absolute Proof that Romanism Desired Death of Abraham Lincon» and warned that Catholics were involved in poisoning President Warren G. Harding. Stories blamed the Vatican for instigating World War I and proclaimed that arms were being hoarded in Catholic churches in America for a planned uprising.²⁵⁹

Avslutningsvis i sitt angrep på klostra også med eit åtak på klostorskular – her referer ho blant anna til Chiniquy, før ho avsluttar med å – langt på veg – etterlysa eit forbod mot kloster:

I Frankrike og andre land har man avskaffet klostrene, og i England kjæmper man paa livet for at bli av med dem igjen. Her i Norge var vi velsignet kvit dem. Og saa gaar vi hen for endel aar tilbake og tillater dem her.

Men det er jo endnu ikke forsent at gjøre det om igjen!²⁶⁰

Det neste området som står for tur dreier seg om løgn og mened. Her presenterer Steinsvik i stor grad lausrivne sitat frå diverse katolske teologar, fyrst og fremst Liguori, som ho meiner legitimerer både løgn og mened. Sjølv om dette, som omtala i kapittel 2, var ganske vanleg i viktoriansk anti-katolisisme, er det her ikkje synt til konkrete anti-katolske kjelder. Det er det derimot når ho snart vender attende til å skriva om umoralske prestar. I sin pamflett hadde Krijn gjort eit poeng ut av Steinsvik si motvilje mot å kritisera norske enkeltprestar:

Visstnok sier hun at hun ikke taler om de enkelte individer om de enkelte prester, og slett ikke om de norske prester. Men har ikke noget å bebreide de enkelte for, hvordan kan da massen, som består av enkle individer, være slik som hun skildrer dem?²⁶¹

Krijn meinte tonen var gjenkjenneleg, og synte i den samband til både den tyske anti-katolske skribenten Robert Graßmann, til belgiske A. M. L. Anspach og til britiske Eliza Richardson. Ifølgje Krijn ville ingen av dei gå til åtak på prestane i sitt eige land:

²⁵⁹ Robert P. Lockwood, «The Evolution of Anti-Catholicism in the United States», i Lockwood (red), *Anti-Catholicism in American Culture* (Huntington, Indiana: Our Sunday Visitor, 2000), s. 36f.

²⁶⁰ Marta Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 124.

²⁶¹ Krijn, *Avsløringer*, s. 29f.

Når man overalt hvor man retter beskyldninger mot katolske prester, må gjøre en undtagelse for landets prester, hvad blir der da igjen av alle disse anklager? Det er feigt og moralsk uforsvarlig på denne måte å forsøke å undgå retslig ansvar for direkte fornærmelser.²⁶²

Steinsvik meiner at Krijn gjev att både Graßmann og Richardson ukorrekt²⁶³, og meiner også at Richardson si bok slett ikkje er eit «stridsskrift», slik Krijn kalla det, men ei mild og rørende bok.²⁶⁴ Boka det er snakk om heiter *Personal experience of Roman Catholicism*, og vart også gjeve ut på norsk i 1892.²⁶⁵

Steinsvik meiner Krijn får ha henne unnskyldt for at ho ikkje vil «rote op i enkeltpersoners privatliv», men i staden rettar kritikk mot den katolske presteutdanninga og «det tvungne skriftemaals virkninger paa den katolske prestand som institution». Sidan «Krijn saa bestemt forlanger anført eksempler paa umoralske geistlige nu i moderne tid» vel ho likevel å syna til eit døme, nemleg det ho kallar Chicago-skandala, som ifølgje henne byrja med at «25 velagtede katolske prester, hvoriblandt den berømte fader Crowley, protesterte mot utnævnelsen av pastor P. J. Muldoon til biskop paa grundlag av at han ver en helt igjennen moralsk raatten person». Samstundes retta dei også skuldingar mot «en lang række navngivne katolske prester som efter deres mening ved sit slette eksempel var til stor skade for den katolske kirke i Amerika».²⁶⁶ Men kyrkja gjorde ingenting mot «de skyldige prester», skriv Steinsvik, dei kasta berre ankla «i ‘papirkurven’».²⁶⁷ Ho går aldri konkret inn på kva prestane – som altså ho ikkje var i tvil om at var skuldige – faktisk vart sagt å ha gjort seg skuldige i. Kjeldene hennar er også Crowley sjølv, i tillegg til «det bekjendte blad» *The Ram's Horn*, eit protestantisk vekeblad utgjeve i Chicago.

Saka i Chicago ville på mange måtar vore verdt eit studium i seg sjølv. Ein av få som har skrive om ho er Rocco A. Facchini – sjølv katolsk prest i Chicago på 1950- og 1960-talet, seinare gav han opp prestekallet, gifta seg og fekk born.²⁶⁸ I ei bok som er delvis biografi, delvis lokalhistorie og delvis ei spøkelseshistorie, skriv han om både Muldoon og Crowley. Ifølgje Facchini gjekk skuldingane mot Muldoon og dei andre namngjevne prestane på ulike typar

²⁶² Krijn, *Avsløringer*, s. 30.

²⁶³ Anspach kjenner ho ikkje til, skriv ho.

²⁶⁴ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 140-142, jf. Krijn, s. 30.

²⁶⁵ Eliza Richardson, *Personlige erfaringer om katolicismen og klosterlivet*, (Kristiania: Steenske, 1892); Eliza Richardson, *Personal experience of Roman Catholicism* (London: Morgan & Scott, 1850). Forordet til den norske utgåva var skriva av Johannes Flood, då sokneprest i Hedrum.

²⁶⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 144.

²⁶⁷ Ibid.

²⁶⁸ «Rocco A. Facchini, 74», *Chicago Tribune*, 8. juni 2004. Online: http://articles.chicagotribune.com/2004-06-08/news/0406080223_1_catholic-priest-parish-wirtz (Besøkt 3. mai 2015).

umoral, på å ha brote sølibatet, på maktmisbruk og på pengerot. Dessutan vart dei skulda for å ha uttalt seg rasistisk mot både irar og andre folkegrupper. Den siste skuldinga finn ein også att i eit brev Crowley skreiv til avisa *Chicago Record-Herald*.²⁶⁹ Skil ein tru Facchini si framstilling var det ikkje hald i skuldingane, og bak låg snarare ein maktkamp frå Crowley og hans allierte si side.

At saka fekk betydeleg merksemd – også i nasjonale media i USA – er det likevel ingen tvil om, ho vart blant anna omtalt fleire gongar i *New York Times*.²⁷⁰ Crowley fall i unåde hjå den katolske kyrkja, og vart ekskommunisert, konflikta i Chicago sette spor internt i den katolske kyrkja i byen og Crowley gjekk vidare til å verta ein profilert anti-katolsk skribent.

Der «den beryktede Chicago-skandale» starta med blant anna skuldingar om brot på sølibatet er den neste delen av «Imøtegaelser» eit åtak på den same ordninga. Her er kjeldene Steinsvik i hovudsak kviler på allereie nemnd: Graßmann, Lea og McCabe. Slik Steinsvik ser det er sølibatet «en kirkepolitisk foranstaltning som har intetsomhelst, eller uhyre litet ialfald med moral at kyskhet at gjøre». Om det siste hadde vore tilfelle, skriv Steinsvik, «vilde vel romerkirken neppe for betaling innrømme presterne dispensation til at holde elskerinder og drive utukt».²⁷¹ Ho legg også fram ei erklæring ho meiner dokumenterer at slik er det også i Noreg. Den er verdt å sitera i sin heilskap:

Erklæring

Overensstemmende med sandheten og under eds ansvar opplyser eg herved, at eg under mit opphold i --- i 1913-1915 av og til besøked den derværende katolske prest.

En aften, høsten 1914, hvor vi saman nød av altervinen og bl. a. talte om de katolske presters cølibat, utviklet samtalen sig slik om dette emne:

Jeg: Hvorledes kan de katolske prester greier sig ved at være ugifte med de naturlige drifter hos manden?

Hertil svarte han:

Vi prester maa avlægge ed paa ikke at gifte oss, men vi forbys ikke omgang, med kvinder, da det jo er mot naturens orden.

²⁶⁹ Rocco A. Facchini (med Daniel J. Facchini), *Muldoon. A True Chicago Ghost Story*, (Chicago: Lake Claremont Press, 2003), s. 121 og s. 128.

²⁷⁰ Eit døme er «Attack on father Muldoon», *New York Times*, 23. juli 1901, s. 1.

²⁷¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 149.

Oslo 20/12 1925.

[anonymiserte signaturer]²⁷²

Steinsvik oppgav verken stad eller namn, men hevda at kjelda var «en ældre agtverdig herre», som sjølv sagt var «villig til at paata sig det fulde retslige ansvar for sin erklæring».²⁷³

Konklusjonen hennar er klår:

Dette lille dokument gir virkelig et ganske interessant indblik i katolsk opfatning av cølibatets hellighet.

At dette saavist ikke bare er «teori», men at katolske geistlige ogsaa i praksis lever efter denne opfatning av cølibatedens forpligtelser, maa vel nu forlængst være dokumentert.²⁷⁴

Motivet er ganske gjenkjenneleg: Den katolske presten utgjer eit seksuelt trugsmål nettopp *på grunn av sitt sølibati*. Å leva i sølibat er unaturleg for menn, og difor resulterer sølibatet i utukt og immoral, til dels av fælsleg karakter. Gjennom ein referanse til Graßmann gjev ho også skulda til «den smudsig opkonstruerte jesuitiske moralteologi», som gjer at prestane – trass sølibatet – må «[beskjæftige] sig med alle tænkelige og utænkelige tilfælder i det egteskapeilig samliv».²⁷⁵ Dette er også det neste temaet ho tek føre seg. Igjen siterer ho McCabe, Von Hoensbroech, Feuerstein, Chiniqy og Döllinger. I tillegg syner ho til den svenske teologen og kyrkjehistorikaren Hjalmar Holmquist og til den italienske protestanten Luigi Desanctis, til lik med Chiqinuy og McCabe tidlegare katolsk prest.²⁷⁶ Hovudinnvendinga mot den jesuittiske moralteologien i løpet av desse sidene er at moralteologien også inkluderer spørsmål av seksuelt karakter, og til dels av direkte *unemneleg* karakter, til openberr skade for unge sinn:

Hvordan et studium av de katolske moralteologier vilde ha bekommet mig i mine studenterdager, i 17-18 aars alderen – den alder, da de unge katolske geistlige begynder dette studium, - det kan jeg jo ikke vite. Jeg er blit lykkelig forskaaet for at sættes paa den prøve.²⁷⁷

Så til grader unemnelege er dei at Steinsvik har teke med fleire sitat frå Liguori på området som likevel er sladda i boka.²⁷⁸ For å få desse måtte ein senda inn ein kupong til forlaget, som skulle

²⁷² Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 150.

²⁷³ Ibid.

²⁷⁴ Ibid.

²⁷⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 151.

²⁷⁶ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 151 – 165.

²⁷⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 159.

²⁷⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 163. Det har lukkast meg å finna ei utgåve av tillegget, og det dreier seg om skildringar av ulike former for seksuell praksis som Liguori i høgste grad såg på som syndig, inkludert fellatio, «samleie i unaturlig stilling», ein heil del om «sodomi» (homoseksualitet) og dessutan bestialitet (seksuell

syta for at det ikkje kom i «uberettigedes h nder», men berre n dde «voksne mennesker, som av saklige grunde  nsker at gj re sig bekjendt med den ‘moralteologi’ de jesuitisk-katolske geistlige  nsker at lyksaliggj re v rt land med».²⁷⁹

Det neste temaet Steinsvik tek f re seg er – nok ein gong – skriftem let. Her innleier ho med eit lengre utdrag av alt nemnde Luigi Desanctis si bok *The Confessional*.²⁸⁰ Ho siterer ogs  her Leas *History of Sacerdotal Celibacy*, men har ogs  med blant anna sitat fr  Luther. Denne delen av «Im tegaalse» er d  ogs  i st rre grad prega av reint teologiske innvendingar mot ei obligatorisk skrifteordning. Men s  tek Steinsvik i bruk hardare retorikk.

Den unge katolske skriftefar, som skal begynde sin sj les rgervirksomhet har, som vi saa, gjennom moralteologien paa forhaand faat et fuldst ndig forvr ngt og urent billede av det levende liv, i og med at hans sj l er blit fylt av sjofle, gemene billeder, som maaske aldrig siden helt kan slettes ut. Han er desuten blit opl rt til hvad vi paa godt norsk kalder at jukse sig gennem alle livets forhold. Selve edens hellighet betyr litet eller intet for ham. Han har l rt til at se ned paa kvinden. Kvindeligg renhet og dyd tror han ikke l nger paa. Og egteskapet, livets bedste og helligste forhold, er for ham kun en kj nsligg avlsanstalt.²⁸¹

Vidare kjem fleire av dei kjeldene som g r igjen gjennom boka, Hoensbroech, Chiniquy, McCabe, Richardson, samt direkte og indirekte sitat fr  ulike katolske moralteologar. Igjen er temaet seksualitet, og no kva slags ublu sp rsm l prestane if lgje Steinsvik skal stilla i skriftestolen. Igjen er mange av sitata sladda.²⁸² I tillegg kritiserer Steinsvik katolske prestar for   utnytta skrifteordninga til sj lv   driva utukt, for   ikkje halda taushetsplika og ho omtaler skriftestolen som ein «spioncentral». Det siste skjer med referanse til Kensit si bok *The Inquisition and confessional of the present century*.²⁸³ I denne samanheng omtaler Steinsvik

omgang med dyr), inkludert sex med djevelen. Dessutan er ogs  onani nemnd. I tillegget skriv Marta Steinsvik ogs : «Det mest nedbrytende ved den katolske moralteologis behandling av det sjette bud er imidlertid utvilsomt den omst ndighet, at dette perverse psykopatiske seksualsystem er lagt til grund for den normale skriftemaalspraksis som saadan, saaledes at alle normale mennesker, like fra barnealdere av, mist nkes for seksuelle perversiteter og behandles i skriftestolen derefter. Hvilken ubotellig skade et saadant skriftemaalsystem har bevirket op igjennem tiderne og fremdeles foraarsaker vil enhver kunne indse». Tillegget er ogs  lagt ut p  nettsidene til Ove Jan Ludvigsen, som omtaler seg sj lv som evangelist. Online: <http://www.endetidsposten.com/index.php/com-k2/k2-information/artikler/409-ludvigsen-tohundreogsekstiatt> (Bes kt: 7. mai 2015).

²⁷⁹ Kupongen er   finna bakerst i tredjeutg va av boka, og har ikkje sidetal.

²⁸⁰ Omsett fr  den italienske originalen. Steinsvik syner til ei utg ve fr  1889. Dette er etter alt   d ma Luigi Desanctis, *The confessional* (London: J. Kensit, 1889), alts  nok ein tittel knytt til Kensit, elles nemnd i samband med Protestant Truth Society. Marta Steinsvik siterer fr  *The confessional* – i norsk omsetjing – fr  s. 166 – 170 i *Sankt Peters himmeln kler*.

²⁸¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmeln kler*, s. 177.

²⁸² Steinsvik, *Sankt Peters himmeln kler*, s. 178 – 184. Sj  ogs  note 276.

²⁸³ John Kensit, *The inquisition and confessional of the present century* (London: J. Kensit, 1893).

også Kensit konkret, som «den bekjendte sekretær for ‘The Protestant Truth Society».²⁸⁴ Ho peiker på dette som ei fare, med det som vanskeleg kan tolkast som anna enn ironi over norsk «flegma»:

Kensit finder at dette er en stor fare for England, hvor en mængde politikere, lærere, bankdirektører, kontorfolk o.s.v., allerede er katolikker.

Her i Norge er der officielt endnu bare ca. 3000 katolikker. Med vanlig norsk flegma kan vi derfor ta denne sak med ro, indtil der er blit ialfald mindst en halv million katolikker i landet, og det vil formentlig ta nogen aar. Vi kan derfor trygt sove videre en god stund til.²⁸⁵

Dei siste to kapitla i «Imøtegaelse» kan sjåast på som meir oppsummerande, og har til dels springande tematikk, sjølv om det fyrste av dei nyttar mykje plass på inkvisasjonen.

Av kjeldene ho nyttar her kan ein blant anna nemna Alexander Rogers *More victims of the priest* (utgjeve av Protestant Truth Society)²⁸⁶, tidlegare nemnde *Fränkische Wacht*, den britiske katolikken og lorden John Dalberg-Acton – som var ein markant kritikar av ideen om pavens ufeilbarligheit, William Hogans *Auricular confession and popish nunneries*²⁸⁷, det amerikanske anti-katolske tidsskriftet *The Fellowship Forum*, Hoensbroech, Döllinger, Friedrich, Holmquist og Kensit.²⁸⁸ Vidare siterer ho Otto Corvin og H. A. Henderson – to kjelder me skal koma attende til i samband med gjennomgangen av «Litt pavehistorie».

Istadenfor å fokusera ytterlegare på dei nemnde kjeldene kan det avslutningsvis i gjennomgangen av «Imøtegaelse» vera verdt å trekkja fram nokre døme som er kjenneteiknande for Steinsvik sin anti-katolisisme. Lat oss byrja med eit litt lengre sitat frå Steinsvik sjølv:

Denne kirke har altsaa nu, som vi alle vet, etablert en «missions»-virksomhet her i vort land. Denne katolsk-jesuitiske kirke med sin officielt anerkjendte jesuitermoral, - den samme «moral» som Universitetet i Paris i 1644 fordømte som «en djævelsk lære» og «den store sjælefiendes fælde»; den samme «moral» som et hundrede og atten aar senere av det franske parlament fordømtes, fordi den «godkjente røveri, løgn, mened, utugt, - al sanselig lyst og alle forbrydelser,» denne kirke er fræk nok til at «missionere» i vort land, som om Norge var et almindelig vildt hedningeland.

²⁸⁴ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 199.

²⁸⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 201.

²⁸⁶ Alexander Roger, *More victims of the priest*. Sjå note 256.

²⁸⁷ William Hogan, *Auricular confession and popish nunneries*, 2 bind (Hartford: Silas Andrus and Son, 1854).

²⁸⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 201 – 290.

Vi fraber os denne deres «mission»! [...] vi ønsker ikke deres hospitaler, deres klostre, og deres klosterscholer, som først og fremst er beregnet paa norske protestantiske barn. Det er utvilsomt altsammen sat i scene som et led i deres katolske «missions»-arbeide.²⁸⁹

Sitatet er ganske talande, både fordi Steinsvik knyter ein gamal anti-jesuitisk diskurs tett saman med sin eigen anti-katolisisme, fordi ho nærast ikkje finn grenser for kva slags umoral den katolske kyrkja står for. I det andre avsnittet kan ein også kjenna att ideen om jesuittane – og for Steinsvik sin del heile den katolske kyrkja – som ei konspirerande kraft. Dette er også svært synleg i det avsluttande kapittelet i «Imøtegaelse», der Steinsvik set katolisismen i samband med både bolsjevismen og fascismen.²⁹⁰ Ho skriv blant anna:

Ganske visst har Norge allerede begaaet den graverende feil at anerkjende den sociale bolschevisme som verdensmagt med Moskva som hovedcentrum. Det manglet virkelig bare, at man skulde begaa nok en feil og anerkjende ogsaa den religiøse bolschevisme som statsmagt med Rom som centrum.

Slegtskapet mellem disse to sorter bolschevisme er saa paatagelig, at det neppe trænger nogen nærmere paavisning. Den russiske bolschevisme og den romerske jesuitisme har da ogsaa forlængst «fundet» hinanden.²⁹¹

Eit tredje døme er å finna i hennar gjennomgang av Eskeland-saka. Der skriv Steinsvik at spørsmålet var om Eskeland – som katolikk – kunne vera «skikken som ungdomsleder og opdrager av norske protestantiske unge mænd og kvinder», og om Stortinget «til og med vilde yde ham den store økonomiske støtte som manden hadde været freidig nok til at anmode om?».²⁹² At Stortinget konkluderte som dei gjorde såg ho på som sjølvsgat. Det var etter hennar syn ikkje eit spørsmål om religionsfridom, Eskeland måtte jo gjerne tru på det han ville.

«Litt pavehistorie»

Den tredje hovuddelen i *Sankt Peters himmelnøkler* er kapittelet «Litt pavehistorie», som er Steinsvik sin gjennomgang av dei historiske pavane, frå Victor I, som levde seint på 100-talet, til Pius XI, som vart pave i februar 1922. Ho dreg i sin gjennomgang vekslar på fleire kjelder, men kviler i betydeleg grad på Otto von Corvins *Der Pfaffenspiegel – Historische Denkmale des christlichen Fanatismus*.²⁹³ Ifølgje Steinsvik har Corvin «gang paa gang [...] vært

²⁸⁹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 206.

²⁹⁰ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 278 – 285.

²⁹¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 278f.

²⁹² Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 216.

²⁹³ Marta Steinsvik refererer til ei utgåve frå 1870: Otto von Corvin, *Der Pfaffenspiegel – Historische Denkmale des christlichen Fanatismus* (Stuttgart: Vogler & Beinhauer, 1870).

underkastet katolsk censur», men er den «fastslaat at være helt korrekt og overensstemmende med de historiske kildekrifter».²⁹⁴

Pfaffenspiegel – som boka gjerne er kjend som – er ei fascinerande kjelde. Som Manuel Borutta påpeiker i si bok *Antikatholizismus* ber *Pfaffenspiegel* langt på veg preg av anti-kristen retorikk:

Neben klerikaler Doppelmoral wollte Corvin auch die «unreinen Quellen der Glaubenssätze» enthüllen und das Christentum als Aberglauben entlarven. Er berief sich auf «Erfahrung», «Vernunft», «Tatsachen» und «Wissenschaft» als «Todfeind des unvernünftigen Glaubens», argumentierte also anti-christlich.²⁹⁵

Eit utdrag frå den norske omsetjinga *Pavespeilet* frå 1891 kan nyttast som eit døme:

Dette kapitel handler om den romerske kirkes helgener (hellige), thi den protestantiske har afskaffet dem og kun beholdt de skinhellige. Alle disse helgener, paa nogle faa undtagelser nær, var mennesker, som religionen havde gjort vanvittige, og som vilde være blet indespærrede i galehuse, om de havde levet nutildags. Enhver læser, der ikke sjølv er grebet af den samme galskab, vil ved slutningen af dette kapitel være overbevist om sandheden af denne paastand.²⁹⁶

I tillegg syner Steinsvik til Döllinger, Lea, Cormenin, Holmquist, Phillipps og Griesinger; til Alexander Robertsons *The Roman Catholic Church in Italy*²⁹⁷, til ei engelskspråkleg omsetjing av Jean-Henri Merle d'Aubignés *Histoire de la reformation du seizième siècle*, og til H. A. Hendersons *Is the Roman church «holy»?*²⁹⁸ Begge dei siste to nemnde kjeldene fortener litt ytterlegare omtale. Franskspråklege Merle d'Aubigné var kalvinistisk prest i Église protestante de Genève – Geneve si protestantiske statskyrkje – og fleirbindsverket hans var kanskje den mest populære historiske samanfatinga av reformasjonen skrive frå ein protestantisk nokon gong. Fleire omsetjingar vart gjort til engelsk²⁹⁹, og boka vart «a huge bestseller across the

²⁹⁴ Marta Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 298, note 2.

²⁹⁵ «I tillegg til klerikalsk dobbeltmoral ville Corvin også avdekka 'dei ureine kjeldene til trussatsane' og avsløra kristendomen som overtru. Han baserte seg på «erfaring», «fornuft», «fakta» og «vitskap» som «dødsfiendar av den ufornuftige trua, og argumenterte altså anti-kristent». Manuel Borotta, *Antikatholizismus, Deutschland und Italien im Zeitalter der europäischen Kulturkämpfe* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 2011), s. 174.

²⁹⁶ Otto von Corvin, *Pavespeilet: historiske mindesmærker over fanatismen i den romersk-katholske kirke* (Kristiania: O. Huseby, 1891), s. 9.

²⁹⁷ Alexander Robertson, *The Roman Catholic Church in Italy* (London: Morgan and Scott, 1905).

²⁹⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 292 – 325.

²⁹⁹ Omsetjinga Steinsvik syner til er moglegvis Jean Henri Merle d'Aubigné, *History of the Reformation in the Sixteenth Century*, 5 bind (Glasgow: Blackie & Son / Collins, 1855 – 1862). Sjå elles Paz, *Popular anti-Catholicism*, s. 54.

English-speaking world». ³⁰⁰ Filosofen og historikaren Timothy Verhoeven oppsummerer verket som

an unsparing attack on papal domination. By the middle ages, the «holy and primitive equality of souls» which marked the early church had been swept away, usurped by a «spiritual king» and his caste of priests of one side, and beneath them «servile flocks reduced to a blind and passive submission». This was the tyrannical, ambitious church, d'Aubigné wrote, that now loomed over modern society. ³⁰¹

Is the Roman church «holy»? er skriva av H. A. Henderson, som også skriva pamfletten *Shall we tolerate the Jesuits?* ³⁰² Den fyrstnemnde boka er i hovudsak ein gjennomgang av den katolske kyrkja sine pavar opp gjennom historia, «a religious and ethical review of the lifes of the popes of Rome». ³⁰³ I innleiinga heiter det:

No religion is worthy of the name unless based on morality. Because of this absence of all accepted ideas of morality, we do not give the name of religion to Greek Polytheims and Roman Paganism. And if Mohammedanism is honoured by that name, it is because its standard of right and wrong is so much higher, inculcating the observance of morals in the ordinary relations of life. When we survey the period covered by Roman Catholicism, we find morality, as taught by Christ when on earth, becoming gradually more and more obscure as the ages pass, and immorality more and more dominant, till at last the Gospel – Christianity – is virtually non-existent, and is replaced by hatred, deception, avarice, hypocrisy, crime, murder and worse abominations [...]. And this condition of things was not only among the illiterate classes, who might perhaps be forgiven in their ignorance, ut among the successions of ecclesiastics, cardinals and popes, who at least must be assumed to know better [...]. If they knew better, they became hypocrites in passing for Christian teachers of men, and were blind guides to the morally blind; if they did not know better, and knew not the Truth, it is proof that Roman Catholicism is not Christianity, but is possessed by the world, the flesh and the devil. ³⁰⁴

Bøker med eit slikt fokus på pavehistorie er ikkje uvanleg i anti-katolsk samanheng, uavhengig av utgangspunktet for motstanden mot den katolske kyrkja. Det er heller ikkje så rart. Som den nolevande jesuittiske teologen og historikaren John W. O'Malley skriv i innleiinga til *A History*

³⁰⁰ Timothy Verhoeven, *Transatlantic Anti-Catholicism: France and the United States in the Nineteenth Century* (New York: Palgrave Macmillan, 2010), s. 20.

³⁰¹ Verhoeven, *Transatlantic anti-Catholicism*, s. 20.

³⁰² H. A. Henderson, *Shall we tolerate the Jesuits?* (London: Chas. J. Thynne, ikkje datert).

³⁰³ H. A. Henderson, *Is the Roman Church «holy»?* (London: Chas. J. Thynne, 1914), s. 7.

³⁰⁴ Henderson, *Is the Roman Church «holy»?*, s. 9f.

of the Popes: from Peter to present, «[t]he history of the popes is not always pretty».³⁰⁵ Nokre pavar, skriv O'Malley, «were reprehensible from almost every viewpoint».³⁰⁶ Anti-katolske skribentar hadde og har – med andre ord – framleis noko å gripa tak i, sjølv om anti-katolske skribentar gjerne har blanda historiske fakta med myter og med andre påstandar av meir tvilsam karakter.

Kapittelet «Litt pavehistorie» i Steinsvik si bok er eit døme på slik anti-katolsk pavehistorie, og ho lemner i løpet av kapittelet få pavar særleg ære, påverka som ho er av den ikkje akkurat venleg innstilte *Pfaffenspiegel* – hovudkjelda til denne delen av *Sankt Peters himmelnøkler*. Ein gjennomgang av Steinsvik si pavehistorie frå a til å er i vår samanhang ikkje så interessant, men det bør nemnast at ein av dei få pavane ho lemner særleg ære er Clemens XIV, som ho omtaler som «den bedste av alle paver som nogensinde har sittet paa denne trone». Det grunngjev ho blant anna med at han oppheva jesuittordenen.³⁰⁷ Ifølgje Steinsvik resulterte dette også i at han vart forgifta, «og ingen tvilte paa hvem de skyldige var».³⁰⁸ I røynda er påstanden om at Clemens XIV vart forgifta tvilsam, sjølv om den har vore langt frå uvanleg, ikkje minst i anti-jesuittisk litteratur.

Steinsvik hevdar – til liks med Henderson – også at ei rekkje andre pavar vart forgifta av jesuittane.³⁰⁹

«Hellig Olav og den norske statskirke»

29. juli 1930 var det 900 år sidan sidan Olav Haraldsson – Heilag-Olav – fall i slaget ved Stiklestad. Som Tone Slotsvik fortel i ein artikkel i det katolske kyrkjebladet *St. Olav* var dette eit «stort høydepunkt for katolikker i Norge», og noko dei hadde planlagt i årevis. Markeringa var også eit høve til å markera at den katolske kyrkja igjen var etablert i Noreg.³¹⁰ I masteroppgåva si skriv Slotsvik:

Siden Den katolske kirke hadde virket i Norge i middelalderen, fra kristningen av landet, og frem til reformasjonen, var denne perioden svært aktuell for katolikket. *St. Olav* presenterte

³⁰⁵ John W. O'Malley, *A History of the Popes: from Peter to present* (Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield, 2010), Kindle-utgåve, lok. 64.

³⁰⁶ Ibid.

³⁰⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 312f.

³⁰⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 260.

³⁰⁹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 311. Jf. Henderson, s. 193f.

³¹⁰ Tone Slotsvik, «Stiklestadjubileet i 1930 – synliggjøring av en norsk, katolsk identitet», *St. Olav – katolsk kirkeblad*, nr. 3, 2010, s. 26.

relativt ofte – og i økende grad fram mot Stiklestadjubileet – artikler om norsk historie, enten skrevet av katolikker sjølv eller hentet fra andre steder.³¹¹

Slotsvik framhever vidare at det katolske synet på norsk historie tok utgangspunkt i at det var den katolske kyrkja som kom til landet då Noreg vart kristna. Reformasjonen var dermed eit *brot* med den opprinnelege, norske kristendomen, Slotsvik nemner blant anna eit føredrag i den katolske menigheita St. Hallvard sine foreningslokale der banksjefen Nils Parmann skildra innføringa av lutherdomen som ei tysk lære innført med dansk tvang. Det norske folket sto lenge imot, og om ikkje det hadde vore sveikka av Svartedauden, hanseatisk brutalitet og danske overgrep ville det stått mot endå lenger.³¹²

Særleg var Olav Haraldsson – som helgenen St. Olav – viktig for norske katolikkar. Sigrid Undset meinte at han var den «usynlige kongen saa længe som Norge i det hele var et frit, selvbestemmende land», som stod «med hjertet fuldt av evig kjærlighet til sit folk, som hadde dræpt ham – ogsaa heri i den korsfæstede Kristi etterfølger [...]».³¹³ Frå ein norsk, katolsk ståstad var St. Olav både martyrkonge og nasjonalhelt, og han var – ikkje minst – *katolikk*. I 1930 gav Sigrid Undset også ut den vesle boka *Hellig Olav: Norges konge*, som fremma denne katolske forståinga av både St. Olav og av norsk historie.³¹⁴ Fire år tidlegare hadde ho skrive essayet «Er romerkirken moderkirken i Norge?».³¹⁵

Kvifor denne innleiinga til Steinsvik sin tekst om Heilag-Olav? Jo, ganske enkelt fordi Steinsvik sin tekst – som også vart gjeve ut som ein sjølvstendig pamflett i 1930³¹⁶ – langt på veg må skjønast som eit tilsvar på det katolske synet.. Der norske katolikkar var opptekne av å syna fram den katolske helgenen St. Olav som både norsk og katolsk, var Steinsvik oppteken av å syna at katolisismen var unorsk. I «Hellig Olav og den norske statskirke» freistar ho difor å syna at Olav Haraldsson slett ikkje *var* katolikk. «[Man] maa være opmerksom paa, [...] at saavel Olav Tryggvason som Olav den Hellige blev vundet for kristendommen i Vesterlandene», skriv ho. Den kristendommen dei to kongane innførte i Noreg var «altsaa kristendommen i dens engelske eller rettere i dens gammel-britiske, d.v.s. wallisisk-irsk-skotske skikkelse».³¹⁷ Steinsvik framhever med andre ord Olav den Heilage som keltisk kristen,

³¹¹ Slotsvik, «*Alt for Norge*», s. 78.

³¹² Slotsvik, «*Alt for Norge*», s. 79.

³¹³ Sigrid Undset i *St. Olav*, nr. 46, 1927. Sitert hjå Slotsvik, «*Alt for Norge*», s. 80.

³¹⁴ Sigrid Undset, *Hellig Olav: Norges konge* (Oslo: Some, 1930).

³¹⁵ Sigrid Undset, «Er Romerkirken moderkirken i Norge?», 1926. Gjeve att i Liv Blikrud (red), *Sigrid Undset. Essays og artikler 1920–1929* (Oslo: Aschehoug, 2006).

³¹⁶ Marta Steinsvik, *Hellig Olav og den norske statskirke* (Oslo: Eugen Nielsens forlag, 1930).

³¹⁷ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 337.

og ho skriv over fleire sider om den keltiske kyrkja.³¹⁸ Også i lange tider etter Stiklestad, meiner Steinsvik at den norske kyrkja ikkje var katolsk. Ho skriv:

Den norske kirke var det norske folks kirke – dette norske folk, som nu vilde være et kristent folk. Det var med andre ord, som før nævnt, en kristen norsk statskriker, nogenlunde like den vi har i vort land den dag i dag. --- Som vi har set var den norske kirke i den første tid **helt suveræn**. Den stod ikke under hverken Bremen eller Rom. Den var væsensforskjellig fra den romerske krike, og stod likesom sin keltiske moderkirke i skarp opposition til det romerske pavedømme. Derimot begyndte den norske kirke efterhaanden at nærme sig til den græske kirke.³¹⁹

Fyrst så seint som i 1350 meiner Steinsvik at den norske kyrkja vart katolsk, og med det ikkje lenger ei statskyrkje.³²⁰ Slik knyter Steinsvik også saman Heilag-Olav og den gjeninnførde norske statskyrkja, og ho tek så tak i olsokfeiringa, som ho ser på som positiv, all den tid det «ikke [er] den katolske helgen, utstaffert med opfantaserter ‘undere’, som den norske ungdom mindes», men «Hellig Olav og ikke St. Olav».³²¹ Vidare skriv ho:

Det skal ikke lykkes katolikkerne at faa forfusket Hellig Olavs minne og gjøre en pavelig katolsk helgen ut av ham, som ikke hadde den fjerneste forbindelse verken med det romerske pavedømmet eller med det som man i vore dage forstaar ved begrepet katolicisme.

Den jesuitiske katolicisme som for tiden behersker den romerske pavekirke vilde kong Olav utvilsomt ha vendt sig med avsky ifra. Det er frækt av de katolske geistlige her i landet, naar de vover at tale om, at de, den romerske paves jesuitiske tjenere, de skal bringe det norske folk Hellig Olavs gamle lære tilbake. Det er en vanhelligelse av Hellig Olavs namn at tale saa.³²²

I denne delen av *Sankt Peters himmelnøkler* er – trass Steinsvik sitt lite overraskande utfall mot jesuittane – dei utanlandske anti-katolske kjeldene fråverande. Kjeldene ho viser til er i staden ulike historiske kjelder, inkludert sagalitteratur, Snorre Sturlasons *Heimkringsla*, Adam av Bremen sine beretningar om Norden frå siste halvdel av 1000-talen, og litteratur skriven av ulike historikarar og kyrkjehistorikarar – primært nordiske, og blant dei Ernst Sars *Udsigt over den norske historie*.³²³

³¹⁸ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 337 – 344. Steinsvik nemner også synoden i Whitby, og referer her til Absalon Taranger, *Den angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske* (Kristiania: Den norske historiske forening, 1890).

³¹⁹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 365.

³²⁰ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 396.

³²¹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 413.

³²² Ibid.

³²³ Ernst Sars, *Udsigt over den norske historie*, 4 bind (Christiania: Cammermeyer, 1877 – 1891).

Å gå djupt inn i Steinsvik sitt historiesyn er det ikkje plass til her, men det er interessant at denne hovuddelen i *Sankt Peters himmelnøkler* går inn i ein diskursiv kamp, der båe sider gjer krav på Olav den Heilage og der båe sider også fokuserer på det *norske*.³²⁴

«Oprop til det norske folk»

Før me ser nærare på den neste hovuddelen i *Sankt Peters himmelnøkler* kan det vera verdt å nemna at Marta Steinsvik si anti-katolske verksemd også inkluderte meir enn utgjevinga av *Sankt Peters himmelnøkler*. I 1930 gav Eugen Nielsens forlag ut boka *Edderkoppen – en jesuit-intrige*, skrive av Joseph Hocking, ein romanforfattar og metodistprest frå Cornwall.³²⁵ Hocking skreiv eit utal romanar, mange av dei med ein klårt anti-katolsk budskap, eller «Protestant pulp fiction», som historikaren Bethany Hilcrease har omtalt dei som.³²⁶ *Edderkoppen*, som er ei omsetjing av boka *The Jesuit*, er ei av fire bøker av han som er gjeve ut på norsk. Omsetjinga av denne var det Marta Steinsvik som stod for. Romanen fortel om ein relativt ung mann som blir hjulpen av mystiske krefter til å vinna eit sete i det britiske Underhuset. Etter kvart kjem det for ein dag at det som ligg bak er eit jesuittisk plott for å opna opp for at ei katolikk kan bli britisk konge. Hovudpersonen – som i utgangspunktet er positivt innstilt til katolikkane – får ei oppvåkning:

Jeg forstod nu noget som aldrig tidligere var gaat op for mig. Romerkirken var anderledes end alle andre kirker i verden. Den krævet frihet, ikke bare for uhindret at kunne utøve sin specielle kultus og overlade andre til at anta sie religiøse dogmer. Den forlangte frihet for å at ødelægge friheten for alle andre. Den var ikke et religiøs samfund. Den var først og fremst et vældig politisk maskineri, som arbeidet for kirkens overherredømme.³²⁷

Heilt til sist i *Sankt Peters himmelnøkler* kjem Marta Steinsvik med det ho kallar eit opprop. Det startar med at ho låner frå konklusjonen til den tyske politikaren Eduard Windthorst i høve ein riksdagsdebatt om jesuittane i 1872, då det vart innført ei anti-jesuittisk lov i det tyske keisardømet.³²⁸ Windthorst framstiller i denne tala jesuittane som ei fare for staten, ei fare for

³²⁴ Sjå også Bernt T. Oftestad, «'.. det er noget kastrert ved den...' – Sigrid Undsets oppgjør med protestantismen», *Norsk Teologisk Tidsskrift*, nr. 4, 2006, s. 211 – 229. Oftestad nemner her blant anna MF-professor Karl Vold «advarte i 1926 mot at olsoksfeiringen skulle virke som katolsk propaganda. Han hadde dessutan fått det for seg at den gresk-ortodokse kirken var «moderkirken» i Norge.

³²⁵ Joseph Hocking, *Edderkoppen: en jesuit-intrige* (Oslo: Eugen Nielsens forlag, 1930).

³²⁶ Bethany Kilcrease, «Radical Anti-Catholic Protestantism and 'When It Was Dark'», *English Literature in Transition, 1880 – 1920*, vol. 57, nr. 2 (2014), s. 213.

³²⁷ Hocking, *Edderkoppen*, s. 107.

³²⁸ For meir om denne lova, sjå Róisín Healy, *The Jesuit Specter in Imperial Germany* (Boston: Brill, 1993), s. 51-83.

heile det tyske riket, ei fare for kulturen, for åndsfridom og dessutan for folkets moral og danning.³²⁹

Her låner Steinsvik direkte frå ein deltakar i den tyske kulturkampen, som ho – med eit ganske åpenlyst retorisk grep – også identifiserer som katolikk. Det siste er for så vidt rett nok, men Windthorst var såkalla gamalkatolikk – han tilhørde den gruppa som forlot eller vart ekskommunisert frå den romersk-katolske kyrkja etter det fyrste vatikankonsilet, blant anna fordi dei ikkje godtok ideen om at paven var ufeilbarleg. Han var dessutan representant for det venstreliberale Fortschrittspartei.³³⁰ Steinsvik går vidare med å sitera fleire kjelder ho meiner underbyggjer at jesuitismen og katolisismen no hadde blitt det same. Blant desse kjeldene er Otto Feuerstein, tidlegare katolsk prest og forfattar av fleire anti-jesuitiske bøker, inklusive ein serie i fire bind gjeve ut frå 1925 til 1927.³³¹ Her låner Steinsvik direkte frå den tyske kulturkampen som vart nemnd i Kapittel 2.

Snart går ho likevel vidare til England, og til det same temaet som i Hocking sin roman:

Nu iaar har katolikkene paa en stor katolsk kongres for hele det britiske rike «i aandsfrihetens navn» (!) gjort henstilling til parlamentet om at faa kroningseden avskaffet. – Hvorfor skal ikke den engelske konge ha religionsfrihet, naar selv den ringeste britiske borger har det, heter det saa smukt i henstillingen.³³²

Referansar til England er det fleire av i oppropet, men Steinsvik er – naturleg nok – mest oppteken av norske tilhøve:

Her i Norge begyndte den katolske propaganda i 1845. Der fandtes paa det tidspunkt [...] ikke en eneste norsk katolik i landet, kun enkelte utenlandske katolikker, som hadde slaat sig ned hos et naivt, troskyldig folk, – ikke for at indforlive sig i vertsfolkets følelses- og tankeliv og omsider søke at bli et integrerende led av dette nye fædrelands folkeorganisme, – men for som forrædere at begynde sit «apostoliske erobningsarbeide» [...]. De kom fra katolske lande, hvor religionsfrihet var et hatet og bespyttet ord. Heroppe førte de det stadig i munnen.

³²⁹ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 424-426.

³³⁰ Gross, *The War Against Catholicism*, s. 259.

³³¹ Otto Feuerstein, *Jesuitenstreiche. Die Jesuiten als Erbschleicher und als konfessionelle Hetzer* (Lorch: K. Rohm, 1925); *Jesuitenstreiche. Die Jesuiten als Mörder in der Theorie und in der Praxis in Deutschland, England, Holland und Frankreich* (Lorch: K. Rohm, 1925); *Jesuitenstreiche. Der Jesuitenstaat Paraguay* (Lorch: K. Rohm, 1926); *Jesuitenstreiche. Die Jesuiten als Erzieher* (Lorch: K. Rohm, 1927).

³³² Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 429.

Religionsfrihet pukket disse religiøse «erobrere» stadig paa. Frihet til at ødelægge og underminere vor egen religion og vor egen aandskultur, det maatte de ha.³³³

Ho heldt fram med å seia at katolikkane fekk det som dei ville, gjennom at ein «tankefuldt og letsindig» hadde opna landet for dei. Så vender ho attende til at ho i «Hellig Olav og den norske statskirke» har søkt å påvisa korleis tiggermunkar på 1300-talet sytte for at «et rakrygget, høit kultiveret og from keltisk-evangelisk kristenfolk» vart omdanna til eit uvitande, uopplyst og romerks-katolsk husmannsfolk, som til sist vart lagt inn under eit anna land. No kunne det skje igjen!³³⁴ Løysinga var at forbodet mot munkeordenar vart gjenoppretta, og om ikkje den katolske kyrkja – som uansett var jesuittisk – kunne stengjast ute, burde ein iallfall trekka ut «gifttenene», altså klosteskular og katolske sjukehus. Steinsvik heldt fram:

Hvis mennesker eller husdyr angripes av smitsomme sykdommer, da faar stat og kommune det travelt med at ta alle forholdsregler for at utrydde pesten. Men naar jesuiter maalbevisst arbeider paa at indpode vor norske ungdom langt farligere aandelige smittestoffe, da lægger den norske stat for tiden ikke to pinder i kors for at hindre denne jesuittiske «mission» som ifølge Norges egen grundlov er helt ulovlig.³³⁵

Ho avsluttar med at det norske folket nok ein gong vil forstå – av bitre erfaringar – at eidsvollsmennene gjorde det rette då dei stengte alle katolske ordenar ute. «Maatte man bare ikke indse dette for sent!».³³⁶

³³³ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 431.

³³⁴ Ibid.

³³⁵ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 434.


³³⁶ Ibid.

Kjelder og diskursar – ei oppsummering

Som gjennomgangen av *Sankt Peters himmelnøklar* over syner nytta Steinsvik seg av ei lang rekkje ulike kjelder i si anti-katolske verksemd. Blant dei meir interessante døma er kjelder frå Protestant Truth Society.

Dei einaste to andre døma på referansar til denne organisasjonen eg har funne i norsk samanhang er i Albert Hiorths *Bør jesuiter taales?*, samt i annonser for engelskspråklege bøker rykka inn i i *Aftenposten* av Schetelig's bokhandel.³³⁷ Dette er for øvrig same bokhandel som gav ut den fyrste utgåva av *Sions Visers Protokollar* i Noreg – den engelskeutgåva *The Jewish Peril*. Bokhandelen stod også for kommisjonssalet av Albert Hiorth sin *En bibelstudents kommentar*.³³⁸ Bokhandelen – som vart etablert av Sverre Schetelig i 1913 – ser med andre ord ut for å ha vore ein ikkje uviktig aktør i formidlinga av både anti-semittisk og anti-katolsk litteratur i Noreg.

I nokre høve viser Steinsvik attende til tidlegare norsk, anti-katolsk litteratur. Det er lite slik litteratur å finna frå 1900- og 1910-talet, men på 1890-talet kom det ut ei rekkje bøker med klårt anti-katolsk profil. Dette kan setjast i samband med diskusjonen om oppheving av jesuittparagrafen og paragrafen som råka katolske munkeordenar, og med ein offentleg polemikk der også den øvste representanten for den katolske kyrkja i Noreg – biskopen Jean Baptist Fallize – deltok.³³⁹ I hovudsak var kjeldene til Steinsvik likevel utanlandske, og primært engelske, amerikanske og tyske. Dei rangerer frå ateistiske åtak på presteskapa som sådan, via



ILLUSTRASJON 3: ANNONSE FOR BØKER FRÅ PROTESTANT TRUTH SOCIETY I *AFTENPOSTEN*, 19. MARS 1919 (KVELDSUTGÅVA), S. 7.

³³⁷ Hiort, *Bør jesuiter taales?*, pamfletten manglar sidetal. Dei nemnde annonsane var å finna i ei rekkje utgåver av *Aftenposten* i 1918 og 1919.

³³⁸ Aasvagen, «*En fare som truer os alle*», s. 54f.

³³⁹ Sjø t.d. St. Olaf-redaksjonen, *Forsvarsord mot missionsprest, sekretær L. Dahles angreb* (Kristiania: St. Olavs trykkeri, 1899) og Jean-Baptiste Fallize, *Kvinden i skriftestolen: fremstillet av Chiniquy, M. J. Færden, P. Helgevold* (Kristiania: St. Olavs trykkeri, 1892).

gamalkatolsk kritikk av jesuittane og heile vegen til ein fundamentalistisk protestantisk anti-katolisisme av det slaget Protestant Truth Society representerte.

Som eit resultat av dette kan ein også spora fleire separate diskursar i Marta Steinsviks *Sankt Peters himmelnøkler*: ein anti-katolsk diskurs med eit protestantisk utgangspunkt; ein anti-klerikalsk diskurs med eit liberalt, kyrkjekritisk utgangspunkt; ein meir omfattande anti-religiøs diskurs og til sist ein anti-jesuittisk diskurs. For Steinsvik sin del flyt likevel desse saman. For henne var informasjonen ho henta frå anti-jesuittisk litteratur ikkje berre eigna til å angripa jesuittordenen, men faktisk eigna til å angripa heile den katolske kyrkja, som etter hennar syn hadde blitt gjennomført jesuittisk. Som det avsluttande kapittelet i *Sankt Peters himmelnøkler*, «Oprop til det norske folk», syner var Steinsvik i aller høgste grad fiendtlig innstilt til katolisismen som sådan. Ho starta si anti-katolske verksemd med eit forsvar for jesuittparagrafen i den norske Grunnlova, men ynskte også å reversera grunnlovsendinga som lot munkeordenar operera i Noreg, og ynskte at katolske skular og sjukehus skulle stengjast.

I kapittel 2 såg me på sentrale motiv i europeisk og amerikansk anti-katolisisme på 1800-talet: jesuittane som konspiratørar, katolske prestar som overgriparar og den katolske kyrkja som gamaldags og framgangsfiendtleg. Alle tre er å finna att også i *Sankt Peters himmelnøkler*, og dei fyrste to må seiast å stå sentralt i Steinsvik sine åtak på den katolske kyrkja. Samstundes kviler *Sankt Peters himmelnøkler* også på debattane om den katolske kyrkja i Noreg på 1920-talet.

Kapittel 6: Steinsvik og seinare norsk anti-katolisisme

Innleiing

I kva grad har Marta Steinsvik spela ei rolle for seinare norsk anti-katolisisme, og i kva grad gjer ho det enno? Dette vil eg søkja å setja søkelys på i dette kapittelet. For å illustrera utviklinga vil eg sjå nærare på to konkrete perioder. På den eine sida vil eg sjå på debatten rundt jesuittparagrafen på 1950-talet. På den andre sida vil eg sjå på korleis anti-jesuittiske idear utgjer ein del av moderne norsk konspirasjonskultur.

Innleiingsvis kan det difor vera verdt å nemna eit par døme som fell utanfor desse to. Det fyrste er boka *Steinsvik-Riesterer saken: i lys av Romerkirkens maktsystem*, som vart gjeve ut av Marta Steinsvik sin tidlegare advokat, Hans Kiær Mordt, i 1948. Denne boka er tredelt. Den fyrste delen handlar om «Romerkirkens maktsystem» og byggjer ifølgje forfattaren sjølv «vesentlig på opplysninger, som kom frem i forbindelse med rettssaken og som fru Steinsvik har redegjort nærmere for i sin bok: *St. Peters Himmelnøkler*». ³⁴⁰ Den andre delen handlar om rettsprosessen i seg sjølv. ³⁴¹ Den tredje inneheldt «[b]etraktninger over romerkirkens maktutøvelse». ³⁴²

Ikkje overraskande er Mordt si bok markant kritisk til både jesuitismen og katolisismen, sjølv om Mordt nok kan seiast å vera noko mildare enn Steinsvik. Han konkluderer likevel med at katolsk propaganda – drive med «midler som anvist i jesuitisk moralteologi» er eit trugsmål: «En utvikling i høykirkelig og katoliserende retning kan hverken gavne vår kirke eller demokratiets sak». ³⁴³

Jesuittdebatten på 1950-talet

I 1952 tok regjeringa Torp – som sprang ut frå Arbeidarpartiet – initiativ til å oppheva jesuittparagrafen. Året før hadde Noreg underteikna den europeiske menneskerettskonvensjonen, men ein måtte ta forbehold i høve artikkel 9 om religionsfridomen. ³⁴⁴ Utanrikspolitisk hadde jesuittforbodet vorte ei pinleg affære ³⁴⁵, noko VG hadde teke opp på leiarplass i samband med 17. mai-feiringa i 1951:

³⁴⁰ Mordt, *Steinsvik-Riesterer saken*, s. 7.

³⁴¹ Mordt, *Steinsvik-Riesterer saken*, s. 45 – 100.

³⁴² Mordt, *Steinsvik-Riesterer saken*, s. 101.

³⁴³ Mordt, *Steinsvik-Riesterer saken*, s. 112.

³⁴⁴ «Forbehold om jesuittene», *VG*, 19. juni 1951, s. 2.

³⁴⁵ På 1950-talet var Noreg nesten heilt åleine om eit slikt forbod. Det einaste andre landet som hadde eit konkret forbod mot jesuittane var Sveits.

[D]et er for oss først og fremst en plikt å fjerne et forbud som står i strid med de avtaler om menneskerett som vi har sluttet oss til i det mellomfolkelige samarbeidet. Et irsk blad tegnet nylig et dystert bilde av norske rettilstander på grunn av forbudet mot jesuittene. Vi ser jo helst litt lysere på vårt rettssamfunn og på Grunnloven. Men la oss stoppe opp et øyeblikk og tenke på hvor raske vi selv er til å dømme om de overgrep som andre stater gjør mot menneskerettigheten. Hundre år etter at vi ga adgang til jødene, har vi ennå et jernteppe for jesuittene.³⁴⁶

Initiativet til endring av lovverket kom då også nettopp frå Utanriksdepartementet.³⁴⁷ Igjen gjekk regjeringa til biskopane for å få kyrkja sitt syn på saka. Sju av åtte biskopar i statskyrkja støtta ideen om å oppheva paragrafen, unnataket var Bjørgvin-biskopen Ragnvald Indrebø. På Teologisk Fakultet ville alle fire professorane kvitta seg med den aktuelle paragrafen – sjølv om ein av dei meinte at ein istadenfor burde ha ein paragraf som sytte for myndigheitskontroll med alle katolske ordenrørslar. Også på det konservative Menighetsfakultet støtta halvparten av professorane – to av fire – ei oppheving av paragrafen.³⁴⁸

Debatten vart også påverka av at paragrafen midt på 1950-talet – like før han vart oppheva – faktisk vart teken i bruk. I 1954 vart den danske jesuittpateren Heinrich Roos invitert til Noreg, for å halda føredrag i den protestantiske Teologisk Forening, om nettopp jesuittordenen. Ein søknad om løyve vart sendt til regjeringa, og Justisdepartementet konkluderte med at det rett og slett ikkje hadde høve til å tillata Roos å koma til landet.³⁴⁹

Samstundes bør det understrekast at Kristeleg Folkeparti sine representantar på Stortinget både argumenterte mot og røysta mot ei oppheving av paragrafen, og at ein del av den motstanden som fantest var å finna nettopp i kristne miljø. Ei rekkje tillitsmenn i kristne organisasjonar sende også eit brev til Stortinget der dei bad om at paragrafen vart oppretthalden.³⁵⁰ Av det

³⁴⁶ «Grunnlovsdag», *VG*, 16. mai 1965, s. 2.

³⁴⁷ Dette går fram av Innst. S. nr. 224 – 1956, som er å finna i *Stortingsforhandlingar 1956 6a*, s. 568-574.

³⁴⁸ Øyvind Norderval, «Jesuitterparagrafens opphevelse i 1956», *katolsk.no*, 15. juni 2010 (siste oppdatering). Artikkelen er ei utgåve av eit føredrag halde av Norderval, som er professor i kyrkjehistorie, på Katolsk Akademi 8. mai 2010. Online: <http://www.katolsk.no/organisasjon/okb/akademi/artikler/20100508>

³⁴⁹ Sverdrup-Thygesen, *Grunnlovens forbud*, s. 86.

³⁵⁰ *Stortingsforhandlingar 1956 6a*, s. 575. Organisasjonstilhøyre er ikkje gjeve opp i oppropet men underskivarane var Sverre Seim (Søndagsskoleforbundet), Oliver Dahl-Goli (Den Indre Sjømannsmisjon) Bjarne Hammerstrøm (residerande kapellan), Gustav Ballestad (Det Vestlandske indremisjonsforbund), Vilhelm Wilhelmsen (Den Norske Sjømannsmisjon), Carl Fredrik Wisløff (medredaktør, *Luthersk kirketidende*), Martin Tvetter (Norsk Finnemisjon), Sverre Stura (Den Indre Sjømannsmisjon), Herman Thon (Den Norske Sjømannsmisjon), Hans Edvard Wisløff (Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap), Sverre Magelssen (Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag, «Laget»), Einar Amdahl (Det Norske Misjonsselskap), Ernst Hallen (Santalmisjonen), Hans Sandvoll (Framnes folkehøgskule), Hans Høeg (Kristelig Gymnasium), Ole Winsnes (residerande kapellan), Ingar Hagen (tidl. redaktør i *Dagsavisen*, red.sekr. i *Vårt Land*), Olaf Duesund (Den Norske Israelsmisjon) Tormod Vågen (Norsk Luthersk Misjonssamband), Edvard Standal (Solborg folkehøgskule) og Odd Strand (Dagen). I tillegg kjem

mindretallet i utanriks- og konstitusjonskomiteen på Stortinget som var mot lovendringa var dette tillagt stor vekt:

[U]ttalelsen fra de mer enn 20 ledere av landsomfattende kristelige organisasjoner [tyder] på at synet hos kristenfolkets store mengder ikke har endret seg. [...] Dette stemmer også med mindretallets erfaring. Særlig bemerkelsesverdig er det at lednede misjonsfolk går imot opphevelsen av paragrafen. Som ingen andre her hjemme har våre misjonærer på misjonsmarken fått anledning til å følge jesuittenes ferd på nært hold. *Dette mindretall* mener etter dette at det på ingen måte lar seg konstatere at det siden 1925 er foregått noen slik svingning i kristenfolkets syn at det kan tas til inntekt for opphevelse av jesuitt-forbudet. Tvert imot tyder en mengde opinionsyttringer i tale og skrift på det motsatte.³⁵¹

Blant dei som engasjerte seg sterkt mot oppheving av paragrafen var også teologane Ole Hallesby og Olav Valen-Sendstad.

Marta Steinsvik døydde sommaren 1950, og hadde dei siste åra før ho døydde markert seg gjennom kritikk av landssvikoppggeret, ikkje gjennom kritikk av den katolske kyrkja. Men i kva grad var Steinsvik framleis tilstades i debatten? Ein gjennomgang av stortingsdebatten i 1956 syner at ein av stortingsrepresentantane konkret nemnde Steinsvik då saka skulle avgjerast. Det var høgre mannen Sverre Bernhard Nybø, som også var sokneprest i Synnlyven og som hadde si utdanning frå Menighetsfakultetet sist på tjuetalet. Han synte ikkje til *Sankt Peters himmelnøkler*, men til Steinsvik-Riesterer saka, og han synte vidare inngående til professor Christian Ihlen, som var sakkyndig i saka:

[...] hovedsaken ved dette er og blir at her er nevnt en autoriativ teolog, en lærd jesuittisk kirkerettslærer, der like opp til våre dager utførlig vil støtte den lære, at kirken som det fullkomne samfunn også har rett til gjøre bruk av den verdslige makt til å bringe død, la oss si over en kjetter – til frelse for Kristi trofaste –. Dette begrunner han med inngående henvisning til pavelige dekretter og koncil-beslutninger, der delvis har vært merkestener i inkvisisjonens uhyggelige historie opp igjennom tidene.

Dette ble stående uimotsagt i 1928. Men så kan jeg spørre: Er forholdene i dag blitt så totalt forandret? [...] Jeg kjenner meg ikke trygg på at de er det. Og det er nettopp ut fra det jeg kjenner frykt for at en lære med dette innhold skal få fri adgang til å utfolde seg i vår skole.³⁵²

Erling Imseth, som er oppgjeve som forretningsfører, og som eg ikkje har lukkast i å finna organisasjonstilhøyet til.

³⁵¹ *Stortingsforhandlinger 1956 6a*, s. 574.

³⁵² *Stortingsforhandlinger 1956 7b*, s. 3008.

Om Nybø var åleine om å nemna Steinsvik kan ein i innlegga frå andre av motstandarane av grunnlovsendinga kjenna att fleire trekk frå den breiare anti-jesuitiske diskursen Steinsvik også lånte frå. Erling Wikborg (KrF) var til dømes svært oppteken av jesuittisk moralteologi. Her synte han til Andreas Brandrud si bok om Kloster-Lasse frå 1895, samt til tyske Adolf van Harnack. Han var også innom jesuittane si påståtte framferd på Madagaskar, der han synte til Chr. Borchgrevink og Johs. Johnsson, men hovudfokus låg på den fåra jesuittisk moral utgjorde og då særleg for born og unge:

Vårt samfunn har vist megen omsorg for å beskytte barn og ungdom mot uheldig påvirkning. Vi har filmsensur og vi har hørt sterke røster heve seg i den senere tid for å motvirke den uheldige innflytelse av tegneserier. Jeg mener at en jesuittskole som bygger på den morallære jeg har forsøkt å tegne et bilde av, vil være langt farligere for ungdommens moralske utvikling enn film og slike ting er.³⁵³

Wikborg synte elles til fleire innlegg under stortingshandsaminga i 1925. Lars Elisæus Vatnaland (Bondepartiet) hadde ikkje like djuptgåande referansar som Nybø, men fortalde at han hadde vorte “meir og meir oppskaka” jo meir han hadde sett seg inn i jesuittane, og ikkje kunne skjønna at spørsmålet hadde noko med religionsfridom å gjera.³⁵⁴ Carl Joachim Hambro, som også sat i Stortinget under den førre debatten om jesuittparagrafen, gjekk langt grundigare til verks. Han hadde vore motstandar i 1925 også, men no var han endå meir overtydd:

Det er skjedd en hel rekke ting siden 1925, både her i landet og utenfor dette land, som enhver som fulgte med og ikke ville innskrenke sin erfaring til det han personlig opplevet i sin valgkrets, men mente at erfaringene burde omfatte det hele siviliserte samfunn, ikke kan overse, og som gjør at mange av oss ser med mindre sympati på jesuittenes virksomhet i dag enn vi gjorde i 1925.³⁵⁵

Vidare sette Hambro jesuittane i samband med ei rekkje totalitære rørsler:

Man må jo huske på at verken nazismen i Tyskland, fascismen i Italia, rexismen i Belgia, ledet av Degrelle, katolikkenes kjære yndlingsdisippel, Petains bevegelse i Frankrike, Francos bevegelse i Spania hadde vært mulig uten jesuittenes støtte og aktive medarbeiderskap. De som har bevaret noe inntrykk av Hitlers «Mein Kampf», vil også ha et sterkt inntrykk av hvor meget

³⁵³ *Stortingsforhandlinger 1956 7b*, s. 2956.

³⁵⁴ *Stortingsforhandlinger 1956 7b*, s. 2972.

³⁵⁵ *Stortingsforhandlinger 1956 7b* s. 2980.

han hadde lært av jesuitismen, og hvor høyt han satte dens organisasjon og dens lære. Det er få ting han har gitt mer umiddelbart uttrykk for.³⁵⁶

Han hevda vidare at også kommunismen lot seg inspirera av jesuittane, og snakka om “det nære slektskap mellom kommunismens oppbygning og nettopp den oppbygning jesuitismen har gitt store deler av den katolske almenhet”.³⁵⁷ Hambro gjekk i det heile så langt at kyrkjehistorikar Øyvind Norderval ved teologisk fakultet i 2010 omtala det som «konspiratorisk sprøyt fra ende til annen». ³⁵⁸ Sjølv om Marta Steinsvik – som me har sett – definitivt henta inspirasjon frå eit konspirasjonsteoretisk univers, og også kopla jesuittane til både fascismen og bolsjevismen, er det her likevel meir naturleg å sjå til ei *anna* kjelde, nemleg Olav Valen-Sendstad, og hans bok *Moskva og Rom: fjorten epistler om verdenspolitikken og det 20. Århundredes motrevolusjon*.³⁵⁹ Denne relativt korte boka inneheldt eit føredrag Valen-Sendstad heldt i NRK, samt artiklar skrive for avisa *Dagen*.

Valen-Sendstad meinte at Roma utgjorde ei tredje verdsdikt, ved sidan av Washington og Moskva. Sjølv om Roma stod i klår motsetjing til Moskva, meinte han også at dei to var svært like. I ein av epistlane i boka skriv han:

Som Hitler hadde sitt Gestapo, og som Moskva har sitt hemmelige politi – som var og er de egentlige makthaveres medforbrytere, således har rom sitt “hemmelige politi”: jesuittene og deres “inkvisisjonsdomstoler” i gammel og ny tid. Og hva tortur og blodsutgytelse angår beholder det pavelige “politi” med sin mange hundreårige historie en overlegen plass nr. 1 foran både Hitler og Stalins “politi”.³⁶⁰

I dei neste epistlane knytter han den katolske kyrkja konkret saman med fascismen, som han omtaler som “i virkeligheten ikke [...] noe annet enn *Romerpavens* og det *høyere katolske hiera[r]kis* politiske redskap for motrevolusjonen – fra første stund av”.³⁶¹ Desse påstandane baserer han på stoff han har funne i tidsskriftet *Converted Catholics Magazine*, drive av den

³⁵⁶ Ibid.

³⁵⁷ *Stortingsforhandlinger 1956 7b*, s. 2981.

³⁵⁸ Norderval, «Jesuitterparagrafens opphevelse».

³⁵⁹ Eg har nytta meg av ei utgåve gjeve ut av det danske Luthersk missionsforenings forlag i 1960. Boka vart gjeve ut utan omsetjing; Olav-Valen Sendstad *Moskva-Rom* (København: Luthersk missionforenings forlag, 1960). Originalen vart gjeve ut av Lunde forlag i Bergen i 1952.

³⁶⁰ Valen-Sendstad, *Moskva-Rom*, s. 21f.

³⁶¹ Valen-Sendstad, *Moskva-Rom*, s. 31.

tidlegare katolske presten Leo. H. Lehmann.³⁶² Ifølgje Valen-Sendstad var også Hitler katolikk, og antisemittismen hans var noko han hadde lært frå katolikkar og jesuittar.³⁶³

Både Hiorth, Steinsvik og Valen-Sendstad, tre av dei vesentlegaste bidragsytarane til anti-jesuittiske framstillingar i Noreg på 1900-talet, framstiller jesuittane som ei undergravande og fårleg politisk kraft. Der både Hiorth og Steinsvik kombinerte sin anti-jesuittisme med antisemittiske førestillingar, inkluderer Valen-Sendstad både fascismen og antisemittismen i dei anti-jesuittiske førestillingane. Der dei to fyrste bae var aktive i å formidla det antisemittiske falsknarverket *Sions Vises Protokoller* til eit norsk publikum, låner Valen-Sendstad øyre til Lehmann, som meinte at protokollane var forfatta av “none other than the disciples of Ignatius Loyola”.³⁶⁴ Om me løftar blikket frå enkeltstemmene illustrerer dette ein slående fleksibilitet i den anti-jesuittiske diskursen. Kanskje er også Steinsvik sin uttalte antisemittisme ein av årsakene til at ho *ikkje* i nemneverdig grad blir omtalt. I tillegg var nok hennar skarpe kritikk mot landsviksoppgeret med på å gjera henne mindre relevant, i åra etter krigen var slikt lite populært.

Anti-katolisisme i den moderne norske konspirasjonskulturen

Når ein skal skriva om moderne norsk anti-katolisisme er fleire innfallsvinklar moglege. Ein kunne til dømes sjå på korleis anti-katolske idear og motiv er å finna att i amerikansk populærkultur, og – grunna import – også i den norske, her kunne ein til dømes nemna den svært populære thrillerromanen *The Da Vinci Code*, skriven av Dan Brown. Ein kunne også sjå på korleis gamle anti-katolske og anti-klerikalske førestillingar gjer seg gjeldande i samband med pedofiliskandaler i den katolske kyrkja.³⁶⁵ Medan bae delar er interessant, minefelte til trass, vil eg istadenfor retta fokus mot eit snevrare felt, nemleg anti-katolske førestillingar innan ein smalare subkultur prega av sterkt konspirasjonsteoretiske førestillingar.³⁶⁶ John Færseth, som er utdanna innan mediavitskap, og som har arbeidd med norske konspirasjonsteoretiske miljø som journalist, skriv i ein artikkel:

³⁶² Lehmann skreiv også ei rekkje bøker. Ei interessant bok i vår samanhang er L. H. Lehmann, *Behind the Dictators, the Relationship of Roman Catholicism to Nazi-Fascism* (New York: Agora Publishing, 1942).

³⁶³ Valen-Sendstad, *Moskva-Rom*, s. 41.

³⁶⁴ Lehmann, *Behind the dictators*, s. 11-18.

³⁶⁵ Dette er eit av fleire tema i Philip Jenkins, *Pedophiles and Priests: Anatomy of a Contemporary Crisis* (Oxford: Oxford University Press, 1996).

³⁶⁶ Interesse for Marta Steinsvik i politiske utgrupper er elles ikkje avgrensa til berre hennar anti-katolisisme. Hennar antisemittiske aktivitet har til dømes vore omtalt på fleire norske, nynazistiske nettstader, blant dei nettstaden til Vigrid.

Det var tidlig på 2000-tallet at konspiratorisk tenkning plutselig kom opp fra kjellere og kroker og fikk et langt større publikum. Den digitale revolusjonen og nye medier gjorde at ideer man tidligere måtte gjøre til noe av et fulltidsstudium for å i det hele tatt bli klar over at eksisterte, nå bare lå et tastetrykk unna. Tilgjengeligheten og et kulturelt klima på full fart bort fra 90-tallets optimisme, gjorde at flere og flere begynte å snakke om og diskutere disse ideene.³⁶⁷

Færseth peiker på terroråtakene i USA 11. september 2001 som det han kallar ein symbolsk fødselsdag til ei ny generasjon konspirasjonsteoretikarar, han meiner mange av dei som seinare vart aktive i eit slags konspirasjonsteoretisk miljø starta med å stilla spørsmål til den «offisielle» versjonen rundt 11. september. Han syner vidare til Per-Aslak Ertresvåg si bok *Makten bak makten* frå 2006, og til den amerikanske filmen «Zeitgeist» frå 2007 som viktige inspirasjonskjelder for det konspirasjonsteoretiske miljøet som etterkvart skulle veksa fram.³⁶⁸

No er sjølvsagt ikkje konspirasjonsteoriar noko nytt i norsk samanheng – noko me har sett fleire eksempel på tidlegare. Internett har truleg bidrege til å gjera konspirasjonsteoretisk tankegods både meir utbreidd, meir omtala og meir kjend dei siste åra, men ein treng ikkje grava vidare djupt for å finna denne typen idear presentert på norsk også på 1980-talet. Dei siste tiåra har det ofte vore knytt til politiske miljø som må seiast å ha stått utanfor *mainstream* i norsk politikk. Den amerikanske statsvitaren Michael Barkun sitt omgrep «stigmatisert kunnskap» kan nyttast til å forklara kvifor. Barkun skriv:

Conspiracy ideas are particularly prevalent in what I call the realm of stigmatized knowledge – [...] knowledge claims that have not been validated by mainstream institutions. Subcultures dominated by belief in some form of stigmatized knowledge – such as those defined by commitments to political radicalism, occult and esoteric teaching, or UFOs and alien beings – are therefore most likely to nurture conspiracy ideas.³⁶⁹

Det er såleis verdt å nemna at eit lite forlag i Ørsta, drifta av Stig Bergmann, også aktivist i Folkebevegelsen mot Innvandring (FMI), er blant dei som har tilgjengeleggjort anti-katolsk litteratur i Noreg i nyare tid. På lista over bøker forlaget tilbyr via FMI sine nettsider finn ein to titlar av Steinsvik, *Hellig Olav og den norske statskirke* og *I moderkirkens favn*. Ein finn også fleire bøker av Charles Chiniquy og Hans Kiær Mordt si bok om Steinsvik-Riesterer-saka.

³⁶⁷ John Færseth, «Mellom chemtrails og bakkemannskap. Remixed and extended», *Humanist*, nr. 3, 2010. Publisert på nett her: http://arkiv.humanist.no/mellom_chemtrails_og_bakkemannskap.html

³⁶⁸ Ibid, jf. Per-Aslak Ertresvåg, *Makten bak makten* (Oslo: Koloritt, 2006)

³⁶⁹ Barkun, *Culture of Conspiracy*, s. 12.

Bergmann forlag har dessutan trykt opp *Sions vises protokoller*.³⁷⁰ Forlaget har også annonsert i bladet *Samfunnsliv*, ein levnad av brochmannianarrørsla. I ein annonse heiter det blant anna: «Disse bøkene får du ikke i bokhandelen, du får knapt lånt dem i biblioteket».³⁷¹ Eit lite, privat forlag i Haugesund har også gjeve ut den fyrste delen av *Sankt Peters himmelnøkler* på nytt, så seint som i 2011.³⁷²

I ein artikkel i *Journal of Contemporary Religion* frå 2011 lanserte Charlotte Ward og David Voas omgrepet *conspirituality*, ‘konspiritalitet’, for å skildra det dei meiner er ei utvikling der konspirasjonsteoriar og det som gjerne vert kalla alternativreligiøsitet smeltar saman.³⁷³ Dei omtaler konspiritalitet som ein politisk-spirituell filosofi basert på to grunnleggjande førestillingar, der den fyrste er at ei løynd gruppe kontrollerer eller freistar å kontrollera den politiske og sosiale ordenen, og den andre er at menneskeheita er i ferd med å gjennomgå ei oppvåkning, eit paradigmeskifte. Vidare omtaler dei konspiritalitet som «a web movement with diffuse leadership and constantly shifting areas of interest»³⁷⁴ - rett nok med forgjengarar frå før nettet si tid.³⁷⁵ Dette seier dei er ei utvikling som har skjedd på trass av «a wide gulf between the ordinary understandings of conspiracy theory and the holistic milieu».³⁷⁶

Dei norske religionsvitarane Asbjørn Dyrendal og Egil Asprem har problematisert dette, og meiner at samanblandinga verken er så ny eller så paradoksal.³⁷⁷ Dei meiner dessutan at det finst «strukturelle likhetstrekk som gjør grensene mellom de to ‘miljøene’ mindre stabile enn sosiale aktørers selvforståelse (og akademikerens reproduksjon av disse) ofte kan gi inntrykk av».³⁷⁸

³⁷⁰ «Bøker fra Bergmann forlag», *fmi.as*, 8. november 2010 (oppdatert 5. januar 2013). Online: <http://www.fmi.no/hovedside/344-bergmann-forlag> (Besøkt: 24. april 2015). Det har ikkje lukkast meg å finna kva årstall desse bøkene vart gjeve ut på nytt, då dei ikkje er registrerte med årstal i bibliotekdatabasa Oria, men *Sions Vises Protokoller* vart gjeve ut av Bergmann i 2003, og fleire av dei andre bøkene vart truleg trykt i løpet av 1990-talet.

³⁷¹ Annonse i *Samfunnsliv*, nr. 2, 2010, s. 9.

³⁷² Marta Steinsvik, *I «moderkirkens» favn: den romersk-katolske kirkes moralteologi avslørt* (Haugesund: INFOforlaget, 2011).

³⁷³ Charlotte Ward og David Voas, «The Emergence of Conspirituality», *Journal of Contemporary Religion*, vol. 26, nr. 1 (2011), s. 103 – 121.

³⁷⁴ Ward og Voas, «Conspirituality», s. 104.

³⁷⁵ Ward og Voas, «Conspirituality», s. 108-109.

³⁷⁶ Ward og Voas, «Conspirituality», s. 105.

³⁷⁷ Asbjørn Dyrendal og Egil Asprem, «Sorte brorskap, mørke korrespondanser og frelsende avsløringer», *din*, nr. 2 (2013), s. 32 – 61. Sjå også Egil Asprem og Asbjørn Dyrendal, «Conspirituality Reconsidered: How Surprising and How New is the Confluence of Spirituality and Conspiracy Theory?». Sistnemnde artikkel er godkjent for publisering i *Journal of Contemporary Religion*, men ikkje publisert i skrivande stund.

³⁷⁸ Dyrendal og Asprem, «Sorte brorskap», s. 34.

Uavhengig av dette, må ein likevel seia at Ward og Voas har eit poeng når dei fokuserer på eit moderne internettmiljø, og også tek i bruk internettetnografi som metode.³⁷⁹ Til liks med Færseth framhever dei tida etter 11. september 2001 som viktig:

We identify 2002 as the year second-generation conspiracy started. This was not just because the events of 9/11 and increasing political disillusionment were generating extra demand: by 2002, the web and access to it and its sub-cultures were sufficiently developed to accommodate conspiracy's expansion. Web-site building had been simplified and the blogosphere (the network of blogs on the internet) was growing.³⁸⁰

I norsk samanheng peiker på Færseth fleire nettsider som dukka opp mot slutten av 2000-talet som viktige. Den viktigaste av dei – «selve flaggskipet» - er ifølge Færseth nettsida *Nyhetspeilet*.³⁸¹ Dette er eit nettmagasin som ifølgje sitt eige grunnsyn ynskjer å «fremme en trippeloppvåkning i Skandinavia», knytt til bevissthet, til «utenomjordiske intelligente vesener» og til «New World Order (NWO)-nettverket og dets konspirasjoner».³⁸² Det siste vert framstilt som eit avgjerande punkt, då det «trippelforvirrede verdensbildet som NWO-nettverket har skapt og aktivt vedlikeholder» er det som står i vegen for «et trippelopplyst livssyn».³⁸³

Som dei tre punkta i grunnsynet syner er *Nyhetspeilet* ein nettstad som tek opp ei rekkje ulike tema. Det er også ein nettstad med ei lang rekkje ulike bidragsytarar.

I vår samanhang er verdt å merka seg er at nettstaden har publisert ei rekkje artiklar med fokus på påståtte jesuittiske komplott til dømes «Vatikanets tempelriddere er tilbake i Norge», «Hvorfor mislikes 'jøder' og jesuitter?», «Er Stiklestadaksjonen et jesuittisk plott?», «Alberto Riveras avsløringer om jesuitt-ordenen og den virkelige historien», «Glimt fra satans tempel Vatikanet» og «Vil jesuittene og frimurerne klare å starte 3. verdenskrig».³⁸⁴ Førestillingar om

³⁷⁹ Ward og Voas, «Conspiracy», s. 105.

³⁸⁰ Ward og Voas, «Conspiracy», s. 111.

³⁸¹ Færseth, «Mellom chemtrails og bakkemannskap».

³⁸² «Vårt grunnsyn», *nyhetsspeilet.no*, februar 2012. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/paradigmer/> (Besøkt: 25. april 2015).

³⁸³ Ibid.

³⁸⁴ Per Vidar Johansen, «Vatikanets tempelriddere er tilbake i Norge», *nyhetsspeilet.no*, 17. mars 2013. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2013/03/vatikanets-tempelriddere-er-tilbake-i-norge/> (Besøkt: 13. mai 2015); J. Johansen, «Hvorfor mislikes 'jøder' og jesuitter», *nyhetsspeilet.no*, 21. mars 2013. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2013/03/hvorfor-mislikes-joder-og-jesuitter/> (Besøkt 12. mai 2014); J. Johansen, «Er Stiklestadaksjonen et jesuittisk plott», *nyhetsspeilet.no*, 4. mars 2013. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2013/03/er-stiklestadaksjonen-et-jesuittisk-plott/> (Besøkt: 12. mai 2014); Alberto Rivera, «Alberto Riveras avsløringer om jesuitt-ordenen og den virkelige historien», *nyhetsspeilet.no*, 24. oktober 2014. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2014/10/alberto-riveras-avsloringer-om-jesuitt-ordenen-og-den-virkelige-historien/> (Besøkt: 12. mai 2014); Hans Gaarder, «Glimt fra satans tempel Vatikanet», *nyhetsspeilet.no*, 30. januar 2011. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2011/01/glimt-fra-satans-tempel-vatikanet/> (Besøkt: 12. mai 2014); Hans Gaarder, «Vil jesuittene og frimurerne klare å starte 3. verdenskrig», *nyhetsspeilet.no*, 17. november

jesuittane vert gjerne bakt saman med andre konspirasjonsteoretiske førestillingar. I den fyrste av dei nemnde artiklane vert jesuittane til dømes knytt til «det hemmelige selskap Illuminati, frimurerorganisasjonen og Bilderberger[-]organisasjonen» - alle spelar sentrale roller i moderne konspirasjonstenkning. Jesuittane vert også sagt å stå bak både EU og FN, både sionismen og islam (!), både den amerikanske føderalbanken, Norges Bank og alle store etterretningsorganisasjonar, bak nazismen og bak kommunismen.³⁸⁵ Andre artiklar går ikkje like langt, men i ein kan til dømes lesa at jesuittane stod bak då «Titanic» sank:

Disse rike og mektige menn ville ha vært i stand til å blokkere etableringen av Federal Reserve, derfor ønsket jesuittene å fjerne dem. De måtte bli ødelagt på en så overveldende måte at ingen skulle tro at de var myrdet, og slik at ingen ville mistenke jesuittene. Titanic var verktøyet for dette.³⁸⁶

Igjen vert ein slått av anti-jesuitismen sin fleksibilitet, noko me skal koma attende til i konklusjonskapittelet.

Marta Steinsvik vert også nemnd fleire gongar på *Nyhetsspeilet*. Ein av nettsida sine sentrale bidragytarar, Hans Gaarder, skriv til dømes:

Det ble sagt at det ikke ville være mulig å endre Grunnloven slik at jesuitter fikk adgang til Norge så lenge Marta Steinsvik var i live. Så skjedde heller ikke. Steinsvik døde i 1950, og Grunnloven ble endret slik at jesuitter fikk adgang til Norge i 1956. (Jesuitter hadde likevel oppholdt seg i Norge tidligere, bl.a. «kamouflert» som prester og biskoper innenfor den katolske kirken i Norge).³⁸⁷

Han heldt fram med å seia at Tyskland ikkje hadde noko forbod mot jesuittar, og at både jødar, slaviske folk og tyskarar sjølv måtte betala dyrt for det, «ettersom det var jesuitt-ordenen som var den organiserende kraft bak nazismen».³⁸⁸ Gaarder har også halde føredrag om blant anna Marta Steinsvik og jesuittane.

2011. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2011/11/vil-jesuittene-og-frimurerne-klare-a-starte-3-verdenskrig/> (Besøkt: 12. mai 2014).

³⁸⁵ Johansen, «Vatikanets tempelriddere».

³⁸⁶ Hans Gaarder, «Hvem senket Titanic?», *nyhetsspeilet*, 15. april 2010. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2010/04/hvem-senket-titanic/> (Besøkt: 25. april 2015).

³⁸⁷ Gaarder i kommentarfeltet til Abel Struksnes, «Bibelens profetier og tiden vi lever i», *nyhetsspeilet.no*, 22. august 2012. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2012/08/bibelens-profetier-og-tiden-vi-lever-i/comment-page-2/> (Besøkt: 7. mai 2015).

³⁸⁸ Ibid.

Jarle Johansen – ein annan bidragsytar til *Nyhetspeilet* – driv i tillegg sin eigen nettstad *Riksavisen*. Også her blir Steinsvik omtalt:

Nå er der vel noen få kirkesamfunn som klarer å stå imot presset fra Rom, men de tør ikke åpent utfordre Pavekirken. Vi tror vi har en protestantisk kirke, som feiret 1000 års jubileum i fjor (95), men sannheten er at Statskirken feiret sitt knefall for Paven i Roma. Dette er utførlig beskrevet av Marta Steinsvik i hennes pamfletter; «Hellig-Olav og den norske Statskirke», «I Moderkirkens favn» og Charley Chiniquy's; «Katolisismen avslørt, 50 år i Romerkirken».³⁸⁹

Medan det framstår som ei noko merkeleg tolking av dei nemnde tekstane – Johansen syner til utgåver gjeve ut av Bergmann forlag – er teksten eit døme på korleis Steinsvik blir tolka inn i moderne konspirasjonsteoretisk anti-katolisisme. Johansen er også oppteken av kristninga av Noreg, og syner her implisitt til «Hellig Olav og den norske statskirke»:

Når en ikke skjønner forskjellen på katolisisme og kristendom, skjønner en heller ikke den såkalla «kristninga» av Norge. Eller hvorfor katolikkene fjernet vår gamle historie da de hadde makten her i landet. Adam von Bremens og katolikkene sin forfalskning av norsk historie er grundig avslørt av Marta Steinsvik.³⁹⁰

Ei historie om marginalisering

Ein kan finna døme på sterkt anti-katolsk tankegods i ein del frikyrkjelege miljø den dag i dag, og ein kan også – med ein viss rett – hevda at at spor av eldre anti-katolsk diskurs både er å finna i populærkulturen og i samband med debattar rundt katolske prestar som har begått seksuelle overgrep. Trass i dette, som kvar for seg kunne vore tema for interessante studier, må likevel gjennomgangen i dette kapittelet seiast å vera eit uttrykk for at anti-katolske synspunkt av den sorten Steinsvik forfekta har vorte stadig meir marginalisert.

På 1920-talet var eit stortingsfleirtal stadig motstandarar av å avskaffa jesuittparagrafen, og det same standpunktet hadde brei støtte innad i kyrkja. På 1950-talet var eit stort fleirtal av biskopane i Den norske Kyrkja for å fjerna paragrafen, og på Stortinget var det berre Kristeleg Folkeparti og enkeltpolitikarar frå andre parti som ville halda på han. Motstanden var den gongen fyrst og fremst å finna i misjonsrørsla. I dag vert Marta Steinsvik stadig synt til, men

³⁸⁹ Jarle Johansen, «Kristendommens Vekst Og Fall Under Pavemaktens Åk», *Riksavisen.no*, 8. oktober 2006. Online: <http://www.riksavisen.no/?p=16> (Besøkt: 7. mai 2015).

³⁹⁰ Ibid.

fyrst og fremst i små, konspirasjonsteoretiske miljø, samt av enkeltstemmer i kristne miljø utanfor Den norske Kyrkja.³⁹¹

Eit uttrykk for kor marginalisert Steinsvik sin anti-katolisisme, med det fokuset den hadde på jesuittar, har blitt er å finna i ei preike Oslo-biskop Ole Christian M. Kvarme heldt i samband med grunnlovsjubileet, 23. februar 2014. Kvarme – som vert rekna for en av dei meir konservative biskopane – sa blant anna:

Vår Grunnlov ble et enestående frihetsdokument. Men jeg vet ikke om prestene som talte i gudstjenesten for 200 år siden, reflekterte over at både jøder og katolikker bad og ber den samme bønn som de prekte over. For det var et svik både mot mennesker og mot Ham som er Gud for alle, at jødeparagrafen og forbudet mot jesuitter og munkeordener ble inkludert i lovteksten. Og det skulle ta år før denne skampletten ble fjernet.³⁹²

³⁹¹ Eit døme er det adventistisk orienterte tidsskriftet *Mens vi venter*, gjeve ut av ekteparet John og Elin H. Berglund. Tidsskriftet har nemnd Steinsvik i fleire artiklar, til dømes: «Ketmanisme», *Mens vi venter*, nr. 4, 2006. Online: <http://www.mensviver.no/mvv47/ketmanisme.html> (Besøkt: 7. mai 2015).

³⁹² Ole Christian M. Kvarme, «Hos Gud» (preken i Oslo domkirke, 23. februar 2014), *dagen.no*, 24. februar 2014. Online: http://www.dagen.no/Kristenliv/Hos_Gud-71603 (Besøkt: 7. mai 2015).

Kapittel 7: Til slutt

Eg starta dette arbeidet med å jakta etter Marta Steinsvik sine kjelder. Ikkje overraskande inkluderer desse både amerikanske, britiske og tysk anti-katolsk litteratur, som diskutert i avsluttinga til kapittel 5. Litteraturen ho nytta seg av hadde likevel ulike utgangspunkt, og i blant kan kjeldetilfanget hennar verka nærast tilfeldig. Eit område det ville vera interessant å sjå nærare på, men som det ikkje har vore plass til her, er Steinsvik sitt syn på norsk kristendomshistorie – og på tilsvarande fokus på den norske kyrkja som ei avleggjar av den *keltiske* snarare enn den *katolske* hjå andre forfattarar.

Eg ynskte også å sjå nærare på korleis Steinsvik påverka seinare norsk anti-katolisisme. Ut frå det materialet eg har hatt tilgjengeleg, primært bøker, arkivet til *Aftenposten* og nyare kjelder funne via internett, har den sistnemnde vore avgrensa, og det er – slik eg peiker på i kapittel 6 – ei historie om marginalisering. Truleg har dette samanhang med at Steinsvik vart ein kontroversiell figur etter krigen, og difor i lita grad vart nemnd i samband med jesuittdebatten på 1950-talet. At hennar anti-jesuittisk fokuserte anti-katolisisme også vart kombinert med antisemittisme kan også ha bidrege til å gjera henne mindre relevant for etterkrigstidas anti-jesuittiske og anti-katolske straumingar i Noreg.

Likevel er det her rom for meir forskning. Det kunne til dømes vore interessant å gjennomgå til dømes avisa *Dagen* etter referansar til Steinsvik i tiåra etter andre verdskrigen. Sameleis kunne det vore interessant å utforska i kva grad anti-katolske og anti-jesuittisk idear er til stades i norske frikyrkjelege miljø i dagens Noreg.

Eg starta også dette arbeidet med ein viss skepsis. Anti-katolske førestillingar på 1920-talet og fram til *Sankt Peters himmelnøkler* kom ut for tredje gong i 1932 var noko eg oppfatta som eit relativt smalt tema, kanskje eit tema utan vidare relevans for dagens samfunn. Eg tok feil. Mange av motiva i dåtidas anti-katolisisme har klåre parallellar til anti-muslimske motiv i notida: idear om ei framand og farleg kraft som har kome seg «innanfor portane», men som ikkje er lojale til Noreg; fokus på den framande religionen som gamaldags; påstandar om at katolisismen – eller islam – ikkje eigentleg *er* ein religion, men istadenfor er berre eller nærast berre politikk, osv.

Mykje av Steinsvik sin anti-katolisisme var prega av usaklegheiter, ein heil del av vankunne og fordomar, og noko også av reint konspirasjonsteoretisk tankegods. Uavhengig av kor passande Michael Barkun sin teori om stigmatisert kunnskap måtte vera for dette feltet, er det heller liten

tvil om at kjeldekritikk ikkje er det *Sankt Peters himmelnøkler* skin mest av, hennar bruk av Maria Monk si bok, som må plasserast i sjangeren klosterhorror, er eit godt døme. Toleranse er heller ikkje det fyrste ordet som renn ein i hu. Samstundes kom Steinsvik eigentleg frå ein liberal tradisjon, og ho var lenge knytt til den liberale Asker-krinsen. Noko av kritikken ho retta mot den katolske kyrkja tok også utgangspunkt i anten reell teologisk usemje eller i progressive ideal, og ein del var kritikk mot den katolske kyrkja med utgangspunkt i historiske realitetar – sjølv om framstillinga hennar var djupt tendensiøs. Ei slik blanding kan ein også finna hjå enkelte som i dag hevdar å driva islamkritikk – og ein kan spørja seg: Kor går religionskritikken sine grenser eigentleg?

Den dag i dag vert Steinsvik i blant omtala med ein viss varme, om det no er av antroposofar som fyrst og fremst ser hennar bidrag til antroposofien her til lands eller av likestillingsforkjemparar som fyrst og fremst ser hennar bidrag til debatten om kvinnelege prestar i Den norske Kyrkja, der var ho før si tid.

Det reiser interessante spørsmål som strekk seg langt utanfor religionsvitskapen som fag: Korleis kunne ein liberalar som Steinsvik falla for antisemittisk og antikatolsk løgnpropaganda? Kor går eigentleg grensene mellom anti-katolisisme og religionskritikk retta mot den katolske kyrkja? Kor er i dag vippepunktet mellom islamkritikk og anti-muslimsk ideologi? I kva grad står nettopp konspirasjonsteoriane sentralt her?

Også dette opnar dørene til meir forskning. Ikkje minst ville eit samanliknande perspektiv på nettopp anti-muslimske og anti-katolske idear, i Noreg, eller – kanskje meir passande – i USA, vera av interesse. Ein stad i *Sankt Peters himmelnøkler* refererer Steinsvik til «den bekjendte dr. J. Addison Smith». Ho siterer frå ein kommentar han kom med i *Kansas City Post*, 25. mai 1913:

Der findes ikke en eneste intelligent borger i «De forenede stater» som ikke forstaar, at situationen er forfærdelig. – Jeg kan ikke længer være likegyldig i denne sak. Det er et av de alvorligste problemer vi har at løse. Romerkirken har utviklet sig til en kraftig politisk organisation, som behersker valgene i dette land. Vi maa møte dette som mænd.³⁹³

Dette var eit av dømene på ei kjelde det var vanskeleg å finna attende til. I ein artikkel frå *New York Times* i mai 1914 fann eg likevel ein ytterlegare opplysning. Der vart det referert frå ei

³⁹³ Steinsvik, *Sankt Peters himmelnøkler*, s. 49.

tale Smith heldt, der han blant anna påstod at den katolske kyrkja hadde kontroll over pressa.³⁹⁴ Men det var ikkje denne opplysninga eg beit meg merke i. Istadenfor var det opplysninga om at Smith kom frå Murfreesboro i Tennessee. Det ringde i ei bjelle i hovudet. Ei tid trudde eg at eg hadde oversett noko, og eg leita etter anti-katolske publikasjonar gjeve ut i nettopp denne byen. Så demra det: Murfreesboro – ein by som i dag har i overkant av 100 000 innbyggjarar, har fått ein del mediamerksemd dei siste åra, knytt til strid rundt bygginga av ein moské.

³⁹⁴ «Strike at Catholic Church», *New York Times*, 26. mai 1914.

Referansar

Litteratur

- Aasvangen, Linda. «*En fare som truer os alle*», masteroppgåve i historie. Oslo: Universitetet i Oslo, 2010.
- Asprem, Egil og Asbjørn Dyrendal. «Conspirativity Reconsidered: How Surprising and How New is the Confluence of Spirituality and Conspiracy Theory?». Godkjent for publisering i *Journal of Contemporary Religion*, ikkje publisert per 13. mai 2015.
- Aure, Anton. *Kvinnor i den nynorske bokheimen: stutte livsskildringar*. Kristiania: Nikolai Olsens Prenteverk, 1916.
- Barkun, Michael. *A Culture of Conspiracy: Apocalyptic Visions in Contemporary America*. Berkeley: University of California Press, 2003.
- Bjørke, Kristin. *Frihet til å være folkehøgsskole*. Masteroppgåve i administrasjons- og organisasjonsvitenskap. Bergen: Universitetet i Bergen, 2009.
- Blakeney, Richard P. *Popery in its social aspect*. London: Protestant Reformation Society, 1854.
- Bliksrud, Liv (red.). *Sigrid Undset. Essays og artikler 1920 – 1929*. Oslo: Aschehoug, 2006.
- Borchgrevink, Chr. *Erindringer frå de første femtiaar af Det norske missionselskabs arbeide paa Madagaskar*. Stavanger: Det Norske Missionselskap, 1921 (orig. 1917).
- Borutta, Manuel. *Antikatholizismus, Deutschland und Italien im Zeitalter der europäischen Kulturkämpfe*. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 2011.
- Borutta, Manuel. «Anti-Catholicism and the Culture War in Risorgimento Italy». I Patriarca, Silvana og Lucy Riall, *The Risorgimento Revisited: Nationalism and Culture in Nineteenth-Century Italy*. Hampshire: Palgrave Macmillan, 2012, s. 191 – 213.
- Brandrud, Andreas. *Klosterlasse: et bidrag til den jesuittiske propagandas historie i Norden*. Kristiania: Th. Steens Forlagsexpedition, 1895.
- Brutus (Samuel F. B. Morse). *Foreign Conspiracy Against The Liberties of the United States*. New York: Leavitt, Lord & Co, 1835.
- Casanova, Jose. «Nativism and the Politics of Gender in Catholicism and Islam», i Herzog, Hanna og Aud Brande (red.), *Gendering Religion and Politics, Untangling Modernities*, New York: Palgrave Macmillan, 2009, s. 21 – 50.

- Chiniquy, Charles. *Fifty years in the Church of Rome*. New York: Fleming H. Revell Company, 1866.
- Chiniquy, Charles. *Den romerske prest, kvinden og privatskriftemaalet*. Christiania: Steen, 1892.
- Chiniquy, Charles. *Katolicismen avsløret, et tilbakeblik paa mit liv*. Oslo: Nikolai Olsens boktrykkeri, 1930.
- Christiansen, Terje. «Marta Steinsviks Kringsjaa – et blad i antroposofiens historie», *Libra*, nr. 3/4, 1989.
- Cooke, Bill. *A Rebel to his last breath*. New York: Prometheus, 2001.
- Cormenin, Louis de la Haye (vicomte de). *The Public and Private history of the Popes of Rome*. 2 bind. Philadelphia: J. M. Campbell, 1847.
- Corvin, Otto von. Sjø: von Corvin, Otto.
- Cosack, Mary Francis. *Life inside the church of Rome*. New York: A. C. Armstrong and Son, 1889.
- Crowley, Jeremiah J. *The parochial school: a curse to the church, a menace to the nation*. Chicago: eige forlag, 1905.
- Crowley, Jeremiah J. *Romanism: a menace to the nation*. Wheaton, Illinois: eige forlag, 1912.
- Crowley, Jeremiah J. *The Pope, chief of white slavers, high priest of intrigue*. Aurora, Michigan: The Menace, 1913.
- d'Aubigne, Jean Henri Merle. *History of the Reformation in the Sixteenth Century*. 5 bind. Glasgow: Blackie & Son / Collins, 1855 – 1862.
- Dahl, Hans Fredrik. «Hun som tok på seg oppgaven». *St. Olav – katolsk kirkeblad*, nr. 2/2012, s. 23 – 25.
- Dehlin, Harald Steine. *Boken om Albert Hiorth: en norsk Aladdain*. Oslo: Lutherstiftelsen, 1949.
- Desanctis, Luigi. *The confessional*. London: J. Kensit, 1889.
- Dickens, Charles. *A Christmas Carol*. London: Chapman and Hall, 1843.
- Dufour, Pierre. *Histoire de la Prostitution chez tous les peuples du monde*. 6 bind. Paris: Sere, 1851-1854.
- Dyrendal, Asbjørn og Egil Aspren. «Sorte brorskap, mørke korrespondanser og frelsende avsløringer», *din*, nr. 2 (2013), s. 32 – 61.

- Eidsvig, Bernt I. «Den katolske kirke vender tilbake» i Gran, John W. et al, *Den katolske kirke i Norge. Fra kristningen til i dag*, Oslo: Aschehoug, 1993, s. 143 – 419.
- Emerline, G. D. *Frauds of Papal Ecclesiastics*. New York: ingen utgiver angitt, 1835.
- Emberland, Terje. *Religion og rase – nyhedenskap og nazisme i Norge*. Oslo: Humanist, 2003.
- Ertresvåg, Per-Aslak. *Makten bak makten*. Oslo: Koloritt, 2006.
- Facchini, Robert A. *Muldoon, A True Chicago Ghost Story*. Chicago: Lake Claremont Press, 2003.
- Fallize, Jean-Baptiste. *Kvinden i skriftestolen: fremstillet av Chiniquy, M. J. Færden, P. Helgevold*. Kristiania: St. Olafs trykkeri, 1892.
- Feuerbach, Anslem. *Aktenmässige Darstellung merkwürdiger Verbrechen*. 2 bind. Giessen: Heyer, 1828 – 1829.
- Feuerstein, Otto. *Jesuitenstreiche. Die Jesuiten als Erbsleicher und als konfessionelle Hetzer*. Lorch: K. Rohm, 1925.
- Feuerstein, Otto. *Jesuitenstreiche. Die Jesuiten als Mörder in der Theorie und in der Praxis in Deutschland, England, Holland und Frankreich*. Lorch: K. Rohm, 1925.
- Feuerstein, Otto. *Jesuitenstreiche. Der Jesuitenstaat Paraguay*. Lorch: K. Rohm, 1926.
- Feuerstein, Otto. *Jesuitenstreiche. Die Jesuiten als Erzieher*. Lorch: K. Rohm, 1927.
- Fidjestøl, Alfred. *Frå Asker til Eden*. Oslo: Samlaget, 2014.
- Frink, Sandra. «Women, the Family, and the Fate of the Nation in American Anti-Catholic Narratives, 1830 – 1860». *Journal of the History of Sexuality*, vol. 18, nr. 2 (2009), s. 237 – 264.
- Garstein, Oskar. «Undergrunnskirken 1537 – 1814» i Gran, John W. et al, *Den katolske kirke i Norge. Fra kristningen til idag*, Oslo: Aschehoug, 1993, s. 85 – 141.
- Garstein, Oskar. *Klosterlasse: stormfuglen som ville gjenerobre Norden for katolisismen*. Oslo: Aschehoug, 1998.
- Gorman, Mildred og Janet David Richardson. «M. F. Cosack in ‘Our Day’». *U. S. Catholic Historian*, vol. 22, nr. 3 (2004), s. 151 – 163.
- Gran, John W. *Den katolske kirke i Norge. Fra kristningen til idag*. Oslo: Aschehoug, 1993.
- Griesinger, Theoder. *Mysterien des Vaticans oder die geheimen und offenen Sünden des Pabstthums*. 2 bind. Stuttgart: Mäntler, 1861 – 1864.

- Griesinger, Theodor. *The Jesuits: a complete history of their open and secret proceedings from the foundation of the order to the present time*. London: W. H. Allen & co, 1885.
- Griesinger, Theoder. *Jesuiternas historia*. Stockholm: F & G Beijers, 1888.
- Gross, Michael B. «The Strange Case of the Nun in the Dungeon, or German Liberalism as a Convent Atrocity Story», *German Studies Review*, vol. 23, nr. 1 (2002), s. 69 – 84.
- Gross, Michael B. *The War against Catholicism: Liberalism and the Anti-Catholic Imagination in Nineteenth-Century Germany*. Ann Arbor: University of Michigan Press, 2004.
- Hansson, Kristian. *Stat og kirke: fredstider og kampår i Norge*. Bergen: Grieg, 1945.
- Healy, Róisín. *The Jesuit Specter in Imperial Germany*. Boston: Brill, 1993.
- Henderson, H. A. *Shall we tolerate the Jesuits?* London: Chas J. Thynne, ikkje datert.
- Henderson, H. A. *Is the Roman church «holy»?* London: Chas J. Thynne, 1914.
- Herzog, Hanna og Aud Brande (red.). *Gendering Religion and Politics, Untangling Modernities*. New York: Palgrave Macmillan, 2009.
- Hiorth, Albert. *En bibelstudents kommentar til «The Jewish Peril»*. Kristiania: eige forlag, 1920
- Hiorth, Albert. *Notater til et foredrag om Bibelens profetier lys over verdenssituasjonen i dag*. Kristiania: eige forlag, 1924.
- Hiorth, Albert. *Spørsmål til en katolsk ven frå en norsk protestant*. Kristiania: eige forlag, 1924.
- Hiorth, Albert. *Bør jesuiter taales? Nogen historiske illustrationer til Eidsvoldsmændenes grunde for Norges Grundlov §2*. Oslo: eige forlag, 1925.
- Hiorth, Albert. *Utdrag av jesuiternes lære om kirkens og statens pligt til udryddelse av kjættene i aar 1900: citater*. Asker: eige forlag, 1925.
- Hocking, Joseph. *Edderkoppen: en jesuit-intrige*. Oslo: Eugen Nielsens forlag, 1930.
- Hofstadter, Richard. «The Paranoid Style in American Politics». *Harper's Magazine*, november 1964, s. 77 – 86.
- Hogan, William. *Auricular confession and popish nunneries*. 2 bind. Hartford: Silas Andrus and Son, 1854.
- Jenkins, Philip. *Pedophiles and Priests: Anatomy of a Contemporary Crisis*. Oxford: Oxford University Press, 1996.

- Jenkins, Philip. *The New Anti-Catholicism: The Last Acceptable Prejudice*. New York: Oxford University Press, 2003.
- Johnsson, Johs. *Det første hundreaar av Madagaskars Kirkehistorie: en studiebok*. Stavanger: Det Norske Missionselskap, 1914.
- Jørgensen, Marianne og Louise Philipps. *Discourse Analysis as Theory and Method*. London: SAGE, 2002.
- Kensit, John. *The inquisition and confessional of the present century*. London: J. Kensit, 1893.
- Kilcrease, Bethany. «Radical Anti-Catholic Protestantism and ‘When It Was Dark’». *English Literature in Transition, 1880 – 1920*, vol. 57, nr. 2 (2014), s. 210 – 230.
- Kjelstadli, Knut. *Fortida er ikke kva den en gang var: en innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget, 1992.
- Krane, Borghild. *Sigrid Undset: liv og meninger*. Oslo: Gyldendal, 1970.
- Krijn, F. *Avsløringer av umoral i den katolske kirke: en katolsk prests erfaringer*. Oslo: St. Olavs Forbund, 1927.
- Kvellestad, Iris. *Motreformasjonens avantgarde. En kartlegging av norske holdninger til jesuittordenen på 1900-tallet*. Masteroppgåve i religionsvitenskap. Bergen: Universitetet i Bergen, 2012.
- Langen, Klaus. *Ivar Mortensson Egmund*. Oslo: Samlaget, 1957.
- Lea, H. C. *History of Sacerdotal Celibacy*. 2 bind. London: Williams and Norgate, 1907.
- Lehmann, L. H. *Behind the Dictators, the Relationship of Roman Catholicism to Nazi-Fascism*. New York: Agora Publishing, 1942.
- Lockwood, Robert P. «The Evolution of Anti-Catholicism in the United States», i Robert P. Lockwood (red.), *Anti-Catholicism in the American Culture*, Huntington, Indiana: Our Sunday Visitor, s. 15 – 53.
- Marstein (Marta Steinsvik). *De hvite ravnens broderskap: Noen shortstories*. Oslo: Eige forlag / Marstein, 1945.
- McCabe, Joseph Martin. *Twelve years in a monastery*. London: Smith, Elder & Co, 1897.
- McCabe, Joseph Martin. *Twelve years in a monastery*. Revidert tredjeutgåve. London: Watts & Co, 1907.
- Mir, Miguel (med etterord av I. de Récalde), *Histoire intérieure de la compagnie de Jésus*. Paris: Librairie Moderne.

- Moe, Olav og Lars Eskeland. *Tvo foredrag*. Oslo: Fedrelandslaget, 1925.
- Monk, Maria. *Awful Disclosures of Maria Monk, or, The Hidden Secrets of a Nun's Life in a Convent Exposed*. Manchester: Milner and Company, 1850.
- Mordt, Hans Kiær. *Steinsvik-Riesterer-saken: i lys av Romerkirkens maktsystem*. Oslo: C. P. Mordt & Søn, 1948.
- Nelson, Eric. «The Jesuit Legend», i Parish, Helen og William G. Naphy, *Religion and Superstition in Reformation Europe*, Manchester: Manchester University Press, 2002, s. 94-117.
- Norseth, Kristin. «Arousing anti-Catholic sentiments on a national scale: The case of Marta Steinsvik and Norway». I Werner, Yvonne Maria og Jonas Harvard, *European anti-Catholicism in a comparative and transnational perspective*, Amsterdam: Rodopi, 2013, s. 149-163.
- Oftestad, Bernt T. «'... det er noget kastret ved den...' – Sigrid Undsets oppgjør med protestantismen». *Norsk Teologisk Tidsskrift*, nr. 4, 2006, s. 211 – 229.
- Olender, Maurice. *Race and Erudition*. Cambridge: Harvard University Press, 2003.
- O'Malley, John W. *A History of the Popes: from Peter to the present*. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield, 2010.
- O'Malley, John W. *The Jesuits. A history from Ignatius to the present*. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield, 2014.
- Pagliarini, Marie Anne. «The Pure American Woman and the Wicked Catholic Priest: An Analysis of Anti-Catholic Literature in Antebellum America», *Religion and American Culture: A Journal of Interpretation*, vol. 9, nr. 1 (1999) s. 97 – 128.
- Parish, Helen og William G. Naphy (red.). *Religion and Superstition in Reformation Europe*. Manchester: Manchester University Press, 2002.
- Paz, Denis G. *Popular Anti-Catholicism in mid-Victorian England*. Stanford: Stanford University Press, 1992.
- Philipps, Ernest. *Rome's traffic in nuns: an exposure of conventional dowries and mortality*. London: Protestant Truth Society. London: udatert.
- Phillipps, Ernest. *Papal Merchandise*. London: Chas J. Thynne, 1911.
- Pionke, Albert D. *Plots of Opportunity: Representing Conspiracy in Victorian England*. Columbus: Ohio State University Press, 2004.
- Poels, Vefie. *Een roomse droom. Nederlandse katholieken en de Noorse missie, 1920 – 1975*. Nijmegen: Valkhof Pers, 2005.

- Richardson, Eliza. *Personal experience of Roman Catholicism*. London: Morgan & Scott, 1850.
- Richardson, Eliza. *Personlige erfaringer om katolicismen og klosterlivet*. Kristiania: Steenske, 1892.
- Robertson, Alexander. *The Roman Catholic Church in Italy*. London: Morgan and Scott, 1905.
- Roger, Alexander. *Victims, and more victims of the priest: a plea for convent inmates*. London: Protestant Truth Society, 1937.
- Rode, A. *Barbara Ubryk oder die Geheimnisse des Karmeliter-Klosters in Krakau*. München: Neuburger & Kollb, 1869.
- Rossum, Wilhelm van. Sjø: van Rossum, Wilhelm.
- Sars, Ernst. *Udsigt over den norske historie*. 4 bind. Christiania: Cammermeyer: 1877 – 1891
- Scott, Gabriel. *Sven Morgendug*. Oslo: Gyldendal, 1926.
- Slotsvik, Tone. «Alt for Norge. Ikke ogaa for katoliker?» - *Den katolske minoriteten i Norge 1905 – 1930*. Masteroppgåve i historie. Bergen: Universitet i Bergen, 2009.
- Slotsvik, Tone. «Stiklestadjubileet i 1930 – synliggjøring av en norsk, katolsk identitet». *St. Olav – katolsk kirkeblad*, nr. 3, 2010, s. 26 – 29.
- Solbrekken, Ingeborg. *Kors og kårde. Marta Steinsviks liv og virke 1877 – 1950*. Oslo: Vidarforlaget, 2012.
- Stahuljak, Zrinka. *Pornographic archeology: Medicine, Medievalism and the invention of the French nation*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press, 2013.
- Steiner, Rudolf. *Hvorledes erhverves kundskap om høiere verdener*. Oslo: Vidar, 1921.
- Steinsvik, Marta. *Ægteskabet og forplantningen*. Kristiania: Blytt & Lund, 1910.
- Steinsvik, Marta. *Kvendi og preste-embættet: fyredrag halde paa landsmøte for L. K. S. F, 8de juli 1916*. Risør: Erik Gunleikssons forlag, 1917.
- Steinsvik, Marta. *Sankt Peters himmelnøkler*. Oslo: eige forlag, 1928 (1. oppl).
- Steinsvik, Marta. *Hellig Olav og den norske statskirke*. Oslo: Eugen Nielsens forlag, 1930.
- Steinsvik, Marta. *Sankt Peters himmelnøkler*. Oslo: Eugen Nielsens forlag, 1932 (3 oppl).
- Steinsvik, Marta. *I «moderkirkens» favn: den romersk-katolske kirkes moralteologi avslørt*. Haugesund: INFOforlaget, 2011.

- Steinsvik, Marta. Tillegg til Sankt Peters himmelnøkler. Ikkje datert. Publisert på nett av endetidsposten.com. Online: <http://www.endetidsposten.com/index.php/com-k2/k2-information/artikler/409-ludvigsen-tohundreogsekstiatte>
- St. Olaf-redaksjonen. *Forsvarsord mot missionsprest, sekretær L. Dahles angreb*. Kristiania: St. Olafs trykkeri, 1899.
- Strømmen, Øyvind. *Den sorte tråden*. Oslo: Cappelen Damm, 2014 (pocketutgåve, oppr. 2013).
- Sverdrup-Thygeson, Ulrik. *Grunnlovens forbod mot jesuitter og munkeordener. Religionsfrihet og grunnlovskonservatisme, 1814 – 1956*. Masteroppgåve i jus. Oslo: Universitetet i Oslo, 2009.
- Sødal, Helje Kringelbotn. *Oxfordbevegelsen 1934 – 1940*. Oslo: Cappelen Damm, 2013.
- Taranger, Absalon. *Den angelsaksiske kirkes indflytelse paa den norske*. Kristiania: Den norske historiske forening, 1890.
- Tegel, Susan. *Jew Süss: Life, Legend, Fiction, Film*. London: Continuum, 2011.
- *The Rambler*, vol. 8, 1848. Gjentrykk. London: Forgotten Books, 2013.
- Undset, Sigrid. *Katholsk propaganda*. Oslo: Some & Co, 1927.
- Undset, Sigrid. *Hellig Olav: Norges konge*. Oslo: Some & Co, 1930.
- Valen-Sendstad, Olav. *Moskva-Rom*. København: Luthersk missionforenings forlag, 1960.
- van Rossum, Wilhelm (kardinal). *Aan mijne Katholieke Landgenoten*. Rotterdam: E. De Bont & Zoon, 1923.
- Van Wolde, Ellen. «Intertextuality: Ruth in dialogue with Tamar». I Brenner, Athalya og Caroline Fontaine (red), *A feminist Companion to reading the Bible*, Sheffield: Sheffield Academic Press, 1997, s. 426 – 451.
- Verhoeven, Timothy. *Transatlantic Anti-Catholicism: France and the United States in the Nineteenth Century*. New York: Palgrave Macmillan, 2010.
- von Corvin, Otto. *Der Pfaffenspiegel – Historische Denkmale des Christlichen Fanatismus*. Stuttgart: Vogler & Beinhauer, 1870.
- von Corvin, Otto. *Pavespeilet: historiske mindesmærker over fanatismen i den romersk-katholske kirke*. Kristiania: O. Huseby, 1891.
- Walsh, Walter. *The Secret History of the Oxford Movement*. London: Swan Sonnenstein & Co, 1898.

- Ward, Charlotte og David Voas. «The Emergence of Conspirituality». *Journal of Contemporary Religion*, vol. 26, nr. 1 (2001), s. 103 – 121.
- Werner, Yvonne Maria. *Nordisk katolicism. Katolsk mission och konversion i ett nordiskt perspektiv*. Göteborg: Makadam, 2005.
- Werner, Yvonne Maria og Jonas Harvard. «European anti-Catholicism in a comparative and transnational perspective. The role of a unifying order: an introduction», i Werner og Harvard (red.), *European anti-Catholicism in a comparative and transnational perspective*, Amsterdam: Rodopi, 2013, s. 13 – 22.
- Wickins, Peter. *Victorian Protestantism and Bloody Mary*. Bury St. Edmunds: Arena, 2012.
- Wolde, Ellen Van. Sjø: Van Wolde, Ellen.
- Wright, Howard G. *Er Romerkirken vår kirkes mor? Det sanne sammenhengs forhold mellom Glastonbury og Rom*. Oslo: eige forlag [Albert Hiorth], 1925.

Avis- og nettartiklar

- «Aanvallen op de katholieke kerk». *De Tijd*, 16. januar 1928, del 2, s. 5.
- «Anti-papisme». *De Tijd*, 10. mars 1928, del 2, s. 6.
- «Attack on father Muldoon». *New York Times*, 23. juli 1901, s. 1.
- «Bøker fra Bergmann forlag». *fmi.as*, 8. november 2010 (oppdatert 5. januar 2013). Online: <http://www.fmi.no/hovedside/344-bergmann-forlag> (Besøkt: 24. april 2015).
- «De norske katoliker protesterer mot grundlovens jesuiterforbud». *Aftenposten* (morgonutgåva), 13. mars 1925, s. 1.
- «Den eiendommelige rettssak i Kristiansand er åpnet». *Aftenposten* (kveldsutgåva), 11. januar 1928, s. 1 – 2.
- «Forbehold om jesuittene». *VG*, 19. juni 1951, s. 2.
- Færseth, John. «Mellom chemtrails og bakkemannskap. Remixed and extended». *Humanist*, nr. 3, 2010. Online: http://arkiv.humanist.no/mellom_chemtrails_og_bakkemannskap.html
- Gaarder, Hans. «Glimt fra satans tempel Vatikanet». *nyhetsspeilet.no*, 30. januar 2011. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2011/01/glimt-fra-satans-tempel-vatikanet/> (Besøkt: 12. mai 2014)
- Gaarder, Hans. «Vil jesuittene og frimurerne klare å starte 3. verdenskrig». *nyhetsspeilet.no*, 17. november 2011. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2011/11/vil-jesuittene-og-frimurerne-klare-a-starte-3-verdenskrig/> (Besøkt: 12. mai 2014).

- Gundersen, A. «Jesuitene – en kontra-protest». *Aftenposten* (morgonutgåva), 20. mars 1925, s. 2.
- Gundersen, A. «Jesuitene», *Aftenposten* (morgonutgåva), 8. april 1925, s. 3.
- Hem, P. E. «Marta Steinsviks fascinerende liv», *Tidsskrift for Den norske legeförening*, nr. 19, 2012. Online: <http://tidsskriftet.no/article/2888187/> (Besøkt: 12. mai 2015).
- «Het proces pastoor Riesterer – Martha Steinsvik». *De Tijd*, 25. januar 1928, del 2, s. 6.
- «Hvad ‘den røde pave’ fortæller om sine indtryk fra de nordiske land». *Aftenposten* (morgonutgåva), 13. mars 1924, s. 1.
- Ihlen, Chr. «Hvad dreiet det sig om i Steinsviksaken» (I). *Aftenposten* (morgonutgåva), 24. januar 1928, s. 5.
- Ihlen, Chr. ««Hvad dreiet det sig om i Steinsviksaken» (II). *Aftenposten* (kveldsutgåva), 25. januar 1928, s. 4.
- Iversen, Helge Magnus. «Det undergjørende krusifiks i Røldal», *katolsk.no*, 14. oktober 2007. Online: <http://www.katolsk.no/praksis/valfart/artikler/roldal>
- Johansen, Jarle. «Kristendommens Vekst Og Fall Under Pavemaktens Åk». *Riksavisen.no*, 8. oktober 2006. Online: <http://www.riksavisen.no/?p=16> (Besøkt: 7. mai 2015).
- Johansen, Jarle. «Er Stiklestadaksjonen et jesuittisk plott». *nyhetsspeilet.no*, 4. mars 2013. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2013/03/er-stiklestadaksjonen-et-jesuittisk-plott/> (Besøkt: 12. mai 2014).
- Johansen, Jarle. «Hvorfor mislikes ‘jøder’ og jesuitter». *nyhetsspeilet.no*, 21. mars 2013. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2013/03/hvorfor-mislikes-joder-og-jesuitter/> (Besøkt 12. mai 2014).
- Johansen, Jahn Otto. «Antisemitt, men ikke jødehater?». *Dagbladet*, 24. januar 2012, s. 58.
- Johansen, Per Vidar. «Vatikanets tempelriddere er tilbake i Norge». *nyhetsspeilet.no*, 17. mars 2013. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2013/03/vatikanets-tempelriddere-er-tilbake-i-norge/> (Besøkt: 13. mai 2015).
- «Jøder og jesuiter», *Aftenposten* (morgonutgåva), 6. mai 1925, s. 8
- «Kardinalbesøket». *Aftenposten* (kveldsutgåva), 24. juli 1923, s. 4.
- «Kardinal van Rossums bok», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 23 april 1924, s. 1.
- «Kardinal van Rossum i høitidelig audiens i formiddags». *Aftenposten*, (kveldsutgåva), 31. juli 1923, s. 1.

- «Ketmanisme». *Mens vi venter*, nr. 4, 2006. Online: Jarle Johansen, «Kristendommens Vekst Og Fall Under Pavemaktens Åk», *Riksavisen.no*, 8. oktober 2006. Online: <http://www.riksavisen.no/?p=16> (Besøkt: 7. mai 2015).
- Kvarme, Ole Christian M. «Hos Gud». Preken i Oslo domkirke, 23. februar 2014. Publisert av *dagen.no*, 24. februar 2014. Online: http://www.dagen.no/Kristenliv/Hos_Gud-71603 (Besøkt: 7. mai 2015).
- Norderval, Øyvind. «Jesuitterparagrafens opphevelse i 1956». *katolsk.no*, 15. juni 2010 (siste oppdatering). Online: <http://www.katolsk.no/organisasjon/okb/akademi/artikler/20100508>
- Norseth, Kristin. «Med klubbe og kårde». *Vårt Land*, 11. januar 2012, s. 18.
- «Pastor Riesterers forklaring». *Aftenposten* (kveldsutgåva), 11. januar 1928, s. 2.
- Preben-Hansen, Bernadette. «Hærverk i Stenosgrad», *katolsk.dk*, 20. oktober 2011. Online: [http://www.katolsk.dk/579/?tx_ttnews\[tt_news\]=9446&cHash=1d2b7d1e2bd022dc42391c99a71937d0](http://www.katolsk.dk/579/?tx_ttnews[tt_news]=9446&cHash=1d2b7d1e2bd022dc42391c99a71937d0)
- Rivera, Alberto. «Alberto Riveras avsløringer om jesuitt-ordenen og den virkelige historien». *nyhetsspeilet.no*, 24. oktober 2014. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2014/10/alberto-riveras-avsloringer-om-jesuitt-ordenen-og-den-virkelige-historien/> (Besøkt: 12. mai 2014)
- «Rocco A. Facchini, 74». *Chicago Tribune*, 8. juni 2004. Online: http://articles.chicagotribune.com/2004-06-08/news/0406080223_1_catholic-priest-parish-wirtz (Besøkt 3. mai 2015).
- Simonsen, Kjetil Braut. «Relativisert antisemittisme», *vepsen.org*, 13. januar 2012. Online: <http://www.vepsen.no/2012/01/relativisert-antisemittisme/>
- Simonsen, Kjetil Braut. «En antisemittisk multiplikator». *Morgenbladet*, 20. januar 2012, s. 21.
- Steinsvik, Marta. «Jøder og jesuiter – I», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 16. juli 1925, s. 3.
- Steinsvik, Marta. «Jøder og jesuiter – II», *Aftenposten* (morgonutgåva), 17. juli 1925, s. 6.
- Steinsvik, Marta. «Jøder og jesuitter – III», *Aftenposten* (kveldsutgåva), 17. juli 1925, s. 3.
- «Strike at Catholic Church», *New York Times*, 26. mai 1914.

- Struksnes, Abel. «Bibelens profetier og tiden vi lever i». *nyhetsspeilet.no*, 22. august 2012. Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/2012/08/bibelens-profetier-og-tiden-vi-lever-i/comment-page-2/> (Besøkt: 7. mai 2015).
- Thomsen, Jørgen. «Lars Eskeland og folkehøiskolen». *Aftenposten* (kveldsutgåva), 9. september 1926, s. 3.
- Time, Jon Kåre. «På kanten: Marta Steinsvik-debatten». *Morgenbladet* (nettutgåva), 23. februar 2012.
Online:
http://morgenbladet.no/debatt/2012/pa_kanten_marta_steinsvikdebatten#.VSWRFPDaxJB
- «Vårt grunnsyn», *nyhetsspeilet*, februar 2012.
Online: <http://www.nyhetsspeilet.no/paradigmer/> (Besøkt: 25. april 2015).

Andre kjelder

- Anti-Catholic Printed Material Collection (ANT), University of Notre Dame, Indiana.
- Byhistorisk samling, Oslo bymuseum
- *Samfunnsliv*, nr. 2. 2010.
- Stortingsforhandlingene i 1956.